

# Årsmelding 2009



Over 100 utsendingar og gjestar frå heile fylket deltok på fylkesårsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag i Molde 13. og 14. mars 2009. I dei fremste rekkene ser vi frå høgre: nestleiar i Norges Bondelag, Eli Reistad, landbruksdirektør Anne Berit Løset, stortingsrepr. Leif Helge Kongshaug (V), stortingskandidat Rigmor Andersen Eide (KrF), fylkesleiar i Bondelaget, Arne Magnus Aasen, statssekretær i Landbruks- og matdepartementet, Ola T. Heggem (Sp). (Foto: Arild Erlien).



**MØRE OG ROMSDAL  
BONDELAG**





Landbruket i Møre og Romsdal  
står for ein tidel av grovfôrbasert  
husdyrhald i landet og gir  
Mat og Miljø frå levande Bygder – og  
Arbeid til kvar tiande sysselsette

## ÅRSMELDING

MØRE OG ROMSDAL  
BONDELAG

2009

Møre og Romsdal Bondelag

Postadr:

Boks 2047, 6402 Molde

Besøksadr:

Fannestrandv 63 (Felleskjøpet)

Telefon: 71 20 28 90

Mob/SMS: 907 29 582

Dir. tlf.-nr. ansatte

Gunnar Wentzel 71202897

Arild Erlien 71202895

Atle Frantzen 71202894

Anne Turid Myrbostad 71202890

Bankgiro: 3980 07 11308

Org nr: NO 939 678 670

E-post:

more.romsdal@bondelaget.no

Heimeside på internett:

www.bondelaget.no/moreogromsdal

## INNHALD:

Nytt ti-år vil ha fokus på: Mat - Miljø – Arbeid.....	3
Fylkesleiar Arne Magnus Aasen sine refleksjonar gjennom året.....	4
1. Årsmøtet 2009 og oversyn over tillitsvalde og arbeidsorgan .....	5
2. Arbeidet og saker i fylkesstyret .....	8
3. Nærings- og faglegpolitiske uttaler, pressemeldingar og innlegg:	
1. Uttale framfor jordbruksforhandlingane 2009 (mars).....	11
2. Uttale til prinsippprogram for Norges Bondelag 2009-2013.....	15
3. Uttaler frå årsmøtet i M&R Bondelag 13. og 14. mars 2009.....	17
4. Brev til Norges Bondelag om tiltakspakke for mjølkeøkonomien (feb) .....	17
5. Forvaltingsplan for rovvilt - region 6. Høyringsssvar (feb).....	17
6. Oppmoding frå Vestlandsbøndene til styret i Norges Bondelag (juni).....	19
7. Brev til stortingskandidatane - Landbruket på dagsorden (juni).....	19
8. Ti krav for å vidareutvikle landbruksnæringa i Møre og Romsdal.....	20
9. Brev til landbruksavdelinga om revisjon RMP – Innføring skiftetillegg (feb).....	21
10. Brev til landbruksavdelinga om Regionalt Miljøprogram 2009 – 2012 (juni).....	21
11. Brev til bankane: Historisk rentemargin - lokal lojalitet oppbrukt (juli).....	21
12. Uttale til Energi- og klimaplan for Møre og Romsdal (oktober).....	21
13. Uttale til stortingsmelding nr 39 om klimautfordringane og landbruket (nov) .....	22
14. Kornsiloen og foredlingsindustrien i Møre og Romsdal.....	22
15. Pressemeldingar og lesarinnlegg	
Bankpakke II må gå til Innovasjon Norge (feb) .....	24
Møre og Romsdal med sterkest støtte til norsk matproduksjon (april).....	24
Mjølkebøndene på Vestlandet må sikrast betre økonomi (april) .....	24
Bøndene på bristepunktet: Siste sjanse for regjeringa (mai) .....	24
Statens tilbod til bøndene: Ingen satsing på mjølk og Vestlandet (mai).....	25
Kva no Vestlandet (juli) .....	25
Bygdefolk sin stemme må bli høyrte - din stemme kan få stor vekt (sept).....	26
Bondelaget har ambisjonar (november) .....	26
Statssekretæren og Bondelaget om Vest-Norge (november).....	26
4. Organisasjonsarbeid	
1. Lokallag og medlemstal .....	27
2. Organisasjonssaker .....	28
3. Organisasjonsarbeid før jordbruksforhandlingane.....	34
4. Informasjons- og utadretta aktivitetar.....	35
5. Utvalsarbeid og prosjekt .....	39
6. Andre saker og representasjon .....	41
5. Oversyn over samarbeidande rekneskapskontor .....	47
6. Rekneskap 2009 og budsjett 2010 .....	48
7. Lokale Bondelag med leiar .....	50
8. Fylkeskontoret.....	51



Deltakarar frå Møre og Romsdal på  
Norges Bondelags årsmøte 2009 i  
Bodø:

Foran frå venstre: Arne Magnus Aasen, Tingvoll, Gunnbjørg Trondsen, Fræna, Birgit Oline Kjerstad, Haram, Anne Katrine Jensen, Gjemnes og statssekretær Ola T. Heggem, Rindal.

Bak frå venstre: Hans Frafjord, Vestnes, Inge Martin Karlsvik, Eide, Gunnar Wentzel, Molde og årsmøteordstyrar Odd Chr Stenerud, Giske.



# Nytt ti-år vil ha fokus på: Mat - Miljø – Arbeid

**Det nye tiåret vil bli prega av kampen for trygg mat og reint vatn, miljøvenleg produksjon og forbruk, produktivt verdiskapande arbeid, og utdanning og kunnskap.**

**- Kva skal vi leve av framover:** Statsminister Jens Stoltenberg sin nyårstale ga god folkeopplysning. Han starta med å peike på at kornlagra i verda er rekordlåge. Han inviterte til rådslag om korleis vi skal kunne leve av arbeid her i landet. Statsministeren tok endeleg eit oppgjær med framstillinga til mange i media og politikarar at Norge er så rikt at vi kan leve lukkeleg til våre dagars ende utan å arbeide.

Mange venta at statsministeren hadde halde fram forteljinga om dei 7 feite åra og Josef sine kornlager i Egypt frå bibelhistoria med bekymring for Norge og verda sin matvaresituasjon. – Kanskje forteljinga hans held fram neste år. For dette er landbruksministeren sitt bodskap i klimaforhandlingane: Klimaendringar kan ytterlegare forverre matvareproduksjonen i mange land.

Kvar femte svelt og lever i ekstrem fattigdom. Også i Norge vil folketalet om eit par år passere 5 millionar. Det vil bli meir kamp om mat og om areal. Første leddet i ordet krig på hebraisk betyr brød -. Jorda vil merke vekta av 6,9 milliardar menneske... **Mjølkeprisen** på verdsbasis har auka med 82% siste året. Kjøtprisen er stabil.

**Pengane må vi tene av vårt felles arbeid kvar dag,** presiserte statsministeren. Av verdiskapande arbeid – slik bøndene gjer. - ”**Inga ordre-tørke for bøndene**”, sa Arbeidarpartiet sin nye lovande stortingsrepresentant med bakgrunn i arbeidslivet, Else-May Botten, på Leiarmøtet i fylkesbondelaget. Så sant. Men finanskrisa er ikkje over. Det merkast på etterspurnaden etter mat, storfekjøtt som er dyrare enn kvitt kjøtt, og spesialprodukt.

**Rekruttering.** For å kunne sjå framover, kan vi sjå bakover og rekne med at endringane vil vere minst like raske. Siste tiåret har det skjedd ei enorm effektivitetsutvikling i landbruket. Talet på mjølkeprodusentar er halvert. Einskildbønder held halve bygda i hevd. Purkering er etablert. Nokre nye hønsehus er bygd. Gardsmatproduksjon er starta og skal no skape ein marknad i dagens priskamp.

Ei stor utfordring i vårt fylke er å halde på resten av viktig infrastruktur for næringa som kraftførfabrikken på Vestnes. Daglegvarekjeda Bunnpris med kjøpmann Erik Berg frå Molde i spissen tek over kjøttforedlingsfabrikken til Spis i Vestnes og sikrar med det eit steg ned i kjeda. Samstundes er det positivt at han som fleire lokale eigarar har tru på mat og går med eigne midlar inn i lokal verdiskaping i staden for å sette pengane i børser eller bank.

**Framtidsretta.** Norsk landbruksrådgiving har danna Landbruk Nordvest som gjerne bør samle heile fylket til eit slagkraftig og framtidsretta rettleiings- og skuleringsorgan. Faglege utfordringar for næringa blir å få ned kostnadene og betre lønsemda. Det vil krevje fullt fokus på godt grovfôr og utnytting av husdyrgjødsla.

**På Mørebenken** på Stortinget har berre Harald Tom Nesvik (FrP-Næringskomiteen) hatt fast plass tidlegare, resten er nye med meir eller mindre fartstid, men dei fleste har kunnskap om næringsliv.



Fylkesstyret møtte Landbruks- og matdepartementet om Vestlandslandbruket 16. nov.. Frå v: org.-sjef Gunnar Wentzel, Per Kristian Gjerde, statssekretær Ola T. Heggem, fylkesleiar Arne Magnus Aasen, fylkesleiar i Bygdekvinnelaget, Solveig Linge Stakkestad, Hans Frafjord, Anne Katrine Jensen og nestleiar Inge Martin Karlsvik. (Foto: Arild Erlien).

**Den raudgrøne regjeringa** har levert ein heil del og fått forlenga livet. Samarbeidet vil slite inn i ei ny periode om den ikkje leverer på sentrale framtidsretta område. Ei satsing bør vere rammevilkåra for stadbunden næringsutvikling. Det må snart vere muleg for ei regjering å få til den varsla forenklinga av vilkåra for næringsetablering. Mange unge har prøvd bedrift i skulen. Unge bønder som presenterer kva dei held på med viser imponerende satsingsvilje. Bondelaget legg stadig fram ei like lang liste over aktuelle tiltak som vil gjere det lettare for desse.

**Møre og Romsdal fylke** fekk ikkje halde fram med sitt gode forsøk på Einskapsfylke samordna med fylkesmannen. Fylket får også nokre fleire politiske landbruksoppgåver. Prioritert i år er rekruttering, likestilling og kompetanse og der Bondelaget vil melde ønskje om å bidra. Alt dette opnar for nye politiske kontaktar.

**Den nye fylkesmannen** Lodve Solholm bør sjå det som ei utfordring å styre Miljøvernavdelinga i samsvar med politiske signal og ålmen rettsoppfatting i forhold til saker som næring inn mot verna område og småkraftverk. Han varslar ei liberal utøving av sitt rom for skjøn. Fylkeslandbruksstyret blir erstatta av reint administrative vedtak. Det fordrar auka fokus på jordvern.

**Internasjonalt.** Dei dels menneskeskapte miljøproblema vil gi meir fokus på landbruket sitt bidrag ved god agronomisk drift og skogskjøtsel. Fleire nasjonar som våre frendar på Island og økonomi-lokomotivet USA er nedsylta i gjeld.

**Kva oppsummerar det tiåret som gjekk:** Nasjonalt at velstanden veks, mat og andre varer fløymer inn over landet i auka mengder med dagens EØS-avtale og det før ein framtidig WTO-avtale er i sikte. Det blir færre bønder som driv større gardar over heile verda.

**Utfordringar i M&R Bondelag:** Fylkeslaget samarbeider nært med dei andre Vestlandsfylka om rammevilkåra i vår landsdel. Fylkeslaget har ved årsskiftet auka medlemstallet med 1 netto. Det er kome til heile 171 nye medlemmer, men med dagens rekrutteringstakt skjer endringane fort. Lokale Bondelag arbeider godt med faglege saker. Informasjonsarbeidet utad og rekruttering vil ha stort fokus framover.

## Fylkesleiar Arne Magnus Aasen sine refleksjonar gjennom året:



Fylkesleiar Arne Magnus Aasen (t.v.) i samtale med Bondelagets nye generalsekretær, Per Skorge, styremedlem i Nortura, Kari Redse Håskjold, Volda og tidlegare stortingsrepr. og statssekr. i Landbruksdepartementet, Leif Helge Kongshaug (V), Averøy. (Foto: Arild Erlie).

### 2. juni: Nytt modus.....

Bondelaget må over i eit anna modus. Kan ikkje halde på slik vi har gjort dei siste åra. T.d. krav som er dobbelt så stort som resultatet som vi godtek som godt nok. Må nytte dei høve vi har til å vere kreative, aktive og tydelege. Hadde god drahjelp i fjor av matvarekrise og Averøy-aksjonen. Det er alle tillitsvalde og heile organisasjonen som er ansvarleg.

Vi må jobbe meir målretta. Må gjere grep på jordbruksavtala. Vi slit med egne medlemmer og slit med politikarane. Kva er det realistisk å oppnå i forhandlingane? I alle fall leverer ikkje politikarane når dei skal og i forhold til lovnadene.

Er vi i Møre og Romsdal for svake i forhold til politikarane, vere tøffare og få dei til å forstå at dei må leve?! Manglar 5-6 mrd kr i forhold til det som er naudsynt for næringa. Nokre bønder investerer, men er i ferd med å jobbe seg i hel.

Vestlandet eit spesielt problem med tungdrivne areal og store avstandar. Ønskje om å vere tydeleg på tiltak, som distriktstillegg målretta mot Vestlandet. Det er ikkje denne jordbruksavtala som vil oppretthalde landbruket på Vestlandet. Alle i ein organisasjon har ansvar for kulturen.

### 12. oktober: Kamp for kvar ei krone...

Ny raudgrøn regjering – kan rekne med å kjempe for kvar einaste krone framleis. Nytt Storting. Ny generalsekretær i eit år med ny leiar. Framleis behov for Vest-Norge til å påverke rammevilkåra. Denne hausten igjen vist at vi er ei næring under open himmel.

### 2. desember: Oppgåveløysing, ikkje institusjonsbygging...

Landbruksorganisasjonane må drive oppgåveløysing framfor institusjonsbygging. Berre politiske reguleringar kan bryte ned makta med konsentrasjonen i daglegvarehandelen. EU køyrer same prosess som LMD mot kjedemakt og konstaterer at aukande konsentrasjon går ut over bøndene. Finanskrisa er neppe over. Nortura betra situasjonen, men no marknadsdekking storfe.

Kommentarar i styret: I slike situasjonar er vegen å byggje tillit mellom partar som bør samarbeide. Viktig at begge Felleskjøpa føler presset på å finne framtidretta samarbeidsløysingar for fylket. Hadde vore ønskeleg å ha bygd kapitalfond til bruk på framtidige tiltak i regionen ved omstrukturering. M&R har vorte eit enkelt fylke å gjere strukturendringar i.



Frå årsmøtet 13. og 14. mars 2009. Frå v.: Stortingsrepr. Bjørn Jakobsen (SV), fylkesleiar i Bondelaget, Arne Magnus Aasen, stortingsrepr. Leif Helge Kongshaug (V), stortingskandidat Rigmor Andersen Eide (KrF), statssekretær i Landbruksdepartementet, Ola T. Heggem (Sp), og bønder som innleia på årsmøtet: Kari Raanes, Averøy og Erik Olufsen, Aure.



# 1. Årsmøtet og oversyn over tillitsvalde og arbeidsorgan

## Fylkesstyret 2009:

**Frå høgre: fylkesleiar Arne Magnus Aasen, Tingvoll, nestleiar Inge Martin Karlsvik, Eide, Anne Katrine Jensen, Gjemnes, Birgit Oline Kjerstad, Haram, Per Kristian Gjerde, Stranda og 1.vara Hans Frafjord, Vestnes**  
(Foto: Arild Erlien).



## 1.1 Årsmøtet 2009

halde fredag 13. - laurdag 14. mars, Alexandra Hotell Molde

I framkant av årsmøtet vart det fredag 13. mars halde ei næringspolitisk konferanse med 99 deltakarar om matproduksjonen i Norge og Møre og Romsdal med hovudtema - **Skal vi lage maten vår sjølv eller stole på andre land?** Deltakarar var frå lokale Bondelag, politikarar, kommunar ved politisk leiing og personar med ansvar for landbruk og næring, bankar, M&R fylke, Innovasjon Norge. Konferansen viste at det er nyttig å kome saman til felles utveksling av informasjon, idear og gje inspirasjon (sjå omtale kap. 4.2 – side 33)

På årsmøtet møtte i alt 52 personar med røyserverett, av desse 44 utsendingar frå 36 lokallag, ordførar, 5 i fylkesstyret og 2 frå M&R Bygdekvinnelag.

Totalt deltok det 103 personar ein eller to dagar på konferansen og/eller årsmøtet. 99 av desse deltok på temakonferansen fredag kl. 10.30-16.00.

Elles møtte som inviterte gjestar utan røyserverett æresmedlemene Guttorm Kjelsvik og Gunnar Waagen, varaordstyrar Knut Sjømøling, første vara Hans Frafjord, rovdyrtilsman Oddvar Tynes, 5 frå valnemnda som ikkje var utsending til årsmøtet og 4 frå fylkeskontoret.

Inviterte gjestar og innleiarar på temakonferansen og årsmøtet var: nestleiar i Norges Bondelag, Eli Reistad, rådgjevar i Norges Bondelag, Christian Anton Smedshaug, landbruksdirektør i Møre og Romsdal, Anne Berit Løset, statssekretær i Landbruks- og Matdepartementet, Ola T. Heggem (Sp), stortingsrepresentantane Leif Helge Kongshaug (V) og Bjørn Jakobsen (SV), stortingskandidatane Rigmor Andersen Eide (KrF) og Torgeir Dahl (H), leiar i fylkeslandbruksstyret, Arne Hoem, fylkesleiar i Senterpartiet, Ann Kristin Sørvik, prosjektleiar for Småkraftprosjektet på Vestlandet, Terje Engvik, fylkesleiar i M&R Fiskarlag, Lars Hopmark, Eli Brunstad Høydal frå Innovasjon Noreg, Tor Egil Lie frå Gjensidige sentralt, Knut Bertil Øygard og Lena Myren frå Gjensidige Nordmøre og Romsdal, Paul Sindre Vedeld (kontaktutvalsleiar i Nortura), Borghild Reenskaug (TINE Meieriet Vest), Anne Turid Myrbostad (Tine Midt-Norge), Heine Bakke (Tine Midt-Norge), Bent K. Moen (Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal), Lars Erik Hubred (leiar i M&R Norsvin), Turid Strøm (Bioforsk Økologisk), Erik Blindheim (TYR M&R), Ivar Bakken, Gerd Gunnerød og Turid Øverås frå Landbruk Nordvest.

I tillegg deltok det 14 deltakarar på temakonferansen fredag, som var frå landbruksavdelinga i M&R fylke, 1 sparebank, 1 ordførar og jordbrukssjefar i kommunane.

Fylkesleiar Arne Magnus Aasen si årsmøtetale vart halde ved opning og konstituering av årsmøtet. Deretter var det årsmøteforedrag ved nestleiar i Norges Bondelag, Eli Reistad, om aktuelle faglege- og organisasjonsmessige utfordringar og mulegheiter for Bondelaget.

Prinsippprogram Norges Bondelag 2009-2013 og kravliste til politikarane i fylket frå Bondelaget vart presentert fredag ettermiddag av nestleiar Inge Martin Karlsvik og styremedlem Per Kristian Gjerde, før desse to tema vart drøfta i grupper. Svar frå gruppene vart levert dirigentbordet.

Fylkesleiar si tale, årsmøteforedrag ved nestleiar i Norges Bondelag og presentasjon og gruppearbeid på utkast til prinsippprogram danna grunnlag for generaldebatten laurdag. Fleire av gjestane tok aktivt del i debatten, og mange ulike næringspolitiske og faglege saker vart teke opp med stort engasjement.

Årsmøtet vedtok å sende ut ei uttale (sjå kap. 3.3 – side 17): **Skal vi lage maten vår sjølv eller overlate ansvaret til andre land.**

Årsmøtet godkjente årsmelding 2008, rekneskap 2008, arbeids- og tiltaksplan 2009-2010 og budsjett for 2009.



**Anders Øverbø, leiar Rauma Bondelag (på talarstolen), org.-sjef Gunnar Wentzel, nestleiar Inge Martin Karlsvik, årsmøteordstyrar John Helde og fylkesleiar Arne Magnus Aasen. (Foto: Arild Erlien).**



**Heider for aktiv medlemsverving 2008/2009:**  
Frå venstre: Anders Øverbø (Rauma BL), Kari Raanes (Averøy BL), Tore Simonset (Rindal BL), Erik Olufsen (Aure BL), Søren Johan Øveraas (Vestnes BL), Odd Ingvar Torvik (Gjemnes BL) og Ole Magne Bjørnhjell (Sunndal BL). (Foto: Arild Erlien).



**Kari Raanes, Olav Gustad og Ivar Aae frå Averøy Bondelag saman med fylkesleiar Arne Magnus Aasen, som overrekte vandrepremien, trekofferten.**  
(Foto: Arild Erlien).

### Heider for aktiv medlemsverving 2008/2009

Årsmøtet premierte lokallag som har verva minst 5 nye medlemmer frå årsmøtet 2008 til årsmøtet 2009. Fylkesleiar Arne Magnus Aasen overrekte premie til: Vestnes Bondelag (12 nye), Gjemnes Bondelag (10 nye), Rauma Bondelag (9 nye), Aure Bondelag (8 nye), Averøy Bondelag (6 nye), Sunndal Bondelag (6 nye) og Rindal Bondelag (5 nye).

### Averøy Bondelag kåra til Aktivt Lokallag

Averøy Bondelag vart utnemnt til «Aktivt Lokallag» for 2008. Fylkestyret går kvart år gjennom søknader om aktivt lokallagsmidlar og medlems- og vervelister, og utnemner eit lokallag som har halde ein jamn, stor og god aktivitet gjennom heile året. Leiar Ivar Aae og styremedlemmene Kari Raanes og Olav Gustad mottok vandrepremien, ein trekoffert, på vegne av laget.

Laget har siste året halde mange møter, utadretta aktivitetar og initiativ til tiltak i bygda. Svært mange av aktivitetane laget har skipa til har fått god og stor medieomtale i lokalavisene. Laget har sendt uttale foran jordbruksforhandlingane, delteke på dei arrangement fylkeslaget skipar til, og delt ut Bondelagets aksjonsaviser før jordbruksforhandlingane.

Laget har sponsa skolelunsj og halde skoletime om landbruket, mat og matproduksjon for skoleelevar. Det er halde medlemsmøte og fokus på Landbrukets HMS-teneste, laget er med i landbruksråd, arbeidsgruppe for fiskarbondens arv og arbeidsgruppe for landbruksplan.

Vidare har laget hatt møte med fylkestingsrepresentant om situasjonen i landbruket, det er gjennomført innsamling av rundballeplast og skrapjern, arrangert tur for medlemmene.

På medlemsmøte i laget vart den økonomiske situasjon i landbruket drøfta, og vart den første spire til ein landsomfattande aksjon. Dei aktive bøndene bak grasrotaksjonen, fleste av dei bondelagsmedlemmer, var med på mange planleggingsmøter, danna aksjonskomite og hadde møte med m.a. leiaren i Bondelaget.

Timeglassymbol vart utarbeida med teksta "Tida renn ut for landbruket", og plakatar festa på over 100 driftsbygningar i kommunen som sto tomme for produksjonsdyr. Aksjonen vart lansert med pressekonferanse med eit meget stort pressekorps tilstade. Aksjonen fekk i mange månader stor merksemd over heile landet, både frå media og mange andre bønder. Aksjonen vart følgd opp av meir enn halvparten av lokale Bondelag i fylket, og mange lokallag i andre fylker.

Averøy-aksjonen makta å vise situasjonen, krav og forventningar med påstanden om at det ikkje er verst for bøndene som kan få seg anna arbeid. Det kan bli vanskelegare å skaffe nye matprodusentar.

## 1.2 Styret

Arne Magnus Aasen, Tingvoll – leiar frå 04  
Inge Martin Karlsvik, Eide – nestleiar frå 08, v 05  
Anne Katrine Jensen, Gjemnes – v 06 (vara frå 05)  
Birgit Oline Kjerstad, Haram – v 07 (vara frå 06)  
Per Kristian Gjerde, Stranda – v 08 (vara frå 07)  
Solveig Linge Stakkestad, Norddal – leiar Bygdekvinnelaget  
Kari Haugen, Surnadal – leiar Bygdeungdomslaget (ikkje møtt)

### Vararepresentantar til styret:

- 1) Hans Frafjord, Vestnes – v 07 (3. vara frå 05)– møter fast
- 2) Audun Skjervøy, Norddal – v 09
- 3) Gunnar Børset, Sunndal – v 09

## 1.3 Ordstyrar i årsmøtet:

Ordstyrar: John Helde, Nesset – v 05 (vara frå 02)  
Varaordstyrar: Knut Sjømæling, Gjemnes – v 06

## 1.4. Utsendingar årsmøtet i Norges Bondelag 2009:

1. Anne Katrine Jensen, Gjemnes	(2008/2009)	<b>Møtt</b>
2. Per Kristian Gjerde, Stranda	(2008/2009)	
3. Inge Martin Karlsvik, Eide	(2009/2010)	<b>Møtt</b>
4. Birgit Oline Kjerstad, Haram	(2009/2010)	<b>Møtt</b>
5. Hans Frafjord, Vestnes	(2009)	<b>Møtt</b>
6. Audun Skjervøy, Norddal	(2009)	

### Varautsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag for 1 år:

1. Gunnar Børset, Sunndal	
2. Gunnbjørg Tronsen, Fræna	<b>Møtt</b>
3. Karl Arne Austnes, Giske	
4. Petter Melchior, Norddal	
5. Olaug Kvendset, Surnadal	
6. Org.-sjef Gunnar Wentzel	<b>Møtt</b>

## 1.5. Revisorar

Jon B. Nedal, Averøy og Halvard Hals, Fræna. Vara: 1) Ole Marvin Aarstad, Nesset, 2) Lars Håkon Furset, Stranda.





Over 100 utsendingar og gjestar frå heile fylket deltok på fylkesårsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag i Molde 13. og 14. mars 2009. (Foto: Arild Erlie)

- **4 H - årsmøtet:** Anne K Jensen vara Inge M Karlsvik (Arild Erlie)
- **Miljøtalsperson:** Birgit Kjerstad (Gunnar Wentzel)
- **Arealforvaltning og jordvern:** Per Kristian Gjerde
- **Korn og kraftfôr talsperson:** Inge Martin Karlsvik (Gunnar Wentzel)
- **Skogbruk/skogpolitikk talsperson:** Arne Magnus Aasen (Gunnar Wentzel)
- **Energipolitikk:** Birgit Kjerstad
- **Bioenergi:** Anne Katrine Jensen
- **Utmarksnæring Verdifulle Opplevelser:** Arne Magnus Aasen vara. Gunnar Wentzel (Frantzen)
- **Hest :** Hans Frafjord (Gunnar Wentzel)
- **Kanin fagperson :** Anne Katrine Jensen
- **Inn på Tunet:** Birgit Kjerstad (Atle Frantzen)
- **Mjølkeprosjekt Sunnmøre og Vestlandet:** Per Kristian Gjerde (Gunnar Wentzel)
- **Mjølkeprosjekt Nordmøre og Romsdal:** Inge Martin Karlsvik (Gunnar Wentzel)
- **Storféprosjektet på Sunnmøre** (styringsgruppa 01.08.09-31.07.12): Per Kristian Gjerde
- **Prosjektet "Småskala kraftverk – næringsveg i bygdene på Vestlandet":** Jørgen Holte (Gunnar Wentzel)
- **Samarbeidsrådet for landbruket i Midt-Norge:** Arne Magnus Aasen, leiar (Gunnar Wentzel)

## 1.6. Valnemnd

Trond Malmedal, Fræna (leiar)	(2008/2009/2010)
Signe Brenna, Norddal	(2008/2009/2010)
Jorunn Solnørda Myren, Ørskog	(2009/2010/2011)
Ivar Aae, Averøy (nestleiar)	(2010/2011/2012)
Ola Steinsvik, Volda	(2010/2011/2012)

### Varamedlemmer for 1 år:

1) Leif Inge Grebstad, Sykkylven, 2) Jens Kristian Eikrem, Tingvoll, 3) Gunnbjørg Tronsen, Fræna

## 1.7. Utval , talspersonar og sentrale tillitsvalgte 2009

### Utval/arbeidsorgan: representant (i parantes ansv. sekr):

- **Arbeidsutvalet / Mediautvalet:** Leiar, nestleiar, org sjef (Gunnar Wentzel/Arild Erlie)
- **Ordførar i årsmøtet Norges Bondelag:** Odd Chr. Stenerud, valt 2005 (vara 03-05)
- **Representantskapet i Noregs Bondelag:** Leiar vara nestleiar (Gunnar Wentzel)
- **Prosjekt Matmangfold i Landbruk Nordvest:** Arne Magnus Aasen, leiar
- **Landbrukssekskapet i M&R:** Leiar vara n.leiar (Gunnar Wentzel)
- **Grønttalsperson:** Ole Sigbjørn Iversen vara Signe Brenna (Gunnar Wentzel)
- **Medlem Grøntutval Vest:** Signe Brenna/Audun Skjervøy
- **Bygdekvinnelaget:** Birgit Kjerstad, vara Hans Frafjord (Anne Turid Myrbostad)
- **Bygdeungdomslaget:** Anne Katrine Jensen, vara Inge M. Karlsvik (Atle Frantzen)
- **Den Norske Matfestivalen, Ålesund:** styremedlem Jørgen Holte (Arild Erlie)
- **EU - NTEU talsperson:** Hans Frafjord (Gunnar Wentzel)
- **Samarbeidsutval Gjensidige:** Leiar, org sjef (Gunnar Wentzel)
- **Styret Innovasjon Norge:** Anne Katrine Jensen (Gunnar Wentzel)
- **Rovviltutvalet fylket:** Oddvar Tynes, vara: Gunnar Wentzel
- **Økologisk landbruk – talsperson:** Per Kristian Gjerde vara Arne M Aasen (Atle Frantzen)
- **Kulturlandskapsgruppa Landbruksavdelinga:** Inge Martin Karlsvik vara: Arne Magnus Aasen (Arild Erlie)
- **Distriktsrådet HV 11:** Per Devold, Rauma vara: Anne K Jensen (Arild Erlie)

## 1.8 Æresmedlemmer i M&R Bondelag

**Guttorm Kjelsvik**, Vestnes (Utnemnt på årsmøtet 2003)  
**Gunnar Waagen**, Tingvoll (Utnemnt på årsmøtet 2007)



Bondelagets æresmedlemmer, Guttorm Kjelsvik (t.v.) og Gunnar Waagen (t.h.) i samtale med fylkesleiar Arne Magnus Aasen. (Foto: Arild Erlie)

### Samarbeidande organisasjonar og samarbeidsorgan med sekretariat ved Bondelagskontoret:

#### Møre og Romsdal Bygdekvinnelag

Leiar Solveig Linge Stakkestad, Norddal, Sekretær Anne Turid Myrbostad

#### Møre og Romsdal Bygdeungdomslag

Leiar Kari Haugen, Surnadal, Sekretær: Atle Frantzen

### SAMARBEIDANDE ADVOKATKONTOR:

Advokatfirmaet Øverbø Standal & Co ved **Ole Houlder Rødstøl**. Julsundvn. 4, 6412 Molde. Tlf. 71 24 94 00 – telefax 71 24 94 01 – e-post: ole.rodstol@advoforum.no Advokatkontoret har kontordagar på Sunndalsøra og Åndalsnes.

## 2. Arbeidet i styret

### 2.1 Styremøter

I meldingsperioden er det halde 8 styremøter (16. febr, 9. mars, 15.-16. april, 2. juni, 28. august, 12. okt, 16. nov og 2. des), og handsama 62 protokollerte saker. Dei fleste styremøta er halde på Felleskjøpets møterom i Molde.

**16. februar** var fylkesjordsjef Ottar Longva til stade og orienterte revisjon av Regionalt Miljøprogram (RMP) 2009

**9. mars** møtte representantar frå samvirkeorganisasjonane til samråd om uttale foran jordbruksforhandlingane.

Styremøtet **15.og 16. april** vart halde på Skei Hotel i Jølster. Landbruket på Vestlandet, informasjonsaksjonar, prinsippprogram og arbeidsmåten i fylkesbondelaga var felles tema for møtet mellom fylkestyra i dei tre Bondelagsfylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Arne Magnus Aasen innleia på møtet til drøfting om korleis ein skal sikre mjølkeproduksjonen på Vestlandet i framtida.

**2. juni** deltok utsendingane til årsmøtet i Norges Bondelag i Bodø 10.-12. juni på møtet.

**28. august** vart styremøtet halde under Matfestivalen i Ålesund i framkant av EU-konferansen arrangert av Nei til EU i lag med Bondelaget og Fiskarlaget i Møre og Romsdal.

**14. oktober** var prosjektleiar Øyvind Mejdell Jakobsen til stade og orienterte om Grøn forskning i Midt-Norge.

**16. november** var statssekretær Ola T Heggem i Landbruks- og Matdepartementet gjest og deltok i samtaler med styret om aktuelle faglege og politiske saker med vekt på landbruket i Vest-Norge og arbeidet med ny stortingsmelding om landbrukspolitikken.

**2. desember** var det styremøte på Skarstua ved Molde.

### 2.2 Saker i styret

(Uttaler sjå kap. 3. Fleire styresaker også omtala i kap 4)

#### SAK 3/2009: Regionalt Miljøprogram (RMP) revisjon 2009

Styret vil framleis gå inn for eit skiftetillegg pr dekar for mindre teigar. Det kan vere slik at alle teigar under 5 dekar får del i ordninga, men med eit botnfrådrag for dei første 10 dekar. Det vil vere krav om at arealet er slått og/eller beita, vidare dokumentasjon ved at arealet er skravert på kart og evt krav om miljøplan trinn II med meire.

#### SAK 4/2009: Avskrivingsattsar for driftsbygg

Styret seier seg glad for innspel frå Ytre Haram Bondelag om avskrivingsattsane for driftsbygg i landbruket. Styret ser det som god tilleggsstrategi å vise til den nye saldogruppe j) som blir innført frå 2009. Fylkeslaget vil framleis ta opp saka til vi har vunne fram slik også Norges Bondelag skriv.

#### SAK 18/2009 Landbruk på dagsorden – Info-plan

Styret sluttar seg til framlegg til informasjonsplan.

#### SAK 19/2009 Forvaltningsplan rovdyr i Region 6 og Forskrift felling skadevilt

Styret går gjennom utkast til plan og forskrift, og held fast på tidlegare innspel til forvaltningsplanen med nokre tillegg.

#### SAK 20/2009, pkt. 3A: Landbrukshelsa

I samsvar med tidlegare styrevedtak er fylkeslaget ikkje representert i Regiongruppe for Landbrukshelsa. Fylkeslaget vil likevel finne fram til aktuelle personar i ei fylkesregiongruppe for Landbrukshelsa og representere fylkeslaget.

#### SAK 20/2009, pkt. 3C: Oppseiing av medlemskap for fylkeslaget

Styret gjer vedtak om at ein skal seie opp medlemskapet for M&R Bondelag i Distriktet.no og Storfjordens venner.

#### SAK 3.2/2009 Regionalt Miljøprogram (RMP)

Styret drøfter 9 mars skriv frå Landbruksavdelinga om skiftetillegg. Fylkesjordsjefen opplyser at SLF går mot eit skiftetillegg slik skissa var presentert for dei. Fylkesstyret tek skrivet til vitande, men beklagar at det ikkje er vilje til å kome fram til eit skiftetillegg. Styret vil vurdere korleis fylkeslaget kan ta saka opp att.

#### SAK 18.2/2009 Oppfølging ”Landbruk på dagsorden” - Politisk arbeid før forhandlingane

15.-16. april vedtek fylkesstyret ti krav til politikarane frå Møre og Romsdal. Kravlista blir send stortingskandidatane, og etterkvart gjort kjend for aktuelle fylkespolitikarar. Det er også aktuelt å samordne med dei andre Vestlandsfylka til felles krav. Styret kontaktar ein aktuell kjend person kvar på appellen ”Kjærlighet til norsk mat”.

#### SAK 24/2009: Aksjonsplanar

Skisse til aksjonsplan drøfta i styret. Aksjonsplanen blir lagt til grunn for det vidare arbeid med detaljane. Styret kan kome fram til nye tiltak nærare forhandlingane.

#### SAK 26/2009: Arbeidsmåte og ansvarsfordeling i fylkeslaget 2009-2010

Styret opprettheld tidlegare praksis med delegering av ansvar og oppgaver på heile styret. Styret fordeler seg i mellom å vere talsperson for aktuelle saksfelt. Alle styremedlemene bør på førespurnad delta på møter i lokallaga. Styret vil prøve i større grad å samarbeide med lokallag om aktivitetar i fylket. Det er aktuelt å arbeide nærare med at fylkeslaget set opp dato for årsmøte i ein skilde lokallag og med representant for fylkeslaget.

Første vara til styret blir kalla inn. Talspersonar og valnemnda blir kalla inn til ordinært Leiarmøtet og Årsmøtet og elles når det er aktuelt. Ved representasjon til anna enn lokallaga og dei tildelte oppgaver, skal det vere etter avtale med leiar/org sjef. Vidare kan heile styret uttale seg til media om dei saker som er drøfta og det er semje om. Styret er arbeidsorgan for Norges Bondelag og skal fremme våre felles synspunkt. Fordelingsspørsmål og strategi som ikkje er drøfta ligg til leiar å kommentere.

#### SAK 29/2009: Jordbruksforhandlingane 2009 - oppsummering

På styremøte 2. juni vart jordbruksavtala 2009 drøfta og det som var gjort i fylkeslaget og lokallaga.

#### SAK 30/2009 Saker til årsmøtet i Norges Bondelag

Styret drøfter saker til årsmøtet i Bodø 10.-12. juni. Dei tre Vestlandsfylka vil levere slik skriftleg oppmoding til styret i Norges Bondelag om reell prioritering av Vestlandet.

Dei tre Vestlandsfylka inviterer tillitsvald og administrativ leiing til ”Den klassiske Vestlandsturen”.

Leiaren vil i representantskapet gjere framlegg om uendra kontingent for eitt år i 2010. Fylkeslaget meiner med det å gi signal om å sjå på aktivitetane og kostnadene i eigen organisasjon, som i næringa elles. Fylkeslaget ser at budsjett for fylka og godtgjersler då ikkje vil auke.



### **SAK 3.3/2009 Regionalt Miljøprogram – RMP – Følger for Bratt areal**

Skriv frå Tingvoll landbruksråd vert drøfta 2. juni. Fylkeslaget ber Landbruksavdelinga om å få inn att tilskot til Bratt areal som eiga ordning under RMP sjølv om satsane blir endra frå før.

### **SAK 33/2009, pkt C: Oppfølging ”Landbruk på dagsorden**

Styret meiner fylkeslaget og fleire lokallag har gjennomført ei rekkje gode informasjonstiltak i framkant av stortingsvalet. Det vil også vere viktig å følgje opp dei representantane som faktisk blir vald.

Fylkeslaget vil halde fram arbeidet med punkta i informasjonsplanen som ikkje er ferdig. Vil ta nye politikarar med på ei runde i fylket for å vise landbruksfaglege utfordringar. Kan i tillegg invitere mindre gruppe eller einskildpersonar til samtale med få personar. Bodskap: Betre rammevilkår.

Styret ser det som viktigast å ha dialog med alle parti inkludert FrP og bruke tid på dei. Spesielt fokus på nye stortingsrepresentantar. Grunneigarinteresser kan vere ein viktig sak som avgjer mange grunneigarar sitt partival.

### **SAK 34/2009: Vidareføring av Storféprosjektet på Sunnmøre 01.08.09-31.07.12**

Møre og Romsdal meiner å sjå at Storféprosjektet på Sunnmøre – Vegval med mjølk og kjøtproduksjon, har hatt svært positiv effekt, og tilrår at det blir ført vidare i 3 nye år. Per Kristian Gjerde representerer fylkeslaget i styringsgruppa.

### **SAK 35/2009: Kulturlandskapsprisen**

Fylkesstyret fremmer kandidatar til prisen 2009. Fylkeslaget vil generelt peike på bønder som driv næring, det kan vere nokre som driv heile bygdelag eller fjordsider med mange teigar på ein fin måte, kanskje har beitedyr, og har det fint rundt tun og vegar elles.

### **SAK 36/2009: Tiltak medlemsverving 2009 – 2010**

Styret drøftar tiltak for medlemsverving i M&R Bondelag, og gjer vedtak i 13 punkt for korleis dette kan gjerast.

### **SAK 37/2009: Søknad frå Bioforsk Økologisk Tingvoll for å styrke prosjekt på bærekraftig økologisk mjølkeproduksjon i Møre og Romsdal**

Styret drøfta tilslutning til søknad om forskning på berekraftig økologisk mjølkeproduksjon i fylket i regi av Bioforsk Tingvoll. Styret meiner vår tilslutning til må bli sett i samanheng med aktuelle forskingsprosjekt og prioritering som skjer i regi av prosjektet Grøn forskning under Samarbeidsrådet for landbruksorganisasjonane i Midt-Norge

Det økologiske forskingsarbeidet vil også vere relevant i Trøndelagsfylka, som er mellom dei fylka som har størst tilslutning på økologisk og er samanliknbare med M&R.

Styret etterlyser korleis resultatane skal bli nytta, kven kan bruke dei og til kva – det må ha eit konkret siktemål for å fremme økologisk produksjon. Styret er oppteken av at kreftene blir sett inn på å fremme økologisk produksjon og overføringsverdi i næringa, og oppmoder Bioforsk å bringe prosjektet inn til gruppa med Grøn forskning i Midt-Norge.

### **SAK 38/2009, pkt. 3 A. Regionalt Miljøprogram**

Styret ber lokallaga leggje fram saker der de meiner RMP-midlane har slått feil ut. Fylkeslaget vil følgje opp RMP slik at ein må kunne endre dei kriteriana som er valt i år og dei områder som kommunane har prioritert. Det har kome reaksjonar på endringane for dei med Bratt areal.

### **SAK 41/2009: Høyring prosjekt Kunnskapsløft i småfæneringa i sentral-Norge**

Fylkeslaga i sentral-Norge er invitert til å gje innspel til prosjektplanen. Prosjektet er eigd av NSG og over 3 år. Mål er auka kompetanse på sau og geit, og nytt er meir positiv medieomtale. Styret i M&R Bondelag kan ikkje binde seg til å gå inn for å nytte kr 150.000 av Bygdeutviklingsmidlane i fylket til prosjektet kvart år i tre år, men må vise til aktuelle sentrale finansieringskjelder. Fylkeslaget ser det difor heller ikkje naturleg å gå inn på ein samarbeidserklæring. BU-midlane i fylket er alt bunde opp i fleire prosjekt der Bondelaget er med, som Småkraftprosjektet, Grøn Forsking i Midt-Norge, Landbruksrettleiing og Prosjekt Matmangfald.

### **SAK 42/2009: Uttale til Energi- og klimaplan for Møre og Romsdal**

Styret drøfta uttale med vekt på utkast til landbruk frå fylkesdelplan energi og klima. Styret peikar på at landbruket er ein del av løysinga på klimautfordringane.

### **SAK 43/2009: Foredlingsindustrien i Møre og Romsdal. Skriv frå Vestnes Bondelag**

Vestnes Bondelag er bekymra over den utviklinga ein ser i foredlingsindustrien i Møre og Romsdal. Samvirkebedriftene og landbruksrelatert industri i fylket er i ferd med å bli regionalisert vekk. Vestnes Bondelag ber derfor M&R Bondelag om å ta initiativ til å bevisstgjere bøndene i heile fylket for å hindre at dette skjer.

### **SAK 44/2009: Fjerning av krav om samanslåing av eigedomane for å slå saman mjølkekvote på fleire bruk med same eigar**

Regelverket for kvoteordninga for mjølk krev at for å kunne levere på kvote frå to gardsbruk med same eigar må gardsbruka først bli slått saman til ein juridisk eigedom. Alternativet er å drive samdrift eller leige kvote. Men landbrukseigedom i samdrift må ha forskjellige eigarar, ein kan ikkje drive samdrift med seg sjølv. Styret gjer vedtak om med bakgrunn i store endringar i kvotereglane siste åra om at Norges Bondelag vurderer å gå inn for fjerning av kravet om at eigedom med kvote ikkje kan ha same eigar, men må vere slått saman til ein juridisk eining for å kunne nytte kvotane på gardane.

### **SAK 45/2009: Fylkeslagets bankkonti over til Landkreditt**

Fylkeslaget har lenge hatt Sparebanken Møre som bankforbindelse. Norges Bondelag vil oppmode fylkeslaga om å gå over til Landkreditt i f m samarbeidsavtalen som også gjelder medlemmer. Fylkesstyret gjer prinsippvedtak om å overføre Møre og Romsdal Bondelag sine konti til Landkreditt Bank frå den tid Norges Bondelag gir signal. Kontoforvalting ligg som før til organisasjonssjefen.

### **SAK 46/2009: Oppfølging vilkåra for landbruket på Vestlandet**

Styret oppsummerer den klassiske Vestlandsturen med leinga i Norges Bondelag. Styret vil halde fram det gode samarbeidet med dei andre Vestlandsfylka om næringspolitiske saker, og kome med prioritering av saker.

### **Sak 47/2009: Grøn forskning i Midt-Norge**

Styret drøftar arbeidet i prosjektet Grøn forskning i Midt-Norge, etter orientering i styret av prosjektleiar Øyvind Mejdell Jakobsen. For Bondelaget er det aktuelt å arbeide med behov for forskingsområde som skal bli prioritert, og

drive påverknad for å få gjennomslag for søknader om finansiering. Styret vil seinare drøfte aktuelle forskingsområder for vårt distrikt.

### **SAK 39.2/2009: Årsmøterunden i lokallaga – oppsummering**

Styret merker seg dei saker som er teke opp i årsmøta i lokallaga. Det er engasjement og gode årsmøte i lokallaga med ei triveleg ramme. Det er framleis vanskeleg å få ny leiar i einskilte lag. Styret synest at ordninga med kontaktperson for laga har verka positivt.

Styret vil sjå på råd til lokallaga rundt godtgjersle neste haust.

### **SAK 50/2009: Uttale framfor jordbruksforhandlingane 2010**

Styret drøfter førebuingar til uttale framfor jordbruksforhandlingane 2010, og arbeidsopplegg og oppfølging vilkåra for landbruket på Vestlandet.

Til møtet mellom AU i dei tre fylka 10. desember blir det lagt fram ei felles skisse frå dei tre fylkeslaga på uttale framfor jordbruksforhandlingane 2010.

Fylkeslaget vurderer å sende den endelege skissa frå møtet 10. desember til høyring i lokallaga, som då kan kome med konkrete framlegg til endringar i fylkeslaget sin uttale.

Lokallaga må gjerne kome med eigne breie uttaler som før. Men elles må laga gjerne prioriterer arbeidet med meir utadretta aktivitet og lokale kontaktar.

Det kan vere aktuelt med felles styremøte for dei tre fylka på uttalen. Målsetting at dei tre fylkeslaga har mest muleg like prioriteringar av hovudsakene og "framside".

### **SAK 51/2009: Næringsstrategien for Møre og Romsdal 2009 – Bruk av BU-midlar**

Bondelagets fylkesstyre drøftar næringsstrategien og tilrår fleire punkt for det vidare arbeid.

### **SAK 52/2009: Verneheimel i Jordlova for jordvernområde – Høyring**

Styret drøftar notat frå Norges Bondelag og jordvernstrategi/tiltak frå Møre og Romsdal fylke. Styret påpeikar i vedtak at det er naudsynt med heimel for vern av verdfull dyrka jord ut frå omsynet til framtidig matproduksjon.

### **SAK 53/2009: Klimautfordringane og landbruket – Høyring St meld nr 39**

Fylkesstyret sender innspel til Norges Bondelag.

### **SAK 54/2009: Informasjonsplan for Reinheimen – høyring**

Hovudføremålet med forvaltninga er å ta vare på verneverdiane og leggje til rette for berekraftig bruk. Møre og Romsdal Bondelag meiner det er mange gode og positive tiltak i informasjonsplana. Det er positivt at det blir utført systematisk, korrekt, og ikkje minst samordna informasjon om og i verneområda.

### **SAK 55/2009: Forslag ny Naturskadelov – Høyring**

Styret drøftar høyringsbrev frå Landbruks- og matdepartementet. Styret merker seg forslaget til endringar i erstatning ved naturskade, men vil la Norges Bondelag kome med evt merknader.

### **SAK 56/2009, pkt 3.1: Køyting med breie landbruksmaskinar på offentlig veg.**

Fylkeslaget lar Norges Bondelag uttale seg. Forslag arbeidsgruppe vil oppheve avstandsavgrensing for transport mellom

2,55 m og 3,50 m, men fartsavgrensing. Krav følgjebil ved bredde over 3 m. Rushtidsavgrensing. Tvillinghjul nærare regulert. Skilje landbruksmaskinar brukt i jordbruk og entrepenør.

### **SAK 56/2009, pkt 3.4 Økologisk kjøtproduksjon**

Tillegget halvert ned til 2 kr og berre med kontrakt. Styret konkluderer med at pristillegg vil i stor grad vere opp til Nortura i f.t. marknadssituasjonen.

### **SAK 39.3/2009: Årsmøterunden i lokallaga – meir oppsummering**

Styret merkar seg at dei aller fleste lokallaga no har hatt årsmøte. Det er nokre igjen før jul. Det har vore gode årsmøte. Styret konstaterer at fadderordninga er positivt for heile styret sin kontakt med lokallaga, og med nokre fleire besøk fordelt på fleire i styret. Vil rullere fadderlaga neste år.

### **SAK 40.3/2009: Leiarmøtet og styrekurs 27. og 28. nov - Oppsummering**

Styret er godt nøgd med god deltaking, gode innlegg, og god stemning på Leiarmøtet. Vidare at det er ganske sameint syn på mange faglege og organisasjonsmessige utfordringar.

Fylkeslaget vil for Leiarmøtet neste år vurdere om det igjen er tema og økonomisk grunnlag for å invitere heile styra i lokallaga. Andre alternativ er å invitere som til årsmøtet med ein ekstra for kvart nytt hundre medlem i laga, eller to frå kvart lag, eller eitt ekstra kvinneleg styremedlem som før. Vidare alternativ er regionale møter som tidlegare, samt å invitere nye tillitsvalde i lokallaga til ein kursdag på kontoret i Molde raskt etter årsmøterunden.

### **SAK 57/2009: Lokallaga sin arbeidssituasjon**

Norges Bondelag arbeider med vitalisering av lokallaga. Styret drøfter utkast til rapportskjema til Norges Bondelag.

### **SAK 58/2009: Årsmøtetid Norges Bondelag**

Fylkesstyret drøfta eit notat frå Norges Bondelag om årsmøtetid og årshjulet til organisasjonen. Møre og Romsdal Bondelag går sterkt inn for at årsmøtet i Norges Bondelag blir flytta frå onnetida i juni. Styret meiner det ikkje går å halde årsmøtet på ei tid då ein stor del av medlemene er oppteken med å hauste inn grunnlaget for komande år.

### **SAK 60/2009: Tildeling av «Aktivt Lokallagsmidlar» 2009 til lokallaga**

Styret fordeler kr 90.000 i Aktivt Lokallagsmidlar for 2009 i samsvar med tilråding.

### **SAK 61/2009: Kraftlinesaka Ørskog – Fardal – "Monsterlina"**

Fylkeslaget har uttala seg i juni 2006 til NVE sin høyring, og før og etter det til media her med gode oppslag. Vi har drøfta felles info-møte om grunnerv og erstatning med S og Fj. Saka vart teke opp i skriv av Sykkylven Bondelag.

Fylkeslaget viser i sitt vedtak til tidlegare uttaler og store medieoppslag tidleg i prosessen. Det fylkeslaget kan gjere kan vere: Uttale seg til saka og samarbeide med andre grupper med same syn. Informere om grunneigarane sine rettar i møte og skriv. Arbeide med erstatningsspørsmålet. Tiltaka kan skje saman med Sogn og Fjordane Bondelag.

### **SAK 62/2009, pkt. 3.1 Fylkesdelplan for vassdrag – forvaltningsplan**

Fylkeslaget har gått gjennom planen og fylkestingets vedtak. Vassdraga Eira og Aura har fylkestinget peika på bør få auka minstevassføring og bli nasjonalt laksevassdrag.



### 3. Nærings- og faglegpolitiske uttaler og pressemeldingar



Frå utvida styremøte 9. mars om uttale framfor jordbruksforhandlingane. Foran frå venstre: Org.-sjef Gunnar K. Wentzel og fylkesstyret: fylkesleiar Arne Magnus Aasen, Tingvoll, Birgit Oline Kjerstad, Haram, Per Kristian Gjerde, Stranda, Inge Martin Karlsvik, Eide og Anne Katrine Jensen, Gjemnes. Bak frå venstre: Ole Sigbjørn Iversen, Smøla (grønttalsperson), Harald E. Hagen, Fræna (Nortura), Signe Brenna (Grøntutvalet Vest), Lars Erik Hubred, Vestnes (Norsvin), Oddveig Gikling-Bjørnå, Sunndal (Felleskjøpet), Erik Blindheim, Giske (TYR), fylkesjordsjef Ottar Longva (M&R fylke), Solveig Linge Stakkestad, Norddal (Bygdevinnelaget) og Jan Ove Tryggestad, Stranda (Tine Meieriet Vest). (Foto: Arild Erlien).

#### 3.1 Uttale framfor jordbruksforhandlingane 2009

##### Økonomien for mjølk og Vest-Norge må bli prioritert Fjord- og fjellbygdene er grunnlaget for norsk landbrukspolitikk

Fylkeslaget drøfta jordbruksavtala i fleire styremøte. Arbeidsutvalet laga i møte 3. mars framlegg på bakgrunn av lokallagsuttalene. Lokallaga fekk på førehand spørsmål framfor jordbruksforhandlingane 2009, som fylkesstyret særleg ønska svar på.

Fylkesstyremedlemmer deltok på mange medlemsmøter i lokallaga i forkant av fylkesstyret si uttale: 26. januar Sunndal Bondelag (Arne Magnus Aasen), 17. februar Skodje Bondelag (Per Kristian Gjerde), 21. februar Giske Bondelag (Per Kristian Gjerde), 23. februar Eidsdal og Norddal Bondelag (Gunnar Wentzel), 24. februar: Fræna Bondelag (Inge Martin Karlsvik), 26. februar Gjemnes Bondelag (Arne

Magnus Aasen) og 2. april i Hustad Bondelag, der det var kveldsmøte med politikarar (Gunnar Wentzel).

Det kom inn 41 uttaler/innspel på tilsaman 100 sider. Av desse uttaler frå 30 lokale Bondelag og 11 samarbeidande organisasjonar.

Fylkesstyret handsama uttalen i utvida styremøte 9. mars i lag med tillitsvalde for dei regionale samvirkeorganisasjonane. Møtet gjekk gjennom uttalen punkt for punkt med skrifta på veggen etter ei innleiande generell runde. Dei som møtte frå samarbeidande organisasjonar og deltok under heile handsaminga av uttalen med forslagsrett var: styreleiar i Tine Meieriet Vest, Jan Ove Tryggestad, Stranda, distriktskontakt i Nortura, Harald E Hagen, Fræna, styreleiar i Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal, Oddveig Gikling-Bjørnå, Sunndal, fylkesleiar i Norsvin, Lars Erik Hubred, Vestnes, nestleiar i TYR M&R, Erik Blindheim, Giske, grønttalsperson i M&R Bondelag, Ole Sigbjørn Iversen, Smøla, medlem Grøntutvalet Vestlandet, Signe Brenna, Norddal og fylkesjordsjef Ottar Longva.

Lokallaga har lagt ned eit stort arbeid i studieringar, styremøte og medlemsmøte. Alle uttalene vart kopiert, sendt ut, og gjennomgått til det utvida styremøtet, og vart vidare sendt til Norges Bondelag.

Vi meiner våre forslag vil sikre matforsyninga, arbeidsplassar i distrikta og matindustrien, gi betre miljø og svare på klimautfordringane i åra framover. Inntektsauke til bøndene er svaret på dei fleste utfordringane for næringa og norsk matforsyning. Det er berre meir pengar over statsbudsjettet som kan oppfylle regjeringserklæringa sine mål for utjamning mellom distrikt, sikre variert bruksutvikling og fremme investeringar over heile landet.

Vi forventar at regjeringa i sin næringsstrategi går gjennom kostnadsreducerande tiltak for landbruket og tilleggsnæringer.

Gjennomsnittleg vederlag til arbeid og eigenkapital er i underkant av kr 200.000 i jordbruket, mens gjennomsnittsløna for andre grupper er i overkant av kr 400.000 (2008). Dette må rettast opp. Jfr ambisjonane i Prinsippprogrammet: "Yrkesutøvarane i landbruket må sikrast inntektsmulegheit og sosiale ordningar på line med samfunnet elles."

Kravet må vere så høgt at det både kan gi inntektsutvikling på line med andre og eit løft. Dersom prognosane for kostnadsutviklinga går ned, gir det staten ekstra god mulegheit til å løfte bøndene sine inntekter.

Bøndene har vore ekspansive og satsa i tiltru til at om drifta vart stor nok skulle det bli meir lønsamt. Likevel viser det seg at det økonomiske resultatet blir for svakt til å forsvare utviding av drifta. For å få rekruttering ved generasjonsskifte trengst eit løft. Medlemene er svært skuffa over at regjeringa ikkje hadde investeringsmidlar til jordbruket i bankpakkene eller krisepakke trass i kostnadsauken og stadig nye krav til driftsbygg dei siste åra. Midlar gjennom Innovasjon Norge-Landbruk vil gi straks-effekt på sysselsettinga.

Pristillegga i jordbruksavtala 2008 var positivt. Forventa inntektsvekst i 2008 ser likevel ut til å bli ete opp av kostnadsveksten. Det er eit paradoks at vi ikkje dekkjer etterspurnaden etter kjøt i produksjonar basert på grovfôr og beite. Distriktslandbruket blir tappa for midlar og Finansdepartementet og daglegvarekjedene står att som vinnarar. Overretableringa hos daglegvarekjedene tyder på at der er god økonomi.

- Den store utfordringa for bøndene og styresmaktene i Norge som i andre land er likevel at verdas matforsyning har blitt verre, og underernæringa har auka siste året i følgje FN. Løysinga er ikkje meir frihandel med mat.

## 1 Prioriteringar: Mjølkk Distrikt Investering

### 1.1 Prioritere mjølk – Treng ei tiltakspakke for mjølkeproduksjonen

Møre og Romsdal Bondelag har oppmoda Norges Bondelag om å utarbeide ei tiltakspakke for mjølk framfor forhandlingane. Mjølkeproduksjonen må få løfta inntektene. Trass i auka kvote har inntektene ikkje vokse tilsvarende. Møre og Romsdal med resten av Vest-Norge ligg på topp i sal av mjølkekvote og på botn i økonomisk resultat. Den mest krevjande produksjonen når det gjeld arbeid og kostnader har svakast økonomi av alle. Betre vilkår for mjølk er den raskaste, rimelegaste og mest ressursvenlege måten å auke produksjonen av storfekjøt.

Tiltakspakka for mjølk kan vere:

**Driftstilskotet for mjølk** : Må opp kr 4.900 i resten av Sør-Norge, som ved Oslo-fjorden.

**Produksjonstillegg for ku** : Frå 1-25 mjølkekyr få lik auke med kr 792, og for 26 - 50 kyr frå kr 396 auke til tilsvarende ungdyr kr 787.

**Toll på import av mjølkeprodukt** : Endre frå kronetoll til prosenttoll slik Norges Bondelag har bede om i fleire år.

**Arealtillegg grovfôr** – er berre kr 50 over 200 dekar i alle soner. Det bør differensierast etter distriktssone tilsvarende korn (korn aukar frå kr 107 til 247 for dei første 800 dekar i dei ulike sonene, og er også differensiert over 800 dekar). Lokallaga meiner tillegg til areal og beite best løyser miljøutfordringane.

**Målprisen** – må vurderast opp mot marknaden, men bør auke meir enn kostnadsutviklinga.

**Kvotestøtte og kvoteleige**. Samdrifter må få høve til å leige kvote, slik Norges Bondelag gikk inn for i fjor. Eit likt regelverk for alle type føretak vil bidra til mindre spekulasjon i val av organisasjonsform. Eit likt regelverk vil og gi felles kvotetak på 750.000 liter kumjølkk for alle føretak. I dag kan ein person skipe ei samdrift for å omgå kvotetaket på 400.000 liter for enkeltbruk. Vi meiner eit kvotetak på 750.000 liter er så høgt at det vil skape ro i mange år. Eit evt slikt vedtak kan få konsekvensar for geitemjølkk.

**Storfekjøtt** – Dersom målpris fell bort, kan det vere naudsynt å kompensere omstillingsrisiko med grunntilskot eller anna. Sverige har i dag stor import av storfekjøtt.

**Investeringsmidlar** – spesielt rentestøtta kan dekkje meir av utbyggingskostnadene.

Sjå meir under pkt 1.3.

### 1.2 Prioritere distriktsvirkemiddel og fraktordningar - framfor prisnedskrivning korn

Vi vil prioritere distriktstillegg og fraktordningar, og det framfor prisnedskrivning for korn. Distriktmidlar verkar meir målretta til produksjon og gir meir direkte kompensasjon for meirkostnad som på kraftfôr, frakt og andre distriktssulempe. Lokallaga ser at Vestlandet ligg etter inntektsmessig saman med Agder og meiner landsdelen må bli prioritert. Fleire tek til orde for at Vest-Norge må opp på Nord-Norge sine vilkår når dei samanliknar økonomi og driftsforhold. Fjord- og fjellbygdene i sonene D for mjølkk og 5 for grovfôr gir legitimitet til landbrukspolitikken, men har krevjande arrondering, helling og klima.

**Distriktstilskotet** - bør minst auke med : Mjølkk + 10 øre. Kjøtt av storfe, sau og geit + 30 øre. Gris Vestlandet + 30 øre. Kylling Vestlandet + 10 øre. Egg Vestlandet + 5 øre.

### 1.3 Prioritere investeringsmidlar

Vi vil slutte oss til tidlegare framlegg frå Norges Bondelag om at rentestøtteordninga og eit nytt investeringsfond bør bli finansiert utanom inntektsavtala.

Midt i februar i år var det innkomne søknader til det doble av årets ramme for fylket trass i at det ikkje blir nytta maksimale satsar for at flest muleg skal få deli i midlane.

**Rentestøtteordninga** bør bli forvalta i ein sentral utjamningspott for å få balanse mellom tilskot og rentemidlar. I vårt fylke er rentestøtta brukt opp lenge før tilskota.

Rentestøtteordninga - bør vere basert på siste års rente og ikkje dei tre siste åra. Det ser ut til at renta kan svinge meir enn vi har sett før.

Mange av dei som har bygd nye fjøs og har møtt kostnadsnivået dei siste åra kan ha behov for ekstraordinære tiltak. Det bør bli vurdert å auke satsen for rentestøtte, t.d. frå 50% av statsrenta til 60%, også tilbakeverkande for dei som har bygd nyleg.



Under Landbrukets Utbyggingsfond blir berre 400 mill kr brukt til dei fylkesvise investeringsmidlane av ei ramme over 1 milliard kr.

Regjeringa bør sjå det som eit viktig mottiltak i finanskrisa å få på bordet offentlege midlar til realøkonomiske investeringar som gir verdiskaping og sysselsetting. Landbruket har liggande ferdige planar som kan realiserast raskt berre vi får tilgang til rimeleg nok kapital. Låge panteverdiar i distrikta gjer likevel at distrikts-landbruket får lite tilgang til krise-pakkane regjeringa har kome med, og investeringsverkemidla som er avsett over jordbruksavtalen rekk ikkje langt. Friske pengar i form av økonomiske stimulerings og kostnadsreducerande tiltak er ikkje minst viktige då landbruket i Norge i lag med ein del andre næringar lir under ein oljedrivne løns- og kostnadsvekst. Den oljedrivne kostnadsveksten er svært negativ då den fører både til tap av konkurransekraft, og dårleg lønsemd i næringa til tross for sterk effektivisering. Det føreståande generasjonsskiftet etter dei som satsa på 70-80 talet forsterkar behovet. Om det ikkje vert gjort tiltak no, kan det få alvorlege konsekvensar for norsk landbruksproduksjon, matvaresikkerheit og kulturlandskap.

## 2 Prioritering mellom bruk, distrikt og produksjonar og bruken av budsjettmidlar

**Struktur:** Signala frå lokallag over heile fylket er å foreta ei viss tilpassing av virkemidla etter den faktiske strukturutviklinga.

**Godtgjersla for innsett kapital** er ulik mellom produksjonar og må bli synleg i samanheng med forhandlingane for å vise det reelle kostnadsnivået. Kapitaldekninga går ikkje fram av tabellane for vederlag til arbeid og eigenkapital på dei einskilde referansebruka.

**Utgreie eit skiftetillegg** – Det nye elektroniske kartverket opnar for at det kan vere muleg å vidareutvikle arealtilskota i form av eit skiftetillegg som tek omsyn til bruk som driv mange små skifter. Vi oppmoder om at ein startar utgreiing om korleis ei ordning som tek omsyn til arbeidsomfang ved drift av mange små skifte kan bli utforma.

### **Kostnadsoppbygginga i husdyrproduksjonane - Utvikle nye meir balanserte pris- og kostnadsstrukturar mellom fôrkorn og husdyrprodukt**

Det må skapast dynamiske instrument som balanserer fôr-kostnadene i husdyrhaldet. Prisfall på husdyrprodukta må speglast att i kraftfôrkostnadene. Dagens system kan gi avtalte prisar på korn til kraftfôr samstundes som prisen på husdyrprodukta vekslar med marknadssituasjonen. Dette er aktualisert ved at delar av sikkerheitsnettet kan bli svekka for fleire husdyrprodukt ved evt bortfall av målpris.

Kraftfôrprisane er ei avtalesak. Dagens system gir garantert prisauke på kraftfôr, med minst 36 øre siste året, utan at ein kan ta ut målpris på husdyrprodukt. Ei ordning kan t.d. vere finansiert ved at Omsetningslova tillett å jamne ut forholdet mellom omsetningsavgiftene.

Kornprisane er siste året heva kraftig som følgje av prisauken på handlegsgjødsl. Den same prisauken er også påført ein stor del av grovfôrproduksjonen og dei mange som driv fleire hundre mål på teigar som berre kan bli gjødsla med mineralgjødsl langt frå garden.



**Vel 35 lokale Bondelag sender kvart år inn uttale til jordbruksforhandlingane. Her frå medlemsmøte i Husstad Bondelag 2. april, men lokallagsstyret rundt bordet foran (Foto: Gunnar Wentzel).**

**Heimemaling kan vere fornuftig ressurstilpassing** - Skal ein oppnå samla kostnadsreduksjonar kan det vere at ein bør akseptere ein større grad av heimemalt kraftfôr utan å setje inn tiltak som skal motverke dette. Samla sett reduserer heimemaling behovet for transport(-støtte), prisnedskrivning og gjer ein del av husdyrproduksjonen rimelegare. Konkurransforskyvinga må kompensast med distrikts- og fraktilskot.

**Vurdere om meir av ordningane kan gå til direkte utbetaling** slik at dei gir mest muleg inntektsverknad. Sjølv om mange fellestiltak er heilt avgjerande, som marknadsregulering, fraktordningar, investering, avl, rettleiing og fellesanlegg, er økonomien slik at ein bør prioritere strengt om meir midlar kan gå til direkte utbetaling slik lokallaga ber om.

## 3 Om dei einskilde produksjonane

**Målprisane** – bør minst auke tilsvarende kostnadsveksten, og meir for grønt. Styringsprisen i jordbruksavtala - bestemmelsen om at prisuttak ut over målpris skal gi tilsvarende reduksjon det neste året - bør bli fjerna.

**Marknadsordningane** – Ut frå det vi kan sjå no vil vi tilrå at så få produksjonar som muleg blir teke ut av målpris-systemet. Vi ser det som avgjerande at ei samla næring stiller seg bak endring av marknadsordningane gjennom eit samla representantskapsvedtak i Norges Bondelag.

**Omsetningsavgifta** – må bli halde så låg som muleg.

**Fraktordningar** – Fremme kostnadseffektiv transport som hindrar krysskøyring. Vi vil prioritere fraktordningar og distriktstillegg framfor prisnedskrivning på korn til kraftfôr. Dette sjølv om prisnedskrivningstilskotet også reduserer tollene på importert råvare til kraftfôr slik at alt kraftfôr blir billegare.

**Det generelle beitetilskotet** – må aukast, også for å kompensere bortfall av beitetillegget i Regionalt Miljøprogram.

**Korn og kraftfôr** – Stimulere produksjonar som kan supplere behovet for norsk matkorn og tilsatsvarer i kraftfôret.

## **Frukt, bær og grønnsaker**

Distrikts- og kvalitetstillegget bør bli gitt til dei same maksimale mengder som avtalt i oppgjeret i fjor. Generell auke dk-tilskotet med 6%.

Støtte til produsentorganisering bør omfatte potetpakkeri, grønnsaklager og bærfriseri, i tillegg til fruktlager. Dagens tilskot til fruktlager bør auke frå 8 til 10 mill kr.

Slike fellesanlegg er grunnlaget for vidareføring av produsentmiljøet mange plassar.

Støtte utvikling av friskt plantemateriale.

Forskning og utvikling i grøntsektoren er viktig for næringa.

Vi viser også til uttale frå Grøntutvalet for Vestlandet

**Gris** - produksjonstillegg avlsgris inntil 35 dyr bør opp kr 1.000 til kr 1.915 og slaktegris inntil 1.400 dyr frå kr 28 til kr 53.

**Satellitt i purkering** – få tilskot til husdyr og avløyssar-midlar ut frå faktisk produksjonsomfang som går ut over dyretal ved teljedato.

**Egg** – signal om at det er rom for å auke målprisen, også som kompensasjon for auka kraftfôrkostnader. Flytte målpris-punktet for egg frå burhøns til frittgåande høner. Produksjonstillegg pr høne auke.

**Mjølkeproduksjonen og Kvoteordninga for mjølk** – (sjå også prioriteringar fremst)

**Geitehaldet** – Programmet ”Friskare geiter” må halde fram til det er fullført.

**Storfekjøt og ammeku** - Bør vurdere å auke målprisen ut frå marknadssituasjonen, også som kompensasjon dersom storfe blir teke ut av marknadsordninga.

Pris og dyretilskot meiner lokallaga er det som skal til for å få meir kjøt.

Vurdere om eit tilskot til førstegongskaalvarar kan bli kompensert ved søknadsomgang i august.

**Sau** – Påsettlam bør få produksjonstillegg t.d. for 25% av lam under eitt år.

Lammeslakt over 23 kg må ikkje få redusert grunntilskotet. Reglane for produksjonstillegg må opne for nye samarbeids-løysingar i sauehaldet.

Det er ønskeleg å forbetre teknologien for radiobjøller og få ned stykkprisen på bjøllene.

**Birøkt** – Tiltak som eit produkttilskot el a må sikre produksjon og organisering i næringa.

**Kanin** – gjeninnføre husdyrtillegget.

**Pelsdyr** – Oppretthalde fraktutjamninga for pelsdyrfôr og auke opp att til 25 mill kr. Næringa i fylket med tyngdepunkt på Sunnmøre får føret heilt frå Trondheim.

## **4 Velferdsordningane** – må følge lønsutviklinga

**Avløyssing ved ferie og fritid** – må bli utbetalt to gonger årleg, t.d. som ei refusjon etter dokumentasjon for første halvår med inntil 50% av tilskotet. Alternativt at næringa sjølv tek ansvar for dokumentasjon og utbetaling liksom for sjukdomsavløyssing. Lokallaga vil likevel ikkje prioritere meir midlar til avløyssing framfor direkte inntektshevande tiltak.

Vurdere om avløyssartilskotet for ammekyr er rett samanlikna med andre storfe.

**Avløyssing under sjukdom** – Lokallaga har ulike syn på å prioritere auka dagsats framfor generelle inntektshevande tiltak.

**Tidlegpensjonsordninga** – bli lik minstepensjon og utbetalt kvar månad.

**Trygdeordningane for bøndene** - bør bli gjennomgått samla.

## **5 Næringsutvikling og miljøtiltak**

**Regionalt Miljøprogram og Spesielle Miljøtiltak (SMIL)** vil lokallaga og fylkeslaget ikkje prioritere å auke.

**Beitesamarbeid** – er det viktig blir stimulert.

**Miljøvenleg spreiding av husdyrgjødsel** – forsøksordninga bør gjelde heile landet. Men føresetnaden er friske midlar til eit klimatiltak som ikkje går på kostnad av andre tiltak.

**Tilskot til hydrotekniske tiltak, grøfting og profile-ring** – bør bli innført igjen for heile landet. Det er spesielt viktig både av omsyn til miljø og for å halde vedlike leige-jord.

**Forsøksringar og forskning** - Rammeløyvinga til Landbruksrådgevinga må ta omsyn til kostnadsutviklinga.

**Landbrukshelsen** - vil lokallaga ikkje prioritere, slik at vi må ha auka fokus på HMS i organisasjonsarbeidet elles.

**Klima og miljø, bio- og andre energitiltak** – må bli finansiert utanom inntektsavtala

Dette er langsiktige samfunnstiltak med lita direkte inntektsverknad i året.

Det bør bli arbeid med å utvikle tiltak som kan gjere garden meir sjølvberga med energi. Det kan vere å utvikle rimelege småskala anlegg for bioenergi, solfangarar, el-forsyning frå vatn, vind, gjødselgass, solceller, osb. Det er t.d. lite erfaringsgrunnlag for energisparing i nye driftsbygg.

### **Økologisk landbruk**

Vi tilrår å vurdere ny strategi og nye tiltak for å fremme økologisering og økonomisk berekraftig matproduksjon. Øko-landbruk må i prinsippet vere basert på krinslaupsressursar på den enskilde gard. Det er ikkje berekraftig økologi med lang transport av innsatsfaktorar eller produkt.

Alle tiltak i næringa bør stimulere til økologisering og miljøriktig produksjon. Gjødssel- og miljøplan og kvalitets-systemet er slike tiltak. Krava til husdyrhald må vere likt for alle produksjonar. For å sikre mest muleg overføring av kunnskap til bønder bør hovudansvaret for økologisk landbruk ligge til Norsk Landbruksrådgeving. Gratis førsteråd bør halde fram. Vidare prioritere midlane slik at dei fremmer produksjon og praktisk rettleiing framfor ulike prosjekt.

Tillegg for økologiske produkt må bli finansiert over marknadsprisen og statsbudsjettet, og ikkje gå på kostnad av omsetningsorganisasjonane sin pris elles slik det er no. Bruk av felles ressursar for å fremme økomat på offentlege institusjonar er feil.

## **6 Andre felles oppgåver og tiltak over statsbudsjettet utanom avtalen**

**Omsetningsavgifta** – er vi tilfreds med at Norges Bondelag har fokus på å holde nede.

**Toll på import av mjølkeprodukt:** Endre frå kronetoll til prosent slik Norges Bondelag har bede om i fleire år.

**Råvarekompensasjonsordninga:** Bør løyve dei midlar som trengst.

**Beredskapslager for korn** – bør bli innført igjen.

**Avskrivingsatsen for næringsbygg** frå 4 til 8% er vi tilfreds med at Norges Bondelag stadig tek opp til vi får gjennomslag.



**Plantevernmidde** – det er krav om sertifikat og noteringar så avgifta bør no bli teke bort.

**Avgift på urea til kraftfôr** – bør opphøyre.

**Næringsutviklingspakke:** Regjeringa bør som ein del av sin næringsstrategi for landbruket og tilleggsnæringer gå gjennom alle kostnadsdrivande tiltak, skattar, avgifter og regelverk. Det gjeld også avgiftar på kjøtkontroll, kraftfôr, drivstoff, el-kraft, m.m.

**Skattefri fondsavsetnad for reinvestering i garden** bør bli innført m.a. ved sal av delar av næringsseigedom Jfr også skogfondsystemet.

**Rekruttering og generasjonsskifte** – treng betre tiltak for å stimulere dei som skal inn i næringa. Det må vere lønnsamt å selje gardsbruk i drift framfor å slakte garden. Vi ser behov for tiltak som medverkar til at fleire bruk kjem på sal slik at unge som er interessert kan få kjøpe og drive gard.

*Vi ønskjer våre forhandlarar lukke til !*

**Vedlegg: Uttale frå desse Bondelaga:** Liabygda. Ørsta. Eidsdal og Norddal. Fræna. Giske. Ytre Haram. Hustad. Rindal. Eide. Vestnes. Kvernes. Rovde. Averøy. Fjørtoft og Harøy. Volda og Dalsfjord. Stranda. Hjørundfjord. Sykkylven. Nesset. Aure. Ørskog. Vestre Sunnmøre. Straumsnes. Skjåstaddalen. Skodje. Sunnlyven. Tingvoll. Rindal. Gjemnes. Todalen. Hildre og Vatne, Austefjorden.

**Frå andre organ:** Tine Meieriet Vest. Tine Midt-Norge. Norske Felleskjøp notat. Norsvin. Nortura fagutval egg. Gartnerhallen Region Vest. Grøntutvalet Vest. Sognefrukt BA. Landbrukstenester. Sunnmøre Pelsdyrslag. Møre og Romsdal Birøktarlag. Oikos Midt-Norge.

## Kap. 3.2. Uttale til prinsippprogram for Norges Bondelag 2009-2013

5 eksemplar av høringsutkast til nytt prinsippprogram for 2009-2013 vart sendt lokallaga, og også lagt på Bondelagets nettsider. Programmet var ein revidering av det førre, og tok opp prinsippa og standpunkt på dei områda som er viktigast for medlemene og organisasjonen. Årsmøtet i Bodø 10.-12. juni vedtok nytt prinsippprogram.

Lokale Bondelag i Møre og Romsdal fekk ein uttalefrist til fylkesårsmøtet i Molde 13.-14. Mars. Prinsippprogrammet vart sett opp som eigen sak på årsmøtet, der det var innlegg ved nestleiar Inge Martin Karlsvik og styremedlem Per Kristian Gjerde. Deretter gruppedrøfting, og høve for utsendingane å kome med innspel i plenum. Kun Averøy Bondelag kom med skriftleg innspel i høringsrunden.

Moment og innspel frå Møre og Romsdal vart lagt inn i eit utkast til uttale frå fylkesbondelaga på Vestlandet. Fylkesstyra i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal drøfta dette i eit felles styremøte i Førde den 15. og 16. april, og felles høringsuttale vart sendt Norges Bondelag:

### Uttale frå Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal Bondelag

Det har sidan tidleg i haust vore kjend lokalt at prinsippprogrammet i Norges Bondelag skal reviderast og godkjennast for ein ny periode på årsmøtet i Norges Bondelag til sommeren. I dei tre fylkeslaga har handsaminga av prinsippprogrammet vore noko ulik. Saka har vore gjort merksam på i



**Fylkesstyra i dei tre Bondelagsfylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal på fellesmøtet i april.**

leiarmøtet i haust, i regionsamlingar, og Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal Bondelag har hatt gruppearbeid i fylkesårsmøtet. Utkastet har også vore til høyring i lokallaga. Engasjementet har vore svært lågt. Det kom berre inn ei fråsegn frå eitt lokallag i kvart av dei tre fylka. Det var laga Osterøy, Eid og Averøy som sende inn synspunkt. Sett i ein slik samanheng bør nok organisasjonen stille seg spørsmålet ved om ikkje prinsippprogrammet sin plass og bruk i organisasjonen burde få ein grundigare gjennomgong enn det som er tilfellet ved utkastet som ligg føre. Framlegget som kom på høyring er i stor grad ein kopi av gjeldande program.

Vi støttar i hovudsak høringsutkastet, men vi vil be leiinga sentralt om å vurdere bruken og engasjementet knytt til dokumentet. Det må vere eit tankekors at ei sak som er så viktig for organisasjonen, at ein må utvide årsmøtet med ein dag kvart 4. år, ikkje skapar større engasjement lokalt og på fylkesnivå.

Vi meiner at noko av grunnen til det manglande engasjementet kan vere storleiken på dokumentet. Vi meiner difor organisasjonen fram til neste revisjon av programmet må sjå på måtar å utforme dokumentet på som gjer at det vert brukt.

Dokumentet inneheld i dag ei blanding av lange og generelle formuleringar i kombinasjon med kortare svært konkrete synspunkt. For lesaren verkar ikkje dette heilt ryddig.

Fylkesstyra i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal drøfta innhaldet i prinsippprogrammet i eit felles styremøte den 15. og 16. april. Der vart ein samde om å gå for ei felles fråsegn i saka.

#### **Sterkare prioritering**

Prinsippprogrammet må framheve satsingsområde der vi må ha resultat i komande fireårsperiode. Dette kan gjerast ved å flytte fram kapittelet som omtalar inntekt og skatt samt gjennom å opprette eit nytt punkt som heiter rekruttering.

Utover dette kjem vi i denne fråsegna med konkrete framlegg til endringar av setningar og innhald i programmet som har vore til høyring.

### 1 INNLEIING

S.2, linje 6-7, nytt kulepunkt:

- *Mot utgangen av kvar 4-årige prinsippprogramperiode vil det bli laga ein oversikt over status og resultat for gjennomføring av prinsippprogrammet. Oversikten skal brukast for vurdering av måloppnåing og som grunnlag i arbeidet med prinsippprogram for ny 4-årsperiode.*

### 2 NÆRINGSPOLITIKK

#### 2.2.1 Inntekt side 6:

Line 30 og 31- Stryke dette kulepunktet. Erstatte det med: *Det må leggst til rette for at alle kostnadsreduserande tiltak kjem d einskilde bonde til gode i form av auka inntekt.*

Kostnadsreduserande tiltak må alltid skje innan ramma for eit levedyktig landbruk i heile landet.

Side 6 linje 38 stryke , samt fordelane ved å bo og virke i et lokalsamfunn.

### 2.2.2 Skattar og avgifter

Nytt punkt: Få like vilkår for næringsdrivande og grunnei-garar for skattelegging ved avhending av næringsseigedom.

Nytt punkt: Det må synast måtehald ved utskriving av eigedomsskatt. Det må takast omsyn til at lovverket påverkar omsetjingsverdien til gardsbruk.

### 2.3. Matforsyning og matmarknad

S.7, linje 21, tillegg:

\* å oppretthalde og auke omfanget.....

S.7, linje 42, nytt kulepunkt:

- Mjølke og mjølkeprodukta treng sikker og god avsetning.
- Linje 30 stryke "naturlig"

2.5.1 Grunneigarrettar Side 9 linje 25: Endre formuleringa til noko om at:

\* Odelslova må til ei kvar tid utformast slik at den fremmer ei aktiv landbruksnæring.

Nytt kulepunkt:

Reglane om prisregulering av landbrukseigedom må fremje busetting og drift over heile landet.

2.5.4 Nytt kulepunkt:

\* Det bør vere statsliskot til dyrking og grøfting, som for skogplanting.

Nytt eige underpunkt t.d. til kapittel 2: (Dette fangar opp punkt frå fleire andre kapittel.)

### Rekruttering

Norges Bondelag skal, m.a. saman med samvirkeorganisasjonane, driva aktiv, samordna og målretta omdømmebygging av norsk landbruk. Arbeidet må rettast særleg mot dei unge. Målet må vera å auka rekrutteringa, å sikra produksjon og kvalitet i landbruket, samt at dette skal bidra til god tilgang av nye medlemmar. Auka rekruttering vil auka optimismen. Dette er også eit viktig utgangspunkt når ein skal ta avgjerd om langsiktige investeringar. Rekrutteringsarbeidet må vera langsiktig og vere retta både mot dagens landbruksbefolkning og andre unge. God rekruttering er også med på å sikra samvirkeorganisasjonane god og stabil tilgang på råvarer.

- God rekruttering må først og fremst sikrast gjennom ei betre inntektsutvikling i næringa. Dessutan må det fokuserast på dei positive sidene ved yrket, ~~samt fordelane ved å bu og arbeida i eit lokalsamfunn.~~
- Det må leggjast betre til rette for auka rekruttering av kvinner til landbruket.
- God rekruttering vil styrka landbrukets og bøndenes omdømme i samfunnet.
- Tiltak som motiverer ungdom for utdanning og yrkesval innan landbruk og bygdenæringar må styrkast.
- Norges Bondelag må i større grad marknadsføra og fokusera vidaregåande skular som tilbyr landbruksfaglege studieretningar.
- Arbeidet med rekruttering bør gjelda alle aldersgrupper, men budskap og tema må tilpassast.

### 2.5 Eigendomsrett og ressursforvaltning

**Pkt 2.5.2. side 9 Line 40:** Ny formulering: .. å fjerne flaskehalsar og leggje til rette for lønsam produksjon og bruk av fornybar energi."

line 43-44: Ny formulering: Norsk landbruk skal delta aktivt i arbeidet med reduksjon av klimautslepp, men samstundes oppretthalde og om mogleg auke den totale matproduksjonen i landet.

**Side 10 Line 1:** Fornybar energi vert erstatta med bioenergi (ut frå resten av teksten går det fram at det er det som er meint i denne setninga)

Ny line 2: Småkraftnæringa må stimulerast ved tiltak for å styrkje nettkapasiteten, auke tempoet i konsesjonshandsaminga og mjuke opp reglane for produksjon av fornybar energi i og ved verna vassdrag.

**Pkt 2.5.3. side 10**

Line 24: Tillegg: Landbruket må sikrast eigar- og bruksrett til dei genetiske ressursane.

Line 25: Fjerne ord nr tre: av, skrivefeil

Line 28: Skrivast om til følgjande:

Kunnskapen om landbruket sin betydning for det biologiske mangfaldet må betrast

**Pkt 2.5.5. side 11 Line 26:** Fleire trykkfeil setninga må skrivast om

Styresmaktene må sikre seg korrekte bestandsmål! Tal rov-vilt må ikkje under nokon omstende overstige bestandsmålet.

## 3 KOMMUNIKASJON OG OMDØMME

S.14, linje 13:

Ordet "arbeids glede" kan erstatta eitt av dei 4 omgrepa (haldningane) som er nemnde i teksten. Dette ordet er enk-lare og vert oppfatta meir positivt.

### 3.1. Media

S.14, linje 40, nytt kulepunkt:

- Vår argumentasjon skal bli tydelegare, skarpare og meir målretta.

### 3.2. Politisk påvirkning og alliansebygging

S.15, linje 4: Stryk "småskala", slik at det blir:

"...miljøvennleg og aktivt landbruk over heile landet". Al-ternativ: "...et miljøvennleg og variert landbruk over heile landet".

### 3.3. Utadretta aktivitetar og haldningsskapande arbeid

S.15, linje 38, nytt kulepunkt: Støtte og oppmuntre lokale initiativ.

## 4 ORGANISASJON

### 4.1. Aktiv organisasjon

#### 4.1.3. Demokratiet i organisasjonen – intern kommuni-kasjon

S.17, linje 24: Det kom inn synspunkt frå eitt av fylkeslaga om igjen å vurdere å gjennomføre årsmøtet i Norges Bondelag kvart andre år. Dei to andre fylkeslaga var ikkje samd med dette i utgangspunktet, men ein finn det rett at spørsmålet blir vurdert med visse mellomrom ut frå ressursar og behov.

S.17, linje 18, tillegg i setningen:

- Bondebladet er Norges Bondelags medlemsblad og skal bl.a. formidla medlemmane sin situasjon og (tillegg:) "fremma ein fordomsfri debatt med stor takhøgde for medlemane sine meiningar og engasjement" (tillegg slutt), samt formidla bodskap frå leiinga til medlemmane.

### 4.2. Medlemstilbud

#### 4.2.4. Medlemsfordelar på varer og tenester

S.19, linje 41, nytt kulepunkt:

- Arbeida for fleire og betre medlemsforde-lar.

### 4.3. Tilsette – administrasjon

S.20, linje 19, nytt kulepunkt:

- Spesialkompetansen til den enkelte tilsette må i større grad brukast og utviklast i or-ganisasjonen.





Statssekretær i Landbruksdepartementet, Ola T. Heggem (Sp) (t.v.) stortingskandidat Torgeir Dahl (H), Molde, leiar i M&R Fiskarlag, Lars Hopmark og stortingsrepr. Leif Helge Kongshaug (V), var blant gjestane på fylkesårsmøtet 13.-14. mars 2009. (Foto: Arild Erlien).

## Kap 3.3 Uttale frå årsmøtet i M&R Bondelag 13. og 14. mars 2009

### Skal vi lage maten vår sjølv eller overlata ansvaret til andre land

Inntektsauke til bøndene er svaret på dei fleste utfordringane for næringa og norsk matforsyning i framtida. M&R Bondelag sitt årsmøte meiner våre forslag vil sikre matforsyninga, arbeidsplassar i distrikta og i matindustrien, gi betre miljø og svare på klimautfordringane. Det som er alvoret for bøndene og styresmaktene i Norge som i andre land er at verdas matforsyning har blitt verre. I følgje FN er det no meir enn eitt tusen millionar menneske som svelt eller er underernærte. Då er det et paradoks at vi i Norge ikkje eingong dekkjer etterspurnaden etter kjøt basert på grovfôr og beite, ressursar som vi har av i overflod.

Medlemane er svært skuffa over at regjeringa ikkje hadde investeringsmidlar til jordbruket i bankpakkene eller krise-pakkene trass i kostnadsauken i næringa siste åra. Vi forventar difor ei tilleggspakke på investeringsverkemidlar for inneverande år, samt at rammene for 2010 må aukast betydeleg. Midlar gjennom Innovasjon Norge - Landbruk vil gje strakseffekt på sysselsettinga i bygdene da både planar og søknadar er klare.

I norsk jordbruk er gjennomsnittsinntekta i underkant av kr 200.000, mens gjennomsnittsløna for andre grupper er i overkant av kr 400.000. For bøndene ser det ut til at forventa inntektsvekst siste året vert ete opp av kostnadsveksten. Mange bønder har vore ekspansive og satsa i tiltru til at om drifta vart stor nok skulle den bli meir lønsam. Likevel viser det seg i ettertid at det økonomiske resultatet blir for svakt til å forsvare den investeringa som er gjort.

Dette må rettast opp. I lys av at andre næringar no kanskje må tåle ein moderasjon, kan staten rette opp inntektsgapet til bonden. Det er berre meir pengar over statsbudsjettet som kan oppfylle regjeringserklæringa sine mål om utjamning mellom distrikt, gi variert bruksutvikling, og investeringar i heile landet. Vi forventar at regjeringa i sin næringsstrategi går gjennom alle tiltak som kan senke kostnadene for landbruket med tilleggsnæringar.

### Tiltakspakke for mjølk

Mjølkeproduksjonen spesielt må få løfta inntektene. Det er den mest krevjande produksjonen når det gjeld arbeid og kostnadar, og har svakast økonomi av alle. Løns- og kostnadsveksten forårsaka av oljebransjen fører til tap av konkurransekraft og dårleg lønsemd i næringa til tross for sterk effektivisering. Det føreståande generasjonsskiftet etter dei som satsa på 70- og 80-talet forsterkar behovet. Om det ikkje vert gjort tiltak no, får det alvorlege konsekvensar for matvaresikkerheit, arbeidsplassar og kulturlandskap.

## Kap. 3.4 Brev til Norges Bondelag - tiltakspakke for mjølkeøkonomien

Fylkesstyret drøfta på møte 16. februar økonomien i mjølkeproduksjonen, og sendte dette brev til Norges Bondelag:

### Norges Bondelag utarbeide tiltakspakke for mjølk før forhandlingane - Økonomien i mjølkeproduksjonen må kraftig opp

Økonomien for mjølk er dramatisk dårleg, også samanlikna med andre produksjonar. Til tross for at fleire bruk har dubla produksjonen på få år har inntektene ikkje blitt vesentleg betre. Inntekta er spesielt låge når ein ser i forhold til arbeidsinnsatsen alle dagar i året for ein stor del av produsentane. Norges Bondelag har medverka positivt til at økonomien i fleire produksjonar har fått eit naudsynt løft dei siste åra.

Styret i Møre og Romsdal Bondelag vil be Norges Bondelag no i framkant av forhandlingane om å utarbeide ei samla tiltakspakke som kan løfte økonomien for mjølk. Mjølkeproduksjonen utgjer halvdel av arbeidsinnsatsen under jordbruksavtala. Mjølka er grunnlaget for aktiv landbruksdrift i distrikta. Norsk landbrukspolitikk vil særleg bli målt etter om vi makter å oppretthalde den arealbaserte produksjonen i fjord- og fjellbygdene.

Det kan vere ei rekkje tiltak som:

- Mulegheitene for prisuttak i marknaden.
- Produksjonstillegg.
- Kostnadsreduksjonar på innsatsfaktorar.
- Kvotespørsmål knytt til økonomi.
- Investeringsmidlar dekkje meir av utbyggingskostnadene.

Driftsgranskingane viser at økonomien i mjølkeproduksjonen på Vestlandet er dramatisk dårleg. Dersom ein går bak tala for referansebruka ser ein at vederlaget ikkje står i forhold til det totale arbeidsomgang i mjølkeproduksjonen. Mjølkebruka har enormt kapitalbehov for å oppfylle nye krav. Betre økonomi for mjølk vil også vere den rimelegaste og raskaste måten å auke produksjonen av storfekjøt.

Utviklinga i mjølkeproduksjonen i Møre og Romsdal har vore som i dei fleste andre område: Talet på produsentar er halvert på ti år, og vi har knapt starta på det store generasjonsskiftet etter dei som satsa på 70- og 80-talet.

## Kap. 3.5 Forvaltingsplan for rovvilt - region 6. Høyringsvar

M&R Bondelag sine innspel 20. feb til forvaltingsplan for rovvilt til Rovviltregion 6 ved Fylkesmannen i Nord-Tr-lag:

Rovviltneimnda for Region 6 har send framlegg til rulling av forvaltingsplana på endeleg høyring med frist 24. feb 2009. Vi vil her oppdatere vårt innspel av 20. nov 2008 til plana etter ny handsaming i styret 16. februar 2009 og samanfatar slik:

- **Rovviltneimnda må merke seg innlegg i media nyleg om auka uttak av jerv og erstatningsutmålinga frå stortingsrepresentantane frå Møre, Elisabeth Røbekk Nørve (H-Næringskom) og Jenny Klinge (Sp).**
- **Heile Trollheimen skal prioriterast som beiteområde og ut av yngleområdet for jerv.**
- **Observasjon av jerv i stadig større omfang og på nye plassar samt felling viser at jervebestanden snart vil vere ute av kontroll.**
- **Det må bli stilt strenge krav om dagleg jakt ved bruk av åte slik at det ikkje fører til framføring av rovdyr.**
- **Vi er tilfreds med ei rekkje nye tiltak og signal frå Rovviltneimnda vår.**

## 1 Vi er tilfreds med at Rovviltutvalet Region 6 "vil arbeide politisk med" tiltak som:

- Hiuttak av jerv og vårsnø-uttak av bjørn i område med store skader. Men vi meiner det også må gjelde i område med mål om yngling når behovet er til stades.

- At det offentlege tek ut resterande kvote som skadefelling.
- Høve til skadefelling ved dokumentert tap til kongeørn.
- Høve til bruk og elektronisk overvaking av jervebås.
- Dispensasjon frå krav til produksjonstillegg om 8 veker på utmarksbeite der det er sett i verk beiteavgrensande tiltak.

## 2 Vi krev at Rovviltutvalet tek Trollheimdelen av Møre og Romsdal ut av yngleområdet for jerv i samband med rulleringa av forvaltingsplanen no

Ut frå talet på observasjonar og tal felte dyr over store delar av fylket, ser det ut til at bestandet av rovdyr og spesielt jerv er langt større enn tidlegare oppgåver har vist. Målet om 3 ynglande jerv i fylket er meir enn oppfylt innan dei store høgjells verneområda Dovre-Sunndal og Reinheimen. Møre og Romsdal Bondelag vil difor igjen krevje at resten av Trollheimen bli teke ut av yngleområdet no saman med Oppdal og Rennebu. Trollheimen må vere prioritert som beiteområde/kulturlandskapsområde. Trollheimen har bestand på rundt 1.600 tamrein. Vidare er det mål om 2 ynglande gaupe på nordre Nordmøre. Byrdefordelingsprinsippet støtter difor også eit slikt vedtak.

Det har over mange år vore arbeida med forskning på tapsårsaker m.a. på Nordmøre. Og det er no arbeidd på gang med det aukande problem som flåttbårne sjukdomar kan medføre for sau.

Vi meiner Trollheimen oppfyller alle kriteria som er sett opp for skadefelling i samband med geografisk differensiert forvaltning: Verdi som beitemark for sau og rein. Omfang og utvikling av skadar. Potensialet for framtidig skadar på sau og rein. Mulegheitene for å gjennomføre førebyggjande tiltak som er vanskeleg. I tillegg er topografien slik at det vanskelegare å halde oversyn med både jervbestanden og beitedyra enn i mange andre høgjellslandskap.

**3 Kongeørn:** Vi konstaterer at det i Møre og Romsdal er estimert 95 – 123 hekkande par.

## 4 Forvaltninga av rovdyra er i ferd med å kome ut av kontroll i Region 6

Forvaltingsstyresmaktene må, forutan i Trollheimen, prioritere beitebruk framfor (ynglande) rovdyr i husdyrtette område og i område med vekt på levande kulturlandskap. Det gjelder slike beiteområde som i Sunndal, Vistdalsfjella, Ulvådalen og Vermedalen, m.v. Etter det vi kjenner til er det to ynglingar berre i Vermedalen.

Når vi meiner forvaltninga er ute av kontroll baserer vi det på at:

- Bestandsmåla for jerv er overoppfylt i Region 6 og Norge.
- Rovdyrsituasjonen medfører fleire plassar betydelege dyrelidingar, tap for beitebrukarane i eit slikt omfang at dei vel å slutte, og store konflikhtar som følgje av dette, og at dette er noko som Rovviltutvalet for Regionen erkjenner. Talet på sau har gått tilbake med 5.000 dyr dei siste 20 åra i Møre og Romsdal.
- Rovdyra er i ferd med å spreie seg utover til nye dyretette og folkerike områder og der det er enno vanskelegare å halde kontroll med bestanden enn i høgjelllet.
- Bestandsregulering har vist seg vanskeleg og krevjande både ved jakt og hiuttak.

## 5 Fordeling av ynglande rovdyr over eit for stort område vil gjere styring av forvaltninga umuleg.

Vi meiner det er svært uklokt å praktisere byrdefordelings



Frå leiarmøtet i november (Foto: Arild Erlien).

prinsippet på ein slik måte at ein spreier rovdyr og yngling ut over nye og store område, og til terreng med uoversiktleg topografi der det er svært vanskeleg å føre kontroll både med rovdyrbestand og beitedyr. Dersom vi ikkje gjer tiltak no blir det vanskelegare når bestandet blir for stort og rovdyra har utvida sine leveområde.

## 6 Bestandsregulering eit offentleg ansvar – ikkje bøndenes

Det er staten ved forvaltingsstyresmakta, ikkje bøndene, som har ansvaret for oppfølging av forvaltingsplanane. Til sporing og felling av skadedyr i samsvar med løyve trengst tid, kunnskap og utstyr.

Vi viser m.a. til jervetispa med unge som skulle takast ut av Statens Natuoppsyn i Vermedalen vinteren 2007/2008, samt bjørnen som det vart gjeve fellingsløyve på i Vistdalen vår/sommar 2008.

## 7 Forvaltingsplane manglar status over ynglingar - store mørketal

Vi saknar at forvaltingsplana gir oversyn over status ynglande rovdyr for dei einskilde områda i dag jamført med måla, og med både stadfesta og mulege ynglingar. Det er framleis vår vurdering at det er meir rovdyr enn det som er registrert, og difor også store mørketal når det gjeld rovdyr-tap.

## 8 Bestandsmålet for jerv oppfylt – bestanden må ned

Møre og Romsdal Bondelag vil minne om vårt skriv av 21. oktober 2008 der vi ber om at Rovviltutvalet for region 6 går inn for ein sterk auke i talet på fellingsløyve innanfor ynglingsområda i fylket.

Jervbestanden i Møre og Romsdal har vore aukande i fleire år. Under lisensjakta 2007-2008 vart det felt 5 jervar i fylket. I tillegg vart det felt 2 under helikopterjakt i mars. Dette er det største talet av felte jerv på eit år i vårt fylke.

Til tross for det vart det påvist 6 ynglingar av jerv i 2008. Alle innafor det såkalla yngleområdet. Målet er 3 ynglingar i Møre og Romsdal.

I heile region 6 vart det registrert 12 ynglingar. Altså var halve av ynglingane i region 6 i vårt fylke. Det vart likevel ikkje teke ut nokon av desse hia. Dette er Direktoratet for Naturforvaltning sitt ansvar. D.N. gjorde vedtak om at hiet i Rindal skulle takast ut, men det var så seint som 20. mai, og ungene hadde forlate hiet. Berre ein unge vart felt.

## 9 Mellom førebyggjande tiltak som ser ut til å ha ein viss effekt er:

- Utvida/ekstraordinært tilsyn kombinert med andre tiltak.
- Tidleg sankning mot beitevederlag når omfattande skade oppstår. Men dette er eit alvorleg inngrep i beitebruksretten i og med at det fordrar sankning av all sau i området.



## 10 Etablering av ekstra haustbeite i gardsnære område eller seter-/sommarfjøsregionen evt med rovdyrssikre gjerde

Vi er framleis positive til oppretting av felles inngjerda beiteområde, som på gamal kulturmark, for bruk som haustbeite ved tidleg sanking. Dette kan vere eit ønskjeleg og naudsynt førebyggjande tiltak. Samstundes kan det nyttast som kulturlandskapstiltak. Evt kan det vere aktuelt med rovdyrssikre gjerde. Kostnadene må belastast førebyggjande rovdyrtiltak. Det er ei utfordring å halde slike område i hevd heile vekstsesongen.

## 11 Møre og Romsdal Bondelag er vidare tilfreds med dette i forvaltingspolitikken:

- Lettare å ta ut rovdyr som valdar stor skade og jervehi.
- Godtgjersle for tips om nye ynglingar jerv med kr 5.000.
- Forvaltinga legg no vekt på lokal medverknad og kontakt, tips og samarbeid.
- Informasjon om bruk av jervebås.
- Leiaren i Rovviltutval Region 6 opptreffer offentleg med forståing og respekt for næringa.
- Forvaltningsorgan, slik som Møre og Romsdal fylke, har valt å oppretthalde eige Rovviltutval i fylke som lokalt kontaktorgan, og framtrer balansert og konfliktdepande.

## 12 Full lokal og fylkesvis forvaltning innan bestandsmål bør vere siktemålet på sikt

I samband med rullering av forvaltingsplanen finn vi igjen grunn til å peike på vår prinsipielle handling om at det bør bli lagt til rette for størst muleg grad av lokal forvaltning i kommunane.

Vidare meiner vi reforma som Stortinget har gått inn for med nokre store regionale rovdyrregionar er unødig kostbart og byråkratisk og kompliserande i forhold til den fylkesvise forvaltinga som var før. Det viser også det faktum at Møre og Romsdal fylke har sett det som ønskjeleg å oppretthalde fylkesutvalet basert på det gode samarbeidet. Verdien av kontakt i fylket er også understreka i utkastet til forvaltingsplan. Rovdyrbestanden i Møre og Romsdal har lite felles med Trøndelagsfylka.



Fylkesleiar Arne Magnus Aasen på årsmøtet i Norges Bondelag med varaordstyrar Lise Kaldahl Skreddernes og ordstyrar Odd Chr Stenerud frå Giske. Bak avtroppande leiar Pål Haugstad. (Foto: Gunnar K. Wentzel).

## Kap. 3.6 Oppmoding frå Vestlandsbøndene til styret i Norges Bondelag på årsmøtet 2009

På årsmøtet i Norges Bondelag i Bodø 10.-12. juni la fylkesleiar Arne Magnus Aasen på vegne av utsendingane frå Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland fram ei skriftleg oppmoding til styret i Norges Bondelag om reell prioritering av Vestlandet:

## - Alle vil ha Vestlandslandbruket – men manglande prioritering gjev landbruk i fritt fall

Vi oppmoder styret i Norges Bondelag framfor jordbruksforhandlingane i 2010 om å leggje fram tiltak som prioriterer økonomien for bøndene på Vestlandet. Landbruket i fjord- og fjellbygdene, og på Vestlandet spesielt, gjev det politiske og opinionsmessige grunnlag for ein stor del av norsk landbrukspolitikk. Meiningsmålingar syner at landbruket på Vestlandet har spesielt sterk støtte i opinionen.

Utviklinga i dei tre Vestlandsfylka går i feil retning raskare enn for andre landsdelar. Dei naturgjevne forholda med klima, bratt areal, små teigar, stort innslag av myrjord og ei raskt utvikling mot større einingar talar ikkje til vestlandsbonden sin fordel. For husdyrbonden og særleg mjølkeprodusenten gjev strukturrasjonaliseringa meirkostnader. Mange får etterkvart stor avstand mellom driftsareala. I stadig fleire bygdelag er det ei driftseining som åleine slår og haustar alt areal. Vestlandsbygda vert svært sårbar, og den politiske legitimiteten for norsk landbruk vert svekka.

Staten har i sine dokument over fleire år uttrykt uro over utviklinga på Vestlandet, og konkret fremma forslag om auka distriktstillegg – ikkje mange øre, men Staten har i alle høve peika på utviklinga. Vi finn lite av slik prioritering i faglaga sine dokument, utanom strukturtiltak som gjeld heile landet. Inntektsutslaget av jordbruksoppgjret 2009 på referansebruksnivå viser ingen spesiell prioritering av mjølk eller Vestlandet. Inntektsskilnaden mellom ulike distrikt vil auke etter oppgjret i 2009.

**Vestlandet** produserer stort volum på mange einingar. Vestlandsfylka er klår over at økonomien for alle produksjonar og distrikt er for svak. Vestlandet står for 22 % av levert kumjølk i landet, 19 % av storfekjøtet og 23 % av sauekjøtet. Fylka har 21 % av bruk i drift i landet. På Vestlandet har siste tiåret sidan 1999 fulldyrka areal i drift gått ned med 86.000 dekar, mest i Hordaland. Talet på mjølkekyr har gått ned med 17.500, mest på Møre, utgjør 27% av reduksjonen på landsbasis. Tal storfe er redusert med 18.000 dyr, og mest på Møre, medan storfe har auka på landsbasis. Talet på vaksne sau er ned over 50.000, mest i Sogn og Fjordane, og utgjør 60% av nedgangen i landet. Fylkeslaga har over fleire år bede om tiltak mot den utviklinga vi no ser og som vil skyte fart framover.

(Forkorta)

## Kap 3.7 Brev til stortingskandidatane - Landbruket på dagsorden

Møre og Romsdal Bondelag sendte 30. juni brev med ti krav for å utvikle næringa i fylket til 40 av dei fremste listekandidatane til dei politiske partia ved stortingsvalet i september. – Dersom du i politiske innlegg om landbruket tek utgangspunkt i desse krava står du etter vårt syn på trygg grunn for det som sikrar norsk matvareforsyning, bøndene og distrikta, skrev fylkesleiar Arne Magnus Aasen og organisasjonssjef Gunnar K. Wentzel i brevet til politikarane.

### Kjære kandidat til Stortingsvalet 2009

#### Landbruket på dagsorden: Ti krav for å utvikle næringa i fylket

Finanskrisa merkast for mange næringar og arbeidstakarar ved innskrenkingar og mindre etterspurnad. *Finanskrisa merkast for bøndene ved mindre matvareomsetning, dels lågare prisar til produsent enn forventa i jordbruksavtala, etterspurnad etter billegare matvarer, og stopp i tømmerhogst.*





Ap's førstekandidat Else-May Botten, Høgres førstekandidat Elisabeth Røbekk Norve, NHO-reiseliv president Ragnar Heggdal og SV's førstekandidat Bjørn Jakobsen var blant innleiarane på EU-konferansen i Ålesund i august. (Foto: Arild Erlien).



KrF-toppar på fjøsbesøk i Fræna i august. F.v.: Leiar Fræna Bondelag, Gunnbjørg Trondsen, bonde Ola Eidem, fylkesvaraordførar Svein A. Roseth, nestleiar KrF sentralt, Dagrun Eriksen, nestleiar i M&R Bondelag, Inge Martin Karlsvik og stortingskandidat Steinar Reiten, Averøy. (Foto: Anne Turid Myrbostad).

For verdssamfunnet er likevel dei største utfordringane på sikt å skaffe ei veksande befolkning nok trygg mat og reint vatn kvar dag, og å handtere miljøutfordringane. Det er ein utåleleg situasjon at FN rapporterer at ein av seks menneske svelt eller er underernært og at talet aukar.

Vi har lagt ved "Ti krav for å utvikle landbruksnæringa i Møre og Romsdal" - (sjå kap. 3.8 nedanfor)

Dette er laga på oppmoding frå ein av kandidatane her i fylket. Fleire av sakene treng sentrale vedtak i Stortinget og regjering, mens andre kan oppfyllest lokalt. – Dersom du i politiske innlegg om landbruket tek utgangspunkt i desse krava står du etter vårt syn på trygg grunn for det som sikrar norsk matvareforsyning, bøndene og distrikta.

Vi har også lagt ved fakta om landbruket i fylket som saman med dei ti krava kan vere nyttig i valkampen.

Vi vil oppmøde deg som folkevald til å måle om dei saker du er med på å avgjere oppfyller våre ti krav eller ikkje. Vi ønskjer å måle din innsats ut frå dette.

Norges Bondelag er partipolitisk nøytral. Møre og Romsdal Bondelag vil ønskje deg lukke til med valet og håper debatten vil dreie seg om dei gode viktige sakene.

*Vi er glad for du er viljug til å stille deg til disposisjon for vårt demokrati og våre felles interesser med utgangspunkt i eit parti med program og organisasjonsapparat i ryggen.*

Vi vil framleis gjerne ha samtale med einskildrepresentantar eller delta med innlegg i møte om landbruksnæringa i ditt parti når det er aktuelt. Vi ser fram til god kontakt også med den nye Mørebenken.

## Kap. 3.8 Ti krav for å vidareutvikle landbruksnæringa i M&R

**- Fylket vil ha ein tidel av grasbasert husdyrhald i landet – så lenge politikarane vil**

*Møre og Romsdal Bondelag har våren 2009 på oppmoding frå ein stortingskandidat sett opp 10 krav vi vil at dei som representerer fylket sentralt og regionalt skal prøve sine vedtak opp mot.*

*Kravlista er prøvd utforma slik at både du som politikar, og bonden, kan etterprøve om vedtak ein er med på er i samsvar med næringa og samfunnet sine behov. Nokre av punkta kan løysast her i fylket og andre sentralt. Landbruket er avgjerande for matforsyning, foredlingsindustri, bygdenæringar og reiselivet – og er avhengig av politisk medverknad i Norge som i andre land.*

1 **Landbruksfylke.** Talspersonar og dokument marknadsføre Møre og Romsdal som "sterk region i Norge innan marin/maritim, landbruk, reiseliv, møbel, ...."

Og : "Møre og Romsdal er sterkt mjølkeproduksjonsfylke"

2 **Inntekt.** Fjerne inntektsgapet mellom bønder og andre grupper i perioden 2009 - 2013.

Bøndene sin gjennomsnittsinntekt er under kr 200.000 og andre grupper over kr 400.000 i følgje off. stat. og trass i effektivitetsauke på 4,1% årleg dei siste 10 åra.

3 **Investering.** Løyve nok rimeleg kapital til å fornye driftsapparatet i landbruket.

Det er for 2009 søknader til dobbelt så mykje investeringsmidlar som disponibelt i fylket.

Stadig nye offentlege krav er medverkande til stort behov for investeringar.

4 **Prioritere** mjølkeproduksjonen og distriktstiltak for å sikre landbruk over heile fylket.

Heile 85 % av verdiskapinga i landbruket i fylket er mjølk, men produksjonen flyttast til dei beste områda.

5 **Redusere** offentlege politisk pålagde kostnader og fremme enkelt og fornuftig regelverk.

Det er mange avgiftar m v og regelverk som aukar kostnadene i matproduksjonen i alle ledd.

For ei konsesjonsbesetning med slaktegris utgjer kontrollavgifter aleine rundt kr 160.000 årleg.

6 **Fagmiljø.** Vidareutvikle sterke fagmiljø i fylket på landbruk og nye næringsgreiner.

Fylket har vidaregåande skule med naturbruk og fleire sterke landbruksfaglege produksjonsmiljø.

7 **Jordvern.** Føregangsfylke på miljø og jordvern og krevje alternative utbyggingsareal. M&R er mellom dei fylka i landet som omdisponerer mest dyrka og dyrkbar jord trass i mål om å halvere nedbygginga av matjord.

8 **Lovforvaltning.** Bu- og driveplikt slik at eigar bur i bygda og held garden i hevd.

Av dei areala bonden driv er rundt halvdelan leigejord med følgjer for drift og busetting.

9 **Importvern.** Trygge nasjonal basisproduksjon, og mjølk over frå kronetoll til prosenttoll.

Dei siste åra har importvernet vore svakt for m a viktige mjølkeprodukt som ost og youghurt.

10 **Marknad.** Pris- og marknadsreguleringssystem til beste for forbrukarar og bønder.

Systemet sikrar omsetting og forbrukarane ferske norske matvarer året rundt i heile landet til lik pris.

## Kap 3.9 Brev til landbruksavdelinga: Revisjon Regionalt Miljøprogram – Innføring av skiftetillegg

Fylkeslaget sendte etter styremøtet 16. februar brev til landbruksavdelinga i Møre og Romsdal:

Viser til nyttig drøfting med Ottar Longva i fylkesstyremøte 16. februar om forslag til aktuelle modeller for nye ordningar og spesielt eit driftsvansketillegg. Vi lova å kome med ei ny skriftleg framstilling av vårt framlegg.

Styret i Møre og Romsdal Bondelag vil stå fast på at vi ber Landbruksavdelinga om å gå vidare med ei ordning med driftsvansketillegg som inneheld eit skifte- eller teigt tillegg.

Fylkestinget har i tidlegare vedtak, liksom ei samla landbruksnærning, peika på attgroing av dyrka mark som den truleg største miljøutfordringa i fylket.

Møre og Romsdal Bondelag ønskjer eit skiftetillegg pr dekar for mindre teigar. Det kan vere slik at alle teigar under 5 dekar får del i ordninga, men med eit botnfrådrag for dei første 10 dekar.

Det vil vere krav at arealet er slått og/eller beita. Dokumentasjon i søknad er at arealet er skravert på kart. Det kan vere krav om miljøplan trinn II, evt skjøtsel av kantsonar

M&R Bondelag kan ikkje støtte framlegg om ei rammetilddeling til kommunane. Ordninga vil vere arbeidskrevjande for kommunane. M.a. må kvar kommune lage reglar, kunnjere ei søknadsfrist og drive sakshandsaming.

Fordelinga til kommunane basert på tal bønder og dyrka areal vil føre til ei omfordeling til kommunar utan definerte driftsvanskar og spesifikke miljøutfordringar.

(Forkorta)

## Kap 3.10 Brev til landbruksavdelinga om Regionalt Miljøprogram for 2009 – 2012

Styret i Møre og Romsdal Bondelag ba med bakgrunn i styrevedtak 2. juni om at Landbruksavdelinga ser til å få inn att tilskot til Bratt areal som eige grunnlag for å søkje midlar under RMP 2009 – 2012.

Dette sjølv om satsane evt blir endra frå tidlegare. Vi er klår over at dette kan få konsekvensar for dei rammene kommunane har fått melding om til Skjøtsel av verdfullt kulturlandskap og evt andre ordningar.

Vidare er vi klår over at det er korte fristar og at SLF kan ha meining om dette. M.a. vil SLF kunne meine at det at areal er bratt ikkje er eit spesifikt kvalitetsteikn. Men det ser ut til at andre fylke framleis har godkjent Bratt areal som grunnlag for RMP.

(Forkorta)

## Kap 3.11 Brev til bankane: Historisk rentemargin - lokal lojalitet oppbrukt

Fylkeslaget sendte 6. juli brev til bankane i Møre og Romsd:

M&R Bondelag får no så mange oppmodingar om å ta opp renta på lån og driftskreditt at vi igjen må be bankane om seriøst å vurdere vilkåra for dei tradisjonelt lite misleghaldne utlåna til landbruksnærninga. Dette gjeld spesielt for driftskreditt. Renta på lån og kreditt til landbruket bør normalt liggje maksimalt 1,5% over innlånsrenta i marknaden.

Vi viser også til vårt brev av 23. oktober 2008, og takker for kommentar frå noen bankar.



**Representantskapsmedlem i Landkreditt, Ola Steinsvik, Volda (t.v.) og salssjef i Gjensidige, Bjarne Sjøholm (t.h.), orienterte på leiarmøtet i november om Bondelaget sine gode ordningar i Landkreditt og Gjensidige. I midten nestleiar Inge Martin Karlsvik. (Foto: Arild Erlien).**

Bankane tener store pengar på ei historisk høg rentemargin når styringsrenta i Norges Bank er på 1,25% og pengemarknadsrenta no er på 1,8%. Finansinstitusjonane kan ikkje vere dei einaste som tener pengar og trygger drifta når trufaste kundar føler seg utnytta. Bankane vedgår å ha hatt minimale tap på landbruk i motsetnad for ei rekkje andre næringar. Likevel ser vi ikkje igjen denne prisinga etter risiko i vilkåra. Om bankane vil drive lokal næringsverksemd må de sikre konkurransedyktige vilkår til tradisjonelt sikre betalrar som viser vilje til å satse på bygdene.

Vi kan samanlikne med Landkreditt som no har ei effektiv rente på første prioritets landbrukslån innan 60% av takst frå 3,6%. Ung bonde har 0,5% mindre. Driftskreditten ligg på 4% eff. og innestående blir forrenta med 1,8%. Gjensidige Bank har tilsvarande pantelån opp mot 3,5%, og driftskreditt 3,87%. Begge bankane er utan etableringsgebyr og har gebyrfri nettbank. For pantelån kan Innovasjon Norge med 3,75% rente vere aktuelt også ut over investeringsmidlar frå jordbruksavtala.

Det er blitt mykje vanskelegare å samanlikne prisar på nettet. Bankane ser ikkje ut til å ville leggje ut vilkåra sine. Nokre lokale bankar er truleg konkurransedyktige på pantelån. Driftskreditten til landbruket har i alle år hatt minimale tap, og halve kreditten er garantert av landbruksorganisasjonane. Her høyrer vi om kredittrenter på over 7%. Den største "landbruksbanken" i regionen, Sparebanken Møre, har 7,65% ved trekk på driftskreditt, og 0,6% for innestående småbeløp.

Det er stadig stor investeringsvilje i landbruket i Møre og Romsdal. Vårt generelle råd framover blir: Gløym din regionale bank om dei ikkje er lojale mot deg som kunde. Bytt til bank med dei beste vilkåra slik også statsrådar tidlegare har oppmoda oss om.

## Kap 3.12 Uttale til Energi- og klimaplan for Møre og Romsdal

Styret i Møre og Romsdal Bondelag drøfta på møte 12. oktober den regionale Energi- og klimaplan, og sendte denne uttalen til Møre og Romsdal fylke:

Den regionale Energi- og klimaplanen legg vekt på mål og strategiar, og viser potensialet for energisparing og klimatil- tak for ulike private og offentlege sektorar i fylket. Planen har som mål å sjå ting i samanheng.

Møre og Romsdal Bondelag meiner det er rett å ha breidt fokus på miljø og fornybare prosessar slik at ein også indi-

rette oppnår klimatiltak. Det er bra at planen legg vekt på meir miljøriktig innretting på alle område og ikkje berre har fokus på avbøtande tiltak. Planen har omfattande drøfting av jord- og skogbruk.

Landbruket er ein del av løysinga på klimautfordringane. Kombinert med behov for auka matproduksjon også i Norge, blir det arbeidd med å redusere utslepp av klimagassar og auke bindinga i jord og skog. Landbruket er generelt ein stor transportbruka både i primærdrifta og ved transportbehov mellom gardsbruk og andre verksemdar.

Møre og Romsdal har eit godt utgangspunkt for vidare tiltak gjennom godt samarbeid mellom næringa og fylkesstyresmaktene, og i offentlege dokument som:

- St m nr 39 "Klimautfordringane – landbruket ein del av løysinga".

- Strategiplan for skogbruket i Møre og Romsdal.

- Kystskogmeldinga som viser potensialet for heile vestkysten i Norge.

- Jordvernplan for M&R vedteke av fylkestinget.

Møre og Romsdal Bondelag vil streke under nokre andre område der fylket bør ha fokus:

Det vil vere rett å få på plass tiltak som har størst effekt først

- **Investeringsmidlar:** Stimulerer nye miljøløysingar, og redusere den økonomiske risikoen hos private aktørar som satsar på innovative miljøtiltak.

- **Skogskjøtsel:** Skogreising, skogskjøtsel og hogst er svært konjunkturavhengig og avhengig av internasjonale konjunkturar og nasjonale marknadstilhøve og støtteiltak.

- **Skog verknad på lokalklimaet:** Direkte effekt ved å gi lé for vind mot sjø og fjell, slik at skogen må vere ein del av arealplanlegginga i klimasamanheng.

- **Offentlege bygg:** Må gå føre med bruk av fornybar energi, fjernvarme, og nye tekniske løysingar og materialbruk. Det trengst meir kompetanse og demonstrasjonsanlegg for aktørar og publikum i vår region. Det gjeld også satsing på bioenergi, meir bruk av tre i bygg, solvarme og energiattvinning.

- **Konkurransedyktig energipris:** Innan privat sektor er det føresetnad at anlegg har god margin på lønsemd slik at det er muleg å finansiere.

- **Biogass frå husdyrgjødsel:** Vi tek til å få mange større gjødselkummar som gjer det meir aktuelt med biogassanlegg. Men det krev truleg samarbeid med offentleg sektor på avsetjing og pris.

- **Nedmolding av husdyrgjødsel:** Det er forsøk i fleire fylke støtta frå jordbruksavtala. I vårt husdyrfylke og med vårt nedbørmengder vil det vere ønskjeleg å få erfaring med nytt kostbart utstyr. T.d. nyttar nokre alt slangespreiing av gjødsel med nedmolding, evt via store gjødseltankar plassert på fast veg der det er avstand til gjødsellager, og slik unngå noko transport med tunget utstyr på jorda.

- **Grøfting og avrenning:** Vasstilstanden i jorda for å redusere utslepp av lystgass og metan. Tiltak vil bli vurdert i reglane for investeringsmidlar til næringa i fylket.

- **Småkraftverk:** Eige prosjekt i Norges Bondelag med vekt på Vest-Norge. Fylkesstyresmaktane bør medverke til å sikre nettilknytning for nye små kraftverk.

## Kap 3.13 Uttale til stortingsmelding nr 39 om klimautfordringane og landbruket

Fylkesstyret drøfta på møte 16. november stortingsmelding nr 39 om klimautfordringane og landbruket, og sendte høyringsuttale til Norges Bondelag:

M&R Bondelag meiner det er rett å primært ha bredt fokus på miljø og fornybare prosessar slik at ein også indirekte

oppnår klimatiltak. Matproduksjonen vil måtte auke i Norge og på verdsbasis for å dekkje aukande matbehov. Det vil ha både positiv og negativ miljøeffekt. Likevel er landbruket ein del av løysinga på miljøutfordringane.

I samband med den varsla stortingsmeldinga om landbruks- og matpolitikken er det naturleg at bruken av avtalemiddel og produksjonstillegg blir nøye vurdert i forhold til samla langsiktig og berekraftig miljøeffekt.

**Manglar gode nok stimulerande tiltak**

Vi konstaterer at det ikkje er etablert særlege stimulerande tiltak for miljøtilpassing i form av gode støtteordningar, skatte- og avgiftstiltak, miljøfondsavsetjing, eller rimelege tekniske løysingar. Det vil vere rett å få på plass dei tiltak som har størst effekt først.

Vi meiner likevel det er ønskjeleg å fase ut bruk av fossil energi til varmemålmål i landbruket innan 2020 for å få på plass alternative løysingar.

Bioenergi og småskala fornybar energi er relativt lite lønsamt med dagens energiprisar og anleggskostnader. Det bør vere ei prioritert offentleg oppgåve å medvirke til at det er gode tilbod rundt i landet på rimeleg småskala teknologi og system eigna for private og mindre offentlege anlegg som nyttar sol, vind, vatn, bioenergi aleine eller i kombinasjon.

(Forkorta)

## Kap 3.14 Kornsiloen og foredlingsindustrien i Møre og Romsdal

Fylkeslaget har ved fleire høve siste året hatt fokus på bøndene sine produksjonsanlegg og foredlingsindustrien i Møre og Romsdal.

Møre og Romsdal Bondelag sendte 20. februar brev til Felleskjøpet Agri og Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal, og som vart lagt ut på fylkeslaget si heimeside:

**Møre og Romsdal Kornsilø økonomisk verdi for næringa regionalt og i strategisk posisjon for Felleskjøp-gruppa**

Møre og Romsdal Bondelag tar normalt ikkje stilling til anleggsstruktur og økonomiske disposisjonar hos våre samvirkeorganisasjonar. Men vi ser no at det er blitt så få anlegg at det i stigande grad også styrer lokalisering og økonomi for primærproduksjonen.

Møre og Romsdal Bondelag har difor eit fagleg-politisk ansvar i å ta vare på interessene og forsyningssikkerheita til bøndene i vår region. Ut frå det vi kan sjå i dag vil det vere avgjerande at vi har ein samvirkeeid kraftførfabrikk ved Trondheimsfjorden, ein fabrikk midt i Møre og Romsdal fylke, og neste fabrikk ein stad i Sogn og Fjordane.

M&R Bondelag vil difor be Felleskjøpet Agri og Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal som eigarar om å leggje alle forhold til rette med sikte på å oppretthalde og utvikle vidare produksjonen på Kornsiloen på Vestnes. Vi reknar med at Kornsiloen er ein viktig del av Felleskjøpet sin økonomiske og organisasjonsmessige verksemd i regionen.

På oppmoding frå Felleskjøpa i fylket deltok Møre og Romsdal Bondelag i prosessen med etablering av Møre og Romsdal Kornsilø både overfor medlemmer og regionale styresmakter. I vinter har vi i våre orienteringar til medlemmer vist bilete av Kornsiloen og trekt fram den økonomiske verdien for næringa. - Til orientering har vi tidlegare tilsvarende om slakteristrukturen uttalt at det må vere eit samvirkeslakteri anten i fylket eller nær fylkesgrensene i nord og sør av omsyn til reell tryggleik for levering av slakt for våre medlemmer.





**Vestnes Bondelag har engasjert seg i Kornsiloen si framtid. Her frå lokallaget sin stand på Sylte-martna. (Foto: Anne Turid Myrbostad).**

Møre og Romsdal har 10% av grasbasert husdyrhald i landet. Møre og Romsdal Bondelag har i Næringsstrategien for fylket gått sterkt inn for å bruke *BU-midlane til finansiering av bruksutbygging på gris* i samband med etablering av *purkeringen* i fylket, samt *ny eggproduksjon* og er tilfreds med at bøndene har lukkast. Då er det viktig med sikker leveranse av kraftfôr med kvalitet til lågast muleg pris.

### **Bruk av Kornsiloen på Vestnes viktig for bøndene i vårt distrikt i framtida**

25. august la fylkeslaget ut ei ny sak på heimesida om kornsiloen på Vestnes, og sendte også saka til styremedlemmer i lokale Bondelag med e-post:

Bruk av Kornsiloen på Vestnes er viktig for at framtidig produksjon blir i fylket. - Bøndene i fylket bør tenkje gjennom om dei vil krevje av sin leverandør at kraftfôrleveransen kjem frå denne kraftfôrfabrikken.

Bøndene har sett meir og meir dei seinare åra i kor stor grad plassering av foredlings- og service-anlegg blir styrande for kva distrikt som styrkar landbruksproduksjonane. Bøndene i fylket bør tenkje gjennom om dei vil krevje av sin leverandør at kraftfôret framleis kjem får Møre og Romsdal Kornsiloen på Vestnes.

Kornsiloen er rekna for å vere eit godt tidsmessig anlegg også samanlikna med andre og er eigd saman av Felleskjøpet Agri og Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal.

Etter det fylkesbondelaget kjenner til viser reknestykka at for bøndene i fylket gir kraftfôrfabrikken på Vestnes dei lågaste fraktkostnadene. M&RKornsiloen har kai som kan ta inn skip med korn. Når fabrikken ligg midt i fylket gir den godt utgangspunkt for å halde fraktkostnadene nede. Det går mykje kraftfôr til storfe, men for dei kraftfôrbaserte produksjonane ser vi lett at anleggs-strukturen er særst styrande for kor gris og egg vil bli produsert i framtida. For geitemjolk og kylling og fleire grøntproduksjonar er foredlings-anlegg i nærleiken heilt avgjerande.

Norges Bondelag har vedtektsfesta å arbeide for full tilslutning til landbrukssamvirket. Møre og Romsdal Bondelag blander seg normalt ikkje inn i lokaliseringdebatten eller organisasjonsstrukturen i samvirke. Det har vi kompetente bønder i eigne styrer for samvirke til å ta seg av. Men når vi er kome til det punkt at nøkkel-anlegg som bøndene i vårt fylke har betalt for å få til kan bli svært avgjerande for framtidig produksjon, vil vi minne om faglegpolitiske omsyn som tek vare på dei langsiktige interessene til bøndene i vårt distrikt.

Liksom vi meiner at det er viktig å ha samvirkeslakteri innan eller heilt nær grensene til fylket for å ha leveringssikkerheit i framtida, like viktig er det no å sikre grunnlaget for kraftfôrproduksjonen i fylket. Då teller kilo kraftfôr.



**Styreleiar i Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal, Oddveig Gikling-Bjørnå, på leiarmøtet i nov (Foto: Arild Erlien).**

### **Skriv frå Vestnes Bondelag**

Styremøtet 12. okt. drøfta styret skriv frå Vestnes Bondelag om foredlingsindustrien i M&R, som var bekymra over den utviklinga ein ser. Samvirkebedriftene og landbruksrelatert industri i fylket er i ferd med å bli regionalisert vekk. Landbruket i M&R er dermed i ferd med å komme i ein utkant. Dette til tross for at fylket vårt er eit tyngdepunkt både i mjølkeproduksjon og kjøttproduksjon på storfe og svin.

Vestnes Bondelag ba difor M&R Bondelag ta initiativ til å bevisstgjere bøndene i heile fylket for å hindre at dette skjer.

På styremøtet vart det vist til at Nortura-anlegget i Ålesund er gjort framlegg om å leggje ned, Næraste samvirkeslakteri blir nyanlegget i Malvika aust for Trondheim, og på Førde der driftsopplegget blir vurdert. Transporttida på 8 timer skal kunne gå for heile fylket. Transporten er det området der fylket eller Mattilsynet kunne ha motsegn på, men det er nok vurdert at det knapt vil hjelpe på saka. Det er vurdert slik at samla slaktekapasitet i regionen er for stor i dag.

Vurdering av evt nye slakteriplanar kunne vore snakk om på Farstad i Fræna, men truleg lite aktuelt og ville vere eit mindre anlegg basert på nisjeproduksjonar og f eks 1.000 tonn. Finansieringskjelder for evt nytt slakteri er berre Innovasjon Norge etter det vi kjenner til pluss evt privat kapital. Andre slakteri i fylket er Ytre Nordmøre Slakteri i Kristiansund med vel 1.000 tonn storfe. Ringdal på Hellesylt i Stranda. Vidare Øre vilt slaktar og foredlar villsau og hjort. Elles Nordfjord Kjøtt i Stryn. Spørsmål om andre private aktørar vil auke mottaket. Nødslakteeordning er avgjerande.

**Fylkesstyret viser i sitt vedtak** til at Møre og Romsdal Bondelag over mange år har peika på at når avstanden til foredlingsanlegg blir for stor kan den styre kor framtidig primærproduksjon blir plassert. Avstand til anlegg påverkar sikkerheita for å få levert varene. Også den politiske forståinga for produksjon i området og presentasjonen av eit berekraftig og framtidretta landbruk i regionen blir påverka. M&R Bondelag har vore engasjert i verdien av M&R Kornsiloen heilt frå starten, og teke opp ved fleire høve siste år.

Indirekte påverkar nærleiken til både slakteri og kraftfôrproduksjonen. Likevel mest leveringsforholda og den politiske argumentasjonen for kjøttproduksjonen på storfe, sau, og særleg gris og fjørfe i vårt område.

**Bondelagets leiarmøte** 27. og 28. november hadde fokus på bøndene sine produksjonsanlegg i M&R. Fylkesleiar Arne Magnus Aasen innleia med at samvirkeanlegg i eller nær fylket vil vere avgjerande rammevilkår for framtidig produksjon i fylket. Styreleiar i Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal, Oddveig Gikling-Bjørnå, sa på leiarmøtet at det er ønskjeleg at bøndene i heile fylket som har vore med å bygge opp kraftfôrproduksjonen framleis krev kraftfôr frå Kornsiloen slik at det er grunnlag for lønsam drift.

## Kap 3.15 Pressemeldingar og lesarinnlegg

### Bankpakke II må gå til Innovasjon Norge

Det har skapt sterke reaksjonar at regjeringa sin krisepakke i januar ikkje hadde eit øre til å styrke sårt tiltrengd kapital til investeringar i jordbruket over heile landet. Bankpakka i haust på 350 mrd kr ser ut til å bli sylta ned for å sikre bankane sin eigenkapital. Difor må Bankpakke II gå til statlege investeringsbankar som gir raske resultat.

Regjeringa må i sin Bankpakke II som er varsla 9. februar doble dei fylkesvise investeringsmidlane som blir forvalta av Innovasjon Norge med 400 mill kr. Dei vil gi garantert miljøeffekt og sysselsetting for bygg- og anleggsbransjen i distrikta. Midlane er avgjerande for at bonden tør satse på større investeringar. Det var likevel positivt at regjeringa i sin krisepakke satsa 50 mill kr på bioenergi og 20 mill kr til trebasert innovasjon. Tiltakspakka burde også ha auka avskrivingssetningen for næringsbygg i distrikta frå 4 til 8%.

Dagens investeringsmidlar hos Innovasjon Norge er ein del av inntektsavtala for bøndene. Ein del gis som rentestøtte til investeringslån. Den andre delen er eit tilskot som det ikkje er høve til å skrive av i rekneskapet. Med dagens avskrivning på 4% tar det 130 år å nedbetale eit driftsbygg.

I Møre og Romsdal var det alt i januar nok søknader hos Innovasjon Norge til å bruke opp alle pengane for 2009. Sidan det er for lite midlar har Innovasjon her i fylket etter samråd med nærings ikkje nytta maksimale satsar, og ikkje alle får både tilskot og rentestøtte på låna slik det er høve til. Gardsbruka får stadig nye offentlege pålegg til husdyrhald, bygningar og miljø som skal oppfyllest. Økonomien etter bruksutbygging er så tøff at Bondelaget ønskjer at dei unge som har lyst til å satse burde få best muleg finansiering.

(Pressemelding 4. februar)

### Møre og Romsdal med sterkest støtte til norsk matproduksjon

En uke foran det årlige jordbruksoppgjøret kan bøndene glede seg over massiv støtte: - Et overveldende flertall av nordmenn mener det må satses mer på norsk matproduksjon og aller sterkest er støtten i Trøndelag og Møre og Romsdal. Jeg håper politikerne lytter til dette folkekravet, sier Arne Magnus Aasen, leder i Møre og Romsdal Bondelag.

Tirsdag gjennomførte tusener av bønder over hele landet en aksjon der de blant annet delte ut "Bøndenes finansavis". M&R Bondelag sto utenfor Fylkeshuset i Molde i morgentimene da ansatte kom på jobb. Avisen ble tatt imot med stor interesse, og med mange overraskende tilbakemeldinger om at maten er billig, og at det må være vilje til å satse mer på landbruket. Mange lokale Bondelag brukte dagen på å dele ut "Bøndenes finansavis" på ulike steder i egen kommune.

- Det er naturlig i en tid der finanssektoren må reddes fra ruin, mens landbruk og landbruksindustri jobber for fullt for å levere trygg mat, god mat og ikke minst nok mat. Finanskrisen gir oss et viktig perspektiv på kontrasten mellom luftige verdier og virkelige verdier, sier Aasen.

Bondelaget publiserte også resultatene av en representativ befolkningsundersøkelse som Norstat gjennomførte i mars.

- Undersøkelsen viser at befolkningen prioriterer satsing på landbruket mye høyere enn satsing på finanssektoren, rederinæringen og mediene, som også mottar støtte fra samfunnet gjennom ulike virkemidler. Det er folkekrav at øken



M&R Bondelag delte ut aviser utanfor Fylkeshuset i Molde 21. april. F. v.: Atle Frantzen, Gunnar Wentzel, Anne Turid Myrbostad, alle frå fylkeskontoret, og fylkesleiar Arne Magnus Aasen. (Foto: Arild Erlien).

de matbehov som følge av befolkningsvekst må løses gjennom norsk matproduksjon, ikke gjennom import, sier Aasen.

I Midt-Norge er støtten til landbruket ekstraordinært stor. Hele 77 prosent av de spurte i Midt-Norge mener at skattepenger bør benyttes til å sikre et levedyktig landbruk. Dette er høyest i landet og en klart høyere andel enn den nasjonale andelen på 60 prosent.

(Utdrag av pressemelding 21. april 2009)

### Mjølkebøndene på Vestlandet må sikrast betre økonomi

Alle vil gjerne ha det flotte landbruket på Vestlandet og i fjellbygdene i Sør-Norge. NHO-Reiseliv krev krafttak for "indrefiløten" i turistnæringa, Vestlandslandbruket. Landbruks- og matdepartementet slår fast gong på gong at dei er uroa over utviklinga i Vestlandsjordbruket, men kva skjer? Vi krev at det kjem ei langsiktig satsing på mjølk i fjord- og fjellbygdene. Mjølkebøndene må vere tilstades til ei kvar tid året rundt, og er berebjeleken i landbruket.

Rekneskapstala for 2008 er klåre. - Vi får mange alarmende meldingar om nedgang i inntektene siste året. Eit år der jordbruksforhandlingane la opp til eit inntektsvekst på 10.000 kroner pr. årsverk. For mange mjølkebønder vart resultatet ein inntektsnedgang pr. årsverk på 6.000 - 10.000 kroner. Kostnadene ått opp det som skulle bli ein vekst og meir til. Dette er uholdbart.

Betre vilkår for mjølk er raskast, rimelegast og mest klimavenleg måte å auke produksjonen av storfekjøtt. Då må økonomien i mjølkeproduksjonen sikrast gjennom auka budsjettløyvingar og naudsynte endringar av tollvern.

(Utdrag lesarinnlegg 24. april frå leiarane på Vestlandet: Marta Meland, Hordaland, Per Hilleren, Sogn og Fjordane og Arne Magnus Aasen, M&R)

### Bøndene på bristepunktet: Siste sjanse for regjeringa

- Når staten sitt tilbod dreg ut i år igjen kan det tyde på at resultatet for bøndene blir på eit nytt lågmål. Dei reaksjonane eg har fått frå medlemene over lang tid betyr at mitt råd til forhandlarane kan bli å avslå forhandlingar på eit skambod. Regjeringa skapte forventningar om eit løft for bøndene då den tiltredde. Det løftet er ikkje innfridd, er meldinga frå ein frustrert leiar i M&R Bondelag, Arne Magnus Aasen, i samtale med bønder i Vestnes som etter å vere mellom dei kommunane i landet med størst produksjonsauke i landet ved mykje arbeid og moderate investeringar føler seg lurt.

- Når staten sitt tilbod dreg ut i år igjen kan det tyde på at resultatet for bøndene blir på eit nytt lågmål. Dei reaksjonane eg har fått frå medlemene over lang tid betyr at mitt råd





**Bondelagsleiarane på Vestlandet: Arne Magnus Aasen (t.v.), M&R, Per Hilleren, S og Fj. og Marta Meland, Hordaland, på Vestlandsturen i sept saman med Bondelagets generalsekretær Per Skorge, nestleiar Brita Skallerud og leiar Nils Bjørke. (Foto: Gunnar Wentzel).**

til forhandlarane kan bli å avslå forhandlingar på eit skambod. Regjeringa skapte forventningar om eit løft for bøndene då den tiltredde. Det løftet er ikkje innfridd.

Den sterke åtvaringa kjem frå fylkesleiar Arne M. Aasen etter at inntektstilbodet til bøndene let vente på seg. For han vil tilbodet bli målt opp mot om regjeringa vil bruke budsjettmidlar på mjølk, investering og fjord- og fjellbygdene.

- Prisveksten har gjeve staten store inntekter på matmoms dei siste åra. For bøndene har kostnadsekspløsjonen gitt inntektsnedgang. Mat og miljø er dei største utfordringane verda står overfor. Skal landbruket kunne svare på utfordringa frå storsamfunnet om nok trygg mat må ein sjå til at det er bønder att til å produsere. Alle undersøkingar viser at regjeringa vil vere i samsvar med veljarane sine om den kjem bøndene i møte, er meldinga frå ein utålmodig bondelagsleiar Arne Magnus Aasen på Nordvestlandet.

**(Pressemelding 5. mai)**

## Statens tilbod til bøndene:

### Ingen satsing på mjølk og Vestlandet

- Staten sitt tilbod til bøndene gir ingen jordbruksavtale. Tilbodet betyr igjen at satsinga på Vestlandet er lik null. Den varsla prioriteringa av mjølk viser ikkje igjen i utrekningane for mjølkebruka. Regjeringa har ein kjempeutfordring med å forklare alle som lever av landbruket på ein eller annan måte at dette tilbodet vil gi inntektsvekst og trygge arbeidsplassane rundt i landet. Det doble resultatet i fjor førte faktisk til lågare inntekter.

Arne Magnus Aasen er svært skuffa over at dette skulle vere satsinga på matproduksjonen framfor Stortingsvalet. Vi har hatt store forventningar, men Soria Moria vart eit eventyr utan innhald. - Vi ser at alle rekningane utanom renta har auka. Ein skal ha mykje gjeld og stole på at bankane set ned renta eit heilt år framover for å tru på statens tilbod.

Aasen peiker på det staten må gjere noko med: Den låge ramma over statsbudsjettet gir lite til fordeling. Det er null distriktstillegg i fjord- og fjellbygdene i Sør-Norge. Prioriteringa av mjølkeproduksjonen er usynleg. Samdrifter må få leige mjølkekvote som andre bruk. Det er ingen vilje til å styrke tollvernet for mjølka slik at vi kan få avtalte prisar.

- Det er positivt med ein viss auke i driftstillegget for mjølk, og meir vekt på beiting. Vidare 100 mill kr meir på investeringsmidlar pluss 200 mill kr ekstra for i år. Det er likevel verdt å merke seg at inntektsavtala til bøndene også skal finansiere mange ting som nedskrivning av råvarer til matindustrien og til rydding av kratt langs veg, begge med rundt 50 mill kr meir enn før, seier Arne Magnus Aasen, som reknar med at bøndene sluttar opp om det blir aksjonar.

**(Pressemelding 9. mai)**

## Kva no Vestlandet

Vestlandet er som eit eventyr i desse gode sommarkdagar. Her bur vi mellom nokre av dei fremste turistattraksjonane i landet og verda. Landskapet er ikkje enkelt å drive i, men her blir det produsert mat og industrivarer av topp kvalitet. - Vi er glade for å lese at bøndene på Vestlandet er dei som har sterkast støtte i opinionen lokalt. Politikarane lokalt har ofte heilt andre meiningar enn nokre av partitoppene og ei handfull meningsdannar i Akersgata. Vi trur dette skuldast at dei har heilt andre personlege ambisjonar.

Finanskrisa merkast for mange næringar og arbeidstakarar ved innskrenkingar og mindre etterspurnad. Finanskrisa merkast for bøndene ved mindre matvareomsetning, dels lågare prisar til produsent enn forventa i jordbruksavtala, etterspurnad etter billegare matvarer, og stopp i tømmerhogst. Noen sentrale meningsdannarar meiner maten er dyr når vi i høgkostlandet Norge bruker 10% av inntekta vår på mat. Trass i 14% matmoms har vi ut frå lønnsnivå av dei billegaste matvareprisane i Europa.

Bøndene har siste tiåret hatt ein produktivitetssauke på 4,1% årleg. Det er meir enn dei fleste næringar. Likevel står inntekta på det halve av andre når kostnadene er betalt. På Vestlandet samarbeider fleire om store nye fjøs for å få meir fritid. Det er uheldig at dei ikkje tener pengar på fleire år. - Det følast som å ha fullført fem-mila på ski. Men når du kjem i mål får du beskjed om at du berre er halvvegs.

Verknaden av dagens sterke effektivitetsutvikling vil bli enno meir synleg om nokre år når det store generasjonsskiftet i etterkrigsgenerasjonen er ferdig. Omstillingstakten er rask. På 12 år er talet mjølkeprodusentar i fylket halvert. Situasjonen er i stadig fleire bygder at eit einskild gardsbruk ved enorm innsats held heile bygda eller ein side av fjorden i hevd. Det er sårbart. Det er lang veg å stelle dyrkamarka.

- I verda i dag er det ein stor matkrise og det er mange som svelt. Bøndene har i ei årrekke opplevd å bli hengande etter. Dette rammer ikkje berre bøndene sjølv, men også storsamfunnet, skriv Ap sin tredjekandidat Tove-Lise Torve som kan bli å finne på Stortinget i haust. Ho er også ordførar i Sundal som har handsama ny landbruksplan no.

KrF sin nye stortingsrepresentant Rigmor Andersen Eide peiker på det heilt sentrale at det politikarane kan gjere er å lage gode langsiktige rammevilkår, som ved investeringar. Ho viser til FN sine mål om at matproduksjonen i verda må fordoblast fram til 2060. - Det er ein utåleleg situasjon at FN rapporterer at ein av seks menneske svelt eller er underernært, og at talet aukar. Også i Norge veks folketalet mykje, og vi har berre 50% sjølvforsyning på kaloribasis.

Ordførar i største landbrukskommune mellom Stavanger og Trondheim, Kjell Lode, Fræna, peikte i følge Budstikka i sitt "landbruksopprør" på KS-ordførarkonferansen på arbeidsmengda for ein vanleg bonde. Komande generasjonar vil heller ha eit yrke med ordna arbeidstid og sikker inntekt.

- Vi er i vegen for deg, leste vi på lastebilene. Når ein saktegåande traktor er i vegen for deg som travel ferieturist så vink gjerne vennleg til matprodusenten din så skal vi prøve å køyre varsamt og skaffe deg mat til neste vinter også. Gled deg over at butikkane flommar over av god mat frå fylket og heile landet, til grill og ostekveld. Og mjølk i mange variantar er sunn tørstedrykk !

**(Utdrag av kronikk/lesarinnlegg frå styret i M&R Bondelag 3. juli)**





**Rådgjevar i Norges Bondelag, Christian Anton Smedshaug og landbruksdirektør Anne Berit Løset, på fylkesårsmøtet i mars (Foto: Arild Erlien).**



**Fylkesleiar Arne Magnus Aasen, nestleiar i Norges Bondelag, Brita Skallerud og stortingsrepresentant Else-May Botten (Ap) på leiarmøtet i nov (Foto: Arild Erlien).**

## Bygdefolk sin stemme må bli høyr - din stemme kan få stor vekt

- Bygdefolks stemme må bli høyr i Stortingsvalet måndag 14. sept. Alle stemmer tel. Ingen stemme er bortkasta. Utjammingsmandat kan gi din stemme stor vekt. Det blir skikkeleg politisk dragkamp om svære politiske saker i Stortingsperioden som blir viktig for unge og eldre på bygdene.

Om du er i tvil så stem etter hjertet og magefølelsen. Stortinget skal ta stilling til mange store saker på dine vegne: Arbeidsplassar i distrikta. Mat og landbruk. Energi og miljø. Samferdsel. Skule og helse i kommunane. Samarbeidet med andre land.

- Vi er stolte av vårt demokrati. Når det nokre stader er nesten berre halvparten som deltek i valet må vi vakne. Få med deg familie og kjende til vallokalet. Du kan vere stolt når du har gjort ditt og ikkje overlate til andre å ta vare på deg og dine sine interesser.

**(Lesarbrev 7. september frå fylkesleiarane Arne Magnus Aasen, Bondelaget, Solveig Linge Stakkestad, Bygdekvinnelaget og Kari Haugen, Bygdeungdomslaget M&R.**

## Bondelaget har ambisjonar

Matprodusent Svein Arild Aae skriv i Tidens Krav 7. nov. om Bondelaget sine ambisjonar om inntektsutviklinga for bøndene. Vi vil gjerne kommentere når Svein Arild Aae som ein dynamisk leiar av Averøy-aksjonen og dyktig tillitsvald gjennom mange år drøfter strategien for betre rammevilkår.

Norges Bondelag sine ambisjonar går fram av Prinsippogrammet som siste årsmøtet vedtok for 2009 -2013: "Yrkesutøvarane i landbruket må sikrast høve til inntekt og sosiale ordningar på line med samfunnet elles." Strategien har sidan stortingsvedtaket om inntektsopptapping på midten av 70-talet vore jamstilling med andre grupper. Averøy-aksjonen fikk fram ved å spreie plakatar landet rundt i 2008 i samarbeid med oss at timeglaset var i ferd med å renne ut for målet om eit aktivt landbruk over heile landet.

Norges Bondelag leverer kvart år eit godt grunngeve krav basert på det vi meiner er forhandlingsgrunnlaget i Stortinget sine vedtak. Siste året var kravet 40.000 kroner pr årsverk. Resultatet skal gi mulegheit for inntektsauke på netto etter inntektsfrådrag på 24.000 kroner. Så er det kjend at inntekts- og kostnadsveksten i verdas dyraste land har spist opp alle forsøk på inntektsløft slik at årsinntekta for bøndene framleis er det halve av andre grupper. Inntekt er jobb nummer ein for Bondelaget å gjere noko med, både i forhandlingane og på andre område.

Det er gjennom Norges Bondelag at bøndene har sjansen til å påverke sine rammevilkår. No er 57% av dei aktive bøndene med i Bondelaget. Utfordringa er at alle bønder får

glede av det meste av det vi oppnår liksom i andre fagforbund. Vi har kjempeutfordringar, men meiner også å ha levert ei rekkje resultat med inntektsverknad, skatt og avgift, lovar og reglar, grunneigarrettar og på internasjonale avtaler. **(Lesarinnlegg Arne Magnus Aasen 9. november)**

## Statssekretæren og Bondelaget om Vest-Norge

- Regjeringa må levere kvart einaste år framover, sa Arne Magnus Aasen da styret i Møre og Romsdal Bondelag møtte statssekretær Ola T Heggem i Landbruks- og matdepartementet for å drøfte tiltak for Vest-Norge i Molde denne veka. Heggem sa at statistikken viser at det er gode argument for at det er ein jobb å gjere for næringa på Vestlandet. Fleirtalsregjeringa kan ikkje sitte i åtte år utan snarast å levere ei ny stortingsmelding om matpolitikken.

Statssekretær Heggem viste til at verdikjeda for mat har mykje å seie for mange næringar. Mjølkeproduksjonen på den tungdrevne jorda i vest er krevjande. For å løfte økonomien i næringa er avtalte prisar auka, slik at ein no må sjå på statsbudsjett, skatt og andre kostnadsreduksjonar. Arbeidsforbruket under ulike produksjonsforhold vil bli teke opp. Landbruket har ansvar og mulegheiter innan miljø og klima. Men sterke kreftar ønskjer meir import. Summen av tollfrie kjøtkvoter tek til å bli store.

Aasen sendte med statssekretæren ros for mykje av det leiinga i departementet har utretta til no. Møre og Romsdal Bondelag har teke opp husdyrhaldet i fjord- og fjellbygdene i Sør-Norge som er ganske like. – Det gjeld distriktstillegg og klima, driftsvanskar med bratte små areal i krevjande klima. Vi tok initiativ til at avtalepartane no ser på tiltak som stimulerer dei som driv mange og små jordstykke, sa han.

**(Pressemelding 17. november)**



**Æresmedlem i M&R Bondelag, Gunnar Waagen og storfamilien i fire generasjonar opna i mai nytt fjøs med direkte leidning til gardsmeieriet Tingvollost vegg i vegg. Foran f v. Kristin, Solvår, Ingrid. Bak Egil Smith-Meyer, Gunnar og Toralv. (Foto: Gunnar Wentzel)**

# Kap 4 Organisasjonsarbeid

## 4.1 Lokallag med medlemstal

Lokalt Bondelag	Nyinnmeldte i 2009	31.des 2009	31.des 2008	Endring	Lokalt Bondelag	Nyinnmeldte i 2009	31.des 2009	31.des 2008	Endring
<b>SUNNMØRE</b>					<b>NORDMØRE</b>				
Vanylven og Syvde	3	74	75	-1	Vestnes	6	128	128	0
Rovde	1	25	25	0	Rauma	17	169	163	6
Sande	0	24	28	-4	Nesset	2	90	94	-4
Vestre Sunnmøre	4	84	86	-2	Midsund	1	28	28	0
Volda og Dalsfjord	1	55	55	0	Gossen	3	48	45	3
Austefjorden	0	45	46	-1	Fræna	10	145	144	1
Bjørkedal/Kilsfjord	0	8	8	0	Hustad	1	102	106	-4
Ørsta	3	85	85	0	<b>NORDMØRE</b>				
Follestaddal	0	22	25	-3	Eide	1	72	75	-3
Hjørundfjord	4	65	63	2	Kvernes	0	14	15	-1
Skjåstaddalen	2	30	29	1	Averøy	10	141	144	-3
Ørskog	8	37	31	6	Frei	1	18	17	1
Eidsdal/Norddal	3	46	46	0	Gjemnes	9	174	177	-3
Valldal	1	66	66	0	Tingvoll	0	92	97	-5
Stranda	2	54	54	0	Straumsnes	3	74	73	1
Sunnylven	0	69	70	-1	Sunddal	6	90	91	-1
Geiranger	1	8	7	1	Øksendal	2	32	30	2
Liabygda	0	20	20	0	Ålvundeid	2	41	42	-1
Stordal	1	31	31	0	Ålvundfjord	0	23	25	-2
Sykkylven	25	103	78	25	Surnadal	5	187	193	-6
Skodje	3	47	46	1	Todalen	1	34	36	-2
Giske	1	57	59	-2	Rindal	8	193	189	4
Hildre og Vatne	2	38	40	-2	Aure og Tustna	7	125	128	-3
Ytre Haram	1	38	37	1	Halsa/Valsøyfjord	3	78	77	1
Fjørtoft og Harøy	0	20	22	-2	Smøla	4	68	66	2
<b>ROMSDAL</b>					Direkte medlem	0	1	1	0
Molde	3	113	114	-1	Møre og Romsdal	171	3431	3.430	+1

### Biletglimt frå samrådsmøta med lokallagsstyra i januar 2009:



Over: frå Batnfjordsøra - Under frå Ørsta



Over: frå Molde - Under: frå Sjøholt





## 4.2 Organisasjonssaker

Godt lokallagsarbeid er vårt viktigaste verktøy til fellesskap og makt. Og lokallagsleiarane er krumtappen i Bondelaget!

### LOKALLAG

Det er 50 lokale bondelag i fylket, som er eitt færre enn året før. Fylkeslaget har 11 kvinnelege lokallagsleiarar, som er same som året før. Etter årsmøterunden hausten 2009 er det registrert nye leiar i 8 lokale Bondelag.

Tustna Bondelag og Aure Bondelag hadde samanslåingsmøte 31. oktober, og tok namnet Aure og Tustna Bondelag. Samanslåinga kom på bakgrunn av at dei to tidlegare kommunane Tustna og Aure vart slått saman for nokre år sidan til Aure kommune.

Også Tingvoll Bondelag og Straumsnes Bondelag har siste året drøfta samanslåing, men utsett avgjerda til hausten 2010.

Styret har drøfta danning av Bondelag for heile kommunen. Fylkeslaget har fleire enn eitt lokallag i 11 kommunar.

Noregs Bondelag legg ikkje noko press på dette, men det er ei klår oppfatning at kommunevise lag er fagleg og politisk viktig for Bondelaget slik det også er i andre liknande organisasjonar.

Samanslutning er ikkje nedlegging av lag. Laget sine medlemmer, arkiv og kapital blir berre slått saman. Samanslutning blir vedteke med vanleg fleirtal i årsmøtet og medlemene bør ha fått melding om saka på førehand.

Fylkeslaget ønskjer å følgje spesielt opp lag som ikkje fungerer. Fylkeslaget tilbyr lokallag bistand i samband med ei samanslutning. Lovene plikter lokallaga til å halde årsmøte kvart år.

Lokallaga mottek kvart år kontingentrefusjon etter fastsette satsar for m.a. betalende medlem og prosent av innbetalt kontingent. Midlar til lokallag som ikkje har halde årsmøte siste to år vert halde tilbake i sentralledet og overført til aktivitetsavhengige midlar i fylkeslaget.

### LOKALLAGAS ARBEIDSSITUASJON

Fylkesstyre drøfta på møtet 2. desember rapportskjema til Norges Bondelag om lokallaga sin arbeidssituasjon, og konkluderte med følgjande:

**Lokallaga** arbeider meir med arealsaker, relativt meir med informasjon utad, færre faglege og sosiale arrangement.

**Flaksehalsar** for lokallaga er: Å få ny lokallagsleiarar. Noko mindre organisasjonserfaring enn før. Det vil vere positivt med sentrale aktivitetsspakker med ferdige opplegg som laga kan tilpasse seg.

**Økonomi** i lokallaga: Dei fleste har pengar på bok. Nokre få lag går rundt økonomisk. Nesten ingen har dårleg økonomi, og dei kan søkje Aktivt Lokallagsmidlar. Men godtgjersler og god servering på årsmøta gjer lett at det blir under-skot. Rett at fylka kan prioritere midlar til aktive lokallag som no.

**Tillitsvalde** i lokallaga: Stadig verre å få leiarar. Resten av styret går greitt. Men nedgang i kvinneleg tillitsvalde. Eit par lag utan leiar i årsmøtet.

Dei som tek på seg verv er dei fleste heiltidsbønder, nokre driv i kombinasjon med nye næringar. Det er få seniorar. Men mykje gjenbruk av leiarar og tillitsvalde. Det er nokre unge leiarar, ca 10 prosent. Få reine "hobby-bønder".

**Struktur** på lokallaga kan Norges Bondelag og fylkeslaget gi tydelegare signal om at ein ønskjer at laga normalt dekkjer heile kommunen. Likevel slik at det er viktigare at laga fungerer.

**Informasjon** frå sentralt høveleg mengde og omfang. Positivt med halvferdige opplegg som laga kan nytte på sin måte, som jordbruksavtala, info-opplegg, aksjonar.

**Studieopplegg:** Færre store landsomfattande studiekampanjar som laga står for enn før. Noko blir arrangert av eller i samarbeid med andre som Tine, Nortura, Landbruksrådgivning. (No går dyrehelse, jordbruksavtala.)

### MEDLEMSTAL – 171 NYE

Medlemstalet var ved årsskiftet 3.431, som er 1 meir enn året før. Totalt vart det i kalenderåret 2009 innmeldt 171 nye medlemmer (106 nye i 2008, 106 nye i 2007, 149 nye i 2006, 167 i 2005, 145 i 2004, 155 i 2003 og 181 i 2002).

Av totalt 3.431 medlemmer var det 1.770 (1.772 året før) medlemmer med bruk og 1.661 (1.658 året før) personlege medlemmer og husstandmedlemmer.

Kvart år er det mange som får purring, og seinare varsel om stopp av medlemskapen grunna ubetalt kontingent. I 2009 var det 30 medlemmer som ikkje betalte kontingent, og som i henhold til Norges Bondelag sine lover vart strokne som medlem ved utgangen av same år.

Gjennom melding om opphøyr vert dei varsla om følgjer det kan få for medlemsfordelar som er knytt til medlemskapen som gruppeliv i Gjensidige og Agrol. Medlemskontingenten er Norges Bondelag sin viktigaste inntektskjelde, og er avgjerande for kva moglegheiter vi har til å løyse dei mange arbeidsoppgåvene som ligg foran oss.

Mange lokallag og enkeltpersonar gjer ein meget god jobb for å verve medlemmer. Men auken blir ikkje større når det også er mange som går ut. Vi hadde kanskje trudd at arbeidet som vert gjort skulle gi større uttelling i medlemsopp- slutning og arbeidet i fleire lag. Men i motsetnad til Austlands-fylka har for mange i Møre og Romsdal den oppfatning at når du ikkje lenger har mjølk er du ikkje lenger ordentleg Bondelags-medlem!! Alt for mange melder seg ut av Bondelaget når dei sluttar med mjølk og kjøtt, sjølv om dei framleis sit som grunneigarar.

### MEDLEMSVERVING

Fylkesstyret meiner medlemstilslutninga i Møre og Romsdal er for svak også jamført med samanliknbare fylker. Sjølv om vi i fjor hadde 171 nyinnmeldte medlemmer, har vi ikkje meir enn pluss ein i netto auke. Styret registrerer at nokre lag arbeider godt og konstruktivt med medlemsverving, og vi ser gjerne at fleire lokallag følgjer opp!

Medlemsverving og medlemskontakt er ei prioritert sak i heile organisasjonen som tema på styremøter, i lokallagsbrev, møter og kurs, årsmøtet og leiarmøtet. Innmeldings- skjema vert utsendt i ulike brev og lagt ut på møter. Medlemsverving er sett opp som sak på alle fylkesstyremøter.

Vi har stort medlemspotensiale. Berre 58 prosent av alle bønder i M&R er fagorganiserte som medlemmer i Bondelaget. Men det er store skilnader. I nokre kommunar er rundt 90 prosent av alle bønder medlemmer i Bondelaget. Når fylkeslaget i snitt har som medlemmer berre halvparten av dei som nyt godt av Bondelaget sitt arbeid med jordbruksavtalen, grunneigarsaker, skatt, avgift, lover m.m, er målet å auke medlemstalet endå meir.

Lokallag og einskildpersonar som har gått inn for oppgåva, har vist at det er lett å verve nye medlemmer. Noko av det viktigaste er å spørje folk om dei vil bli med i Bondelaget.

Den uhoegtideleg vervekonkurransen går fram til fylkes- årsmøtet i mars kvart år. Der blir det premiering til alle lokallag som har fått minst 5 nye medlemmer sidan siste årsmøte (**Bilete og omtale av premiering - sjå side 6 - kap. 1**)



Medlemsoversikta (**Kap 4.1 – side 27**) viser at fleire lokallag har fått mange nye medlemmer. Styret vil spesielt nemne Sykkylven Bondelag med 25 nye medlemmer, og der ”supervervar”, tidlegare leiar i Sykkylven Bondelag, Hans Jakob Hatlestad, har verva dei fleste av nye medlemmer.

### Telefonverving

Alle lokale Bondelag fekk i september 2008 brev om medlemsverving og liste over ”Ikkje medlemmer i Noregs Bondelag”. for å finne aktuelle nye medlemmar. Produsentregisterlista var ”vaska” mot medlemslista for Norges Bondelag. Slik hadde ein fått fram ei ny liste med bønder/produsentar som ikkje er medlemmar i Norges Bondelag. Bearbeida liste vart returnert til Møre og Romsdal Bondelag. Alle vart så kontakta på telefon av Tun Telemarketing, Fagernes, våren 2009, etter at Norges Bondelag først sendte ut eit verve-/orienteringsbrev til dei aktuelle nye medlemmane.

Totalt for Møre og Romsdal hadde vi i underkant av 500 aktuelle namn på lista, fordelt på ca 30 lokallag. Resultatet av telefonvervinga vart ca 10 nye medlemmar.

I løpet av vervearbeidet har imidlertid vervarane hatt kontakt med mange potensielle medlemmar som ikkje kunne bestemma seg der og då, som ville tenkja seg om, osv. Det var også ein del personar som vervarane av ulike grunnar ikkje fekk tak i. Fylkeskontoret har no haust sendt til lokallaga ei bearbeida liste med opplysningar om kven det kan vera aktuelt å kontakta på nytt. Det er 5 lag i Romsdal, 10 lag på Nordmøre og 15 lag på Sunnmøre som fekk denne utfordringa.

### Tiltak medlemsverving 2009 – 2010

Til styremøter er det framlagt oversyn som viser at M&R Bondelag er det einaste fylkeslaget med nedgang i medlems-talet siste fem år.

På styremøte 28. august drøfta styret tiltak for medlemsverving i Møre og Romsdal 2009-2010, og konkluderte med:

- Det viser seg at **det er muleg å verve mange nye medlemmer viser erfaringane** der personar eller lokallag tek ein ekstra innsats.
- Det er **stor skilnad i medlemstilslutning mellom kommunane** når det gjeld tal medlemsbruk heldt saman med kor mange som får produksjonstillegg.
- Medlemsfordelar som lokallagsaktivitet og økonomiske fordelar som forsikring har verdi.
- **Eigarskiftekurset 24.10.09** må følgjast opp i samband med medlemsverving.
- Det blir ikkje oppretta **verveutval** med mindre det finst personar til eit slikt utval som kan ta heilt konkrete verveoppgåver.
- Vi vil minne lokallaga om NB si ordning med **premiering av dei som har verva 3 -5 og 10 og beste lokallag** nasjonalt i Lokallagsbrev.
- Fylkeslaget held fram premiering på årsmøtet av personar og/eller lokallagsleiarar når det er verva minst 5 nye på eitt år. Fylkeslaget premierer Aktivt Lokallag med kr 3.000 der medlemsvervingsopplegg er eit av kriterier som før.
- Dei ca 20 lokallaga som ikkje har plukka ut aktuelle nye medlemmar blir ikkje spesielt følgd opp.
- **Oppfølging av resultat/opplysningar frå telefonvervinga** blir prioritert haust/vinter 2009/2010. Fylkeslaget si rolle blir å leggja eit godt grunnlag for vervearbeidet i lokallaga.

- Samarbeidet med Gjensidige blir halde vedlike. Gjensidige får medlemslister og lister med oversikt over aktuelle medlemmar, m.m., frå fylkeslaget.
- Følgje opp aktuelle personar på lister over utmeldte og ikkje betalt.
- Først og fremst at alle spør folk om medlemskap.
- Styret vil be Norges Bondelag vurdere å auke vervepremien t.d. slik at den som vervar får kr 1.000 for medlemsbruk og personleg medlem noko mindre.

## ARBEIDSPLANAR

Forutan arbeidsplan for Norges Bondelag har fylkeslaget si arbeidsplan vedteke av fylkesårsmøtet kvart år å halde oss til. Fylkesstyret oppmoder også lokallaga om å ha arbeidsplan, helst vedteke av årsmøtet (eller styret). Som døme kan nemnast Rauma Bondelag, som har ein halvårsplan for møter og aktivitetar som vert send ut til medlemmane.

Fylkeslaget peikte i haust på nokre saker alle lokallag bør gjennomføre i løpet av året:

1. **Eitt fagleg eller sosialt tilbod til medlemmene** (som fagmøte, utferd, bondekafé)
2. **Studiering eller kurs:** (inkl. uttale jordbruksforhandlingane minst kvart andre år)
3. **Utadretta informasjon** (som Open Gard, Bygdedagar, kontakt politikarar el. media)
4. **Lokale saker for medlemmene i kommunen** (synleg i lokalsamfunnet og på saker som arealplanar, forvaltning av SMIL-midlar, samarbeid med andre organisasjonar, representasjon)
5. **Opplegg for medlemstilslutning** (som sjå til at nye i næringa og grunneigarar er invitert)

## AKTIVT LOKALLAGSMIDLAR 2009

Det var i år laga nytt rapportskjema for lokallagsarbeid og ved tildeling av aktivitetsmidlar 2009. Det nye var m.a. at fylkeslaget ba alle laga melde om kva dei har gjort med fem hovudsaker på arbeidsplanen. Vi meinte rapportskjemaet var hjelp til å planlegge og gjennomføre prioriterte arbeidsområde. Rapporten gav også grunnlaget for å vurdere tildeling av aktivitetsmidlar, der søknadsfrist var 25. november. Dersom det var utarbeid årsmelding og rekneskap, ville vi gjerne ha det tilsendt.

På møte 2. desember fordelte styret 90.000 kroner etter søknad frå 27 lokale Bondelag. Det var ein føresetnad for tildeling at laget hadde søkt, med unntak av Open Gard, som fekk kr. 4.000,- pr. arrangement. Open Gard er eit prioritert arrangement i Norges Bondelag og landbruket sitt store familiearrangement då alle kan kome på gardsbesøk for å gjere seg kjent med bonden, matproduksjonen og livet på garden. Lokallag som tek på seg den arbeidskrevjande og viktige oppgåva med å halde Open Gard, krev god planlegging, skal honorerast for ikkje å risikere å sitte att med underkot.

Vidare vart det utan søknad gjeve kr. 3.000 i støtte til lokale Bondelag som har hatt ansvar for dyre- og/eller maskinutstilling på utadretta arrangement i bygda, utanom gard i samarbeid med andre.

Vidare fordeling var kr 400 til alle lag som har uttala seg om jordbruksavtala når dei også har sendt inn søknad og kr. 300,- til anna prioritert aktivitet etter skjønn.

Styret var imponert og svært glad for dei mange gode aktivitetane som er i lokallaga på utadretta tiltak, tilbod til medlemmene og medlemsverving.

## ÅRSMØTA I LOKALLAGA

Fristen for å halde årsmøte i lokallaga er sett til midten av november. Men fylkeslaget oppmodar om å halde årsmøtet så tidleg som mogleg om hausten, gjerne i september og oktober. Sjølv om det har betra seg noko, er det framleis eit "problem" at mange lokallag held årsmøte alt for seint, då det får følgjer for andre aktivitetar.

Liste over idear til tema og innleiarar på årsmøte/temamøte i lokallaga vart også i år sendt ut i september. I tillegg låg det ved eiga liste over aktuelle tema som Landbruksavdelinga og Gjensidige kan bidra med på samlingar i Bondelaget. Mange lag nyttar seg av andre i "landbrukssystemet" og rundt oss i kommunane, alliansepartnarar, som innleiarar.

Fylkeskontoret sendte ut i september adresseetikettar og medlemsliste over alle medlemmene i lokallaget til bruk ved innkalling til årsmøtet. På førespurnad sender vi ut ajourført medlemsliste og etikettar for medlemene i laget gjennom heile året, og svært mange lokallag nyttar seg av dette.

Fylkeslaget oppmoda valnemndene i lokallaga om å prøve å få minst ein tredel kvinner. Vidare bør valnemnda *ut frå laget sin økonomi* drøfte godtgjersle til styret og møtegodtgjersle ved representasjon utanfor kommunen. Fleire lag nyttar maks-satsen for avløyning under sjukdom.

Ved årsskiftet var det nokre få lag fylkeslaget ikkje har høyrte ifrå m.o.t. å halde årsmøte. Fylkeslaget har delteke på dei årsmøta i lokallaga vi har fått forespurnad om.

Nytt i år var at styret sette opp ei "**fadder-ordning**" for lokallaga. Styremedlemmer og tilsette fekk ansvar for 5 lokallag kvar m.o.t. å ha kontakt med lokallaget om årsmøtet, og eventuelt delta på årsmøtet om laget ønskte det. Men dette var ikkje til hinder for at lokallaget kunne ha ekstern innleiarar. Oppsett over styremedlemmer og tilsette "sine lokallag" vart sendt ut før årsmøterunden.

Fylkesstyret sin konklusjon etter årsmøterunden er at det er engasjement og gode årsmøte i lokallaga med ei triveleg ramme. Det er framleis vanskeleg å få ny leiar i einssilde lag. Styret synest at fadderordninga er positivt for heile styret sin kontakt med lokallaga, og med nokre fleire besøk fordelt på fleire i styret enn tidlegare. Vil rullere fadderlaga neste år.

## GODTGJERSLE TIL TILLITSVALDE I LOKALLAGA OG SKATT OG ARBEIDSGJEVARAVGIFT

Norges Bondelag sendte våren 2009 ut melding til lokallaga om krav til oppgaveplikt. Møre og Romsdal Bondelag sendte både i juni og i september utgreiing om korleis fylkeslaget oppmoder lokallaga om å innrette seg for at organisasjonen skal oppfylle dei byråkratiske krava til slike godtgjersler og utgiftsdekning. Vidare skjema for godtgjersle samt forslag evt reiserekning i laga. Fylkeslaget oppmoda laga om å sikre utgiftsdekning, vurdere dei samla kostnadene i forhold til lagets inntekter, og elles gjere det så enkelt som muleg.

## SAMRÅDINGSMØTER MED LOKALLAGSSTYRA

vart halde 13. – 15. januar på fem plassar i fylket. Fylkesleiar Arne Magnus Aasen og organisasjonssjef Gunnar K. Wentzel deltok på alle møta. Fylkesstyremedlemmene møtte på eit møte der det høvde best. Møta var lagt opp med 2 møter på Sunnmøre og 3 møter i Romsdal/Nordmøre på både dag- og kveldstid slik at laga og styremedlemmene sjølv kunne velje kor det høver best å møte.

Totalt møtte det 95 tillitsvalde frå 36 lokallag. Ørsta hadde 25 deltakarar, Ørskog 23 deltakarar, Molde 18 deltakarar, Batnfjordsøra 19 deltakarar og Surnadal 10 deltakarar.

Tema for samlingane var arbeidet i Norges Bondelag og i lokallaga. Vekt på organisasjonsarbeid på dagmøta. Informasjonsarbeidet framover, arbeide med lokalt informasjonsmaterieil og presentasjon, og erfaringar med informasjon lokalt. Open post for saker frå laga - Aktuelle saker frå fylkeslaget. Næringspolitikk. Jordbruksforhandlingane 2009.

## AREALFORVALTING OG LOKALLAGSARBEID PÅ LEIARMØTET

Leiarmøtet i Møre og Romsdal Bondelag vart halde på Hotell Alexandra i Molde fredag 27. og laurdag 28. november. Første dag var sett av til temakurs om lokal arealforvaltning og organisasjonskurs for nye tillitsvalde i lokallaga. Laurdag meir vanlege næringspolitiske og faglege saker felles for alle

Som ein viktig del av Bondelaget si satsing på tillitsvalde på alle plan i organisasjonen, var heile styret i lokallaga invitert til ein eller to dagar etter ønskje.

Totalt deltok det 85 personar på Leiarmøtet ein eller to dagar. Av desse var det 62 tillitsvalde frå 33 lokale bondelag, 10 tillitsvalgte/tilsette frå fylkeslaget/-kontoret, leiar i valnemnda og 12 innleiarar/gjestar. 20 lokale Bondelag stilte med to eller fleire deltakarar.

– Det er viktig å begeistre kvarandre, sa leiar Arne Magnus Aasen i velkomsten då han opna møtet. - Mediabiletet har endra seg til vår fordel dei seinare åra. Det er bra landbruksministeren set fokus på kjedemakta. Så er det viktig at vi er offensive utad før landbruket legg fram sitt krav. Vi skal gi forhandlingsutvalet vind i ryggen utan å blåse dei overende. I komande fireårsperiode må mjølkeproduksjonen og fjord- og fjellbygdene vere prioritert.

### Kurs i lokal arealforvaltning

Første dag var sett av til temakurs med innleiarar frå Norges Bondelag. På kurs i lokal arealforvaltning fredag deltok 50 personar. Føremålet med kurset var å auke kompetansen i lokallaga om lokal arealforvaltning etter Plan- og bygningslova og anna aktuelt lovverk. Det var også viktig å visa korleis lokallag, bønder og grunneigarar kan ta del i prosessar, engasjera seg i saker og sikra rettar, erstatning, m.v.

Advokatfullmektig i Norges Bondelag, **Sissel Fykse**, innleia om Plan- og bygningslova, arealplanar og planprosessar, samt Forvaltningslova og Offentleglova.

Førstekonsulent i Norges Bondelag, **Ole Nicolai Skulberg**, tok for seg Jordlova samt andre dokument som er førande for forvaltninga av landbruksareal.

Prosjektleiar **Terje Engvik**, orienterte om prosjekt "Småskala kraftverk – næringsveg i bygdene på Vestlandet".

Sivilagronom og tidlegare organisasjonssjef i Oppland Bondelag, **Nils Rønningen**, tok så for seg rettar, plikter og mulegheiter ved inngrep i eigedom. Han kom særleg inn på forhold knytt til organisering, medvirkning og erstatning.



Nils Rønningen, Ole Nikolai Skulberg og Sissel Fykse.



Leiar i Midsund Bondelag, Odd Helge Gangstad, nestleiar i Norges Bondelag, Brita Skallerud, rådgjevar Renate Kvamme og styremedlem Birgit Oline Kjerstad. (Foto: Arild Erlien).

### Temakurs om lokallagsarbeid

Det andre temakurset om lokallagsarbeid for nye tillitsvalde samla 25 personar. Andre nestleiar i Norges Bondelag, **Brita Skallerud**, tok opp korleis vi får gode lokallag. Lokallagsleiar **Ivar Aae** fortalte om korleis dei driv i Averøy Bondelag. Rådgjevar **Renate Kvamme** frå Næringspolitisk avdeling i Norges Bondelag heldt kortkurs med gjennomgang av jordbruksavtala og næringspolitikken.

### Gruppevandring

Fredag vart avslutta med gruppevandring, der forsamlinga vart delt i fem grupper og vandra rundt for å bli kjend med innleiarane og kvarandre til samtale på desse postane: 1) Norges Bondelag med Brita Skallerud og Renate Kvamme, 2) Fylkesstyret med Arne Magnus Aasen og Inge Martin Karlsvik, 3) Lokale planprosessar med Nils Rønningen og Terje Engvik, 4) Landbruksavdelinga i fylket med fylkesjordsjef Ottar Longva og Arnold Hoddevik og 5) fylkeskontoret med Gunnar Wentzel, Arild Erlien og Atle Frantzen.

### Næringspolitiske og faglege saker

På leiarmøtet laurdag var det meir vanlege næringspolitiske og faglege saker felles for alle. **Brita Skallerud** snakka om inntektskampen med ny regjering, nytt Storting og ny Stortingsmelding. **Renate Kvamme** tok for seg faglege tema i jordbruksoppgjeret 2010.

### Stortinget

Nyvald stortingsrepresentant og medlem i Næringskomiteen, **Else-May Botten** (Ap), Molde, heldt innlegg om arbeid og næring i desse finanstider, og med sideblikk til andre næringer og arbeidsorganisasjonar i vårt fylke.

### Medlemsfordelar

Vidare var det orientering om Bondelaget sin nye samarbeidsavtale med Landkreditt Bank, ved representantskapsmedlem i Landkreditt, **Ola Steinsvik**, Volda. Salsjef i Gjensidige Nordmøre og Romsdal, **Bjarne Sjøholm**, orienterte om Bondelaget sine gode forsikringsordningar i Gjensidige, og opplyste at det no er 40.000 medlemmer som har Gruppeliv.

### Regionalt Miljøprogram

og arbeid med endringar i 2010 vart teke opp av fylkesjordsjef **Ottar Longva** og Bondelagets nestleiar **Inge Martin Karlsvik**. Det vil bli ein prosess i samarbeid med faglaga på justering av reglane i kommunane for 2010 slik at m.a. bratt areal som kan bli grunngeve med miljøverdiar blir teke med. Slik det er no har fleire kommunar med bratt areal som før og andre ikkje. Møre og Romsdal Bondelag har heile tida kravd at bratt areal skal kunne vere med som før.



Leiarmøtet i Molde nov. 2009: Leiar i Todalen Bondelag Olaug Kvendset (t.v.), nestleiar i Halså og Valsøyfjord Bondelag, Marte Halvorsen og stortingsrepresentant Else-May Botten (Ap). (Foto: Gunnar K. Wentzel).

### Samvirkeanlegg

Leiarmøtet vart avslutta med fokus på bøndene sine produksjonsanlegg i M&R, om Kornsiloen på Vestnes som grunnlag for produksjon i fylket på storfe, gris og fjørfé. **Arne Magnus Aasen** innleia med at samvirkeanlegg i eller nær fylket vil vere avgjerande rammevilkår for framtidig produksjon i fylket. For kraftförbaserte produksjonar kan det bli mindre politisk forståing om vi køyrer kraftförr inn og slakt ut over store avstandar. Han hadde ikkje sans for at FKAgri tek ut tonnasje og svekkar Kornsiloen. Styreleiar i Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal, **Oddveig Gikling-Bjørnå**, sa det er ønskjeleg at bøndene i heile fylket som har vore med å byggje opp kraftforfabrikken framleis krev kraftförr frå Kornsiloen slik at det er grunnlag for lønsam drift.

## ÅRSMØTET I NORGES BONDELAG

vart halde i Bodø 10.-12. juni. Utsendingar frå M&R var forutan fylkesleiar Arne Magnus Aasen dei årsmøtevalde utsendingane Inge Martin Karlsvik, Anne Katrine Jensen, Birgit Oline Kjerstad, Hans Frafjord, Gunnbjørg Trondsen (vara) og Gunnar K. Wentzel (vara). Dei årsmøtevalde utsendingane Per Kristian Gjerde og Audun Skjervøy meldte forfall, og dei øvrige på varalista var spurt og kunne ikkje møte. Odd Chr. Stenerud, Giske, deltok som ordstyrar i årsmøtet, og statssekretær Ola T. Heggem frå Rindal møtte frå Landbruks- og Matdepartementet. (Sjå bilete side 2)

Odd Chr. Stenerud, Giske, attvalt ordstyrar i årsmøtet, og er dermed framleis ved styrebordet i Norges Bondelag. Nils T. Bjørke frå Hordaland valt til ny leiar etter Pål Haugstad.

Anne Katrine Jensen påpeika i eit innlegg på årsmøtet at inntekt er den viktigaste stimulans for rekruttering til landbruket. Ho er sjølv bruksutbyggjar med ungdom på garden. Næringa skal appellere både til odelsjenta og andre yrkesgrupper som ønskjer å skifte beite. For at landbruksnæringa skal bli meir synleg gjorde ho framlegg om at samvirke og Bondelaget går saman om felles profilering i ulike media.



Mørebenken på NB-årsmøtet (Foto: Gunnar Wentzel).



## Prinsippprogrammet for Norges Bondelag

Nestleiar Inge Martin Karlsvik fremma til det nye Prinsippprogrammet for Norges Bondelag forslag om at rekruttering skulle vere ei prioritert oppgave. Denne prioriteringa er eit felles forslag frå Mørebenken og dei tre Vestlands-fylka. Forslaget var også ein del av framlegget frå leiar Anders Øverbø i Rauma til årsmøtet i M&R Bondelag. Årsmøtet i Norges Bondelag vedtok i tillegg til fleire punkt at tiltak som motiverer ungdom for utdanning og yrkesval innan landbruk og bygdenæringar må styrkast.

Inge Martin Karlsvik la fram desse prioriteringane som Vestlandsfylka står bak:

- ✓ God rekruttering må først og fremst sikrast gjennom ei betre inntektsutvikling i næringa. Dessutan må det fokuserast på dei positive sidene ved yrket, samt fordelane ved å bu og arbeida i eit lokalsamfunn.
- ✓ Det må leggjast betre til rette for auka rekruttering av kvinner til landbruket.
- ✓ God rekruttering vil styrka landbrukets og bøndenes omdømme i samfunnet.
- ✓ Tiltak som motiverer ungdom for utdanning og yrkesval innan landbruk og bygdenæringar må styrkast.
- ✓ Norges Bondelag må i større grad marknadsføra og fokusera vidaregåande skular som tilbyr landbruksfaglege studieretningar.
- ✓ Arbeidet med rekruttering bør gjelda alle aldersgrupper, men bodskap og tema må tilpassast.

## Oppmoda om ny arbeidsmåte med jordbruksavtala

Arne Magnus Aasen tok opp at medlemene produserer meir, men ser mindre pengar att på botnlina. Han tilrådde at det neste år blir lagt hovudvekt på lokalpolitisk arbeid. Bondelaget kan kartleggje utviklinga og mulegheiter i alle fylker framfor full runde med studiehefte framfor forhandlingane.

## Årsmøtetidspunkt.

Arne Magnus Aasen ba om at årsmøtetidspunktet blir flytta frå slåttetida. Han viste til at det er i denne tida ein legg grunnlaget for drifta komande året.

## Vestlandsbøndene med felles appell

- Utviklinga i dei tre Vestlandsfylka går i feil retning raskare enn for andre landsdelar. Dei naturgjevne forholda med klima, bratt areal og små teigar kombinert med stadig større maskinar talar ikkje til vestlandsbonden sin fordel. Inntektsutslaget av årets jordbruksoppgjær viser ingen spesiell prioritering av mjølk eller Vestlandet. Dette sa dei tre fylkesbondelaga på Vestlandet i ei felles oppmoding til styret i Norges Bondelag. Arne Magnus Aasen presenterte situasjonen på årsmøtet. Fylkeslaga inviterte også den nye leiinga i Norges Bondelag til "den klassiske Vestlandsturen" for å sjå på tiltak saman. Det var tilsvarande opplegg for nokre år sidan.

## M&R BONDELAG VIL FLYTTE ÅRSMØTET I NORGES BONDELAG FRÅ ONNETIDA I JUNI

Fylkesstyret drøfta på styremøte 2. desember eit notat frå Norges Bondelag om årsmøtetid og eventuelle endringar av årshjulet til organisasjonen. Dei gjorde vedtak om at Møre og Romsdal Bondelag går sterkt inn for at årsmøtet i Norges Bondelag blir flytta frå onnetida i juni. Norges Bondelags årsmøte i månadskiptet okt/nov. Leiarmøta i fylkeslaga kjem då i etterkant. Vi såg gjerne at det er grundig vurdert å ha årsmøte i Norges Bondelag tidleg i april. Fylkeslaga sitt årsmøte i mars som no, eller evt før 15. mars. Lokallaga sitt årsmøte som før innan november.



Bondelagets samarbeidsadvokat Ole Houlder Rødstøl på temadag om eigarskifte 24. okt. (Foto: Arild Erlien).

## UNGE OG ELDRE BØNDER PÅ TEMADAG OM EIGARSKIFTE

Det vart ein lærerik temadag om eigarskifte M&R Bondelag arrangerte på Felleskjøpets kantine, Molde, laurdag 24. okt. Bondelagets samarbeidsadvokat **Ole Houlder Rødstøl** og advokatfullmektig **Marit Moe Rasmussen** sto for det faglege innhaldet for 30 deltakarar frå heile fylket. Fire unge bønder melde seg inn i Bondelaget i samband med kurset.

Tilsvarande samlingar tidlegare år har vore så populære at M&R Bondelag også i år arrangerte samling. Ole Houlder Rødstøl er partner i advokatfirmaet Øverbø Standal & CO i Molde og samarbeidsadvokat for Møre og Romsdal Bondelag. Han har særlege arbeidsområde knytt til generasjonsskifte, forretningsjuss, odelsrett og skatt/arveavgift.

Temadagen hadde ikkje som formål å setje deltakarane i stand til å gjennomføre eit eigarskifte på eiga hand med utfylling av alle skjema. Derimot var det fokus på planlegging av eigarskifte og kva ein bør vere merksam på av økonomiske og menneskeleg omsyn.

Sentrale tema som vart teke opp var m.a. odelsrett, særlege eller felleseige, uskifte bu, sambuarar, skatt og avgift, overdragsformer, takst, kjøpesum, tidlegpensjon, m.m.

Målgruppe for dagen var alle som skal inn i eller er inne i ein eigarskifteprosess. Kurset var gratis som ein medlemsfordel for medlemar i Norges Bondelag, men ope for andre.

## SAMLING FOR UNGE BØNDER

Det er mange unge rekruttar i landbruksnæringa, og det er plass for fleire. Bondelaget samla 25 nye bønder frå heile fylket i helga 7. og 8. februar på Molde Fjordstuer. (**Sjå bilete på baksida**). Kurset hadde som målsetting å gje dei unge bøndene som er medlemar i Norges Bondelag ein kjennskap til Bondelaget og utfordringar for nye bønder. Medlemar i Bondelaget under 35 år hadde gratis kurs og opphald. Kursavgift for andre deltakarar.

Programmet fokuserte på ulike juridiske sider ved det å vere bonde, aktuell virkemiddel i landbruks- og næringspolitikken, og kva Norges Bondelag kan bidra med. Dette stod fylkesleiar **Arne Magnus Aasen** og organisasjonssjef **Gunnar Wentzel** i Møre og Romsdal Bondelag for.

Rådgjevar **Lasse Krogseth** frå TINE Midt-Norge snakka om å styre garden som bedrift – økonomistyring, driftsplanlegging, utfordringar, ansvar, plikter.

Laurdag ettermiddag var forsamlinga på interessante gardsbesøk hos bøndene **Signe og Roger Håseth** og hos **Steinar Sylte**, som begge er i styret i Fræna Bondelag. Dei fortalde om korleis dei hadde lagt opp drifta aleine og i samarbeid med andre for å få best muleg resultat.

Bondelagets samarbeidsadvokat **Ole Houlder Rødstøl** og advokatfullmektig **Marit Moe Rasmussen** i Advokatfirmaet

Øverbø Standal & Co gav dei unge bøndene ei brei og nyttig orientering om aktuelle juridiske spørsmål: Juridiske forhold ved ekteskap og samboarskap, arv og skifte, særlovene i landbruket, kår, sal av eigedom, og alt vurdert ut frå omsyn til økonomi og skattar og avgifter.

**Sivert Gravem** frå Innovasjon Norge orienterte om investeringsverkemiddel og finansieringsmuligheter som Bondelaget har forhandla fram og som dei forvaltar.

## KURS FOR SAMARBEIDANDE REKNESKAPSKONTOR

Det årlege tema- og skattekurset for samarbeidande rekneskapskontor vart halde på Quality Hotel Grand i Kristiansund 21.-23. oktober. Anne Turid Myrbostad var kursvert for 37 deltakarar på temakurset og 83 deltakarar på skattekurset.

Temakurset halde onsdag 21. oktober med tema ”Samvirke – populær foretaksform i landbruket”, og innleiar var Svein Aalling frå Orwall & Co. Temakurset var og dette året samarbeid mellom Økonomiforbundet og Norges Bondelag.

Skattekurset halde 22.-23. okt. Det årlege kurset for samarbeidande rekneskapskontor vert arrangert i sin heilheit av Norges Bondelag. Hovudinnleiarar var Arnstein Tveito frå Norges Bondelag og Svein Alling frå Orwall & Co. Hovudtema var skatte- og avgiftsopplegget for komande år, aktuelle rekneskaps spørsmål og aktuelle dommar og uttalar.

Første dag hadde kurset to parallelle sesjonar: Gjennomgang av nye forsikringsvilkår for rekneskapsbransjen ved Gjensidige med innleiarar Bjarne Sjøholm og Stein Gunnar Jenssen, og Ansvarlig selskap med hovudvekt på oppløysing ved Svein Alling. Skatteetaten hadde siste dag ein time med orientering om regelverk, avgifter og oppgjør omkring mva-registrering. Innleiar frå Skatt Midt-Norge var Britt Leraan.

## ÅRSMØTEKONFERANSE SAMLA 99 DELTAKARAR

I framkant av årsmøtet i M&R Bondelag, vart det fredag 13. mars på Alexandra Hotel i Molde halde ei næringspolitisk konferanse med 99 deltakarar om matproduksjonen i Norge og Møre og Romsdal med hovudtema – ”Skal vi lage maten vår sjølv eller stole på andre land?”

Deltakarar var frå lokale Bondelag, politikarar, kommunar ved politisk leiing og personar med ansvar for landbruk og næring, bankar, M&R fylke, Innovasjon Norge. Konferansen viste at det er nyttig å kome saman til felles utveksling av informasjon, idear og gje inspirasjon.

Bak i salen på Hotell Alexandra var det **stands** ved Gjensidige, Landbruk Nordvest, Bygdefolkets Studieforbund, M&R Bondelag, Landbruksavdelinga i M&R fylke og Småkraftprosjektet på Vestlandet.

Under konferansen var det **musikkinnslag** på torader ved tidlegare fylkesagronom Rannveig Djønne, Arngunn Time



I framkant av fylkesårsmøtet var det næringspolitisk konferanse med 99 deltakarar (Foto: Arild Erlie).

nes Bell på fele, og Laila Storli, fele og vokal. Konferansen vart opna av fylkesleiar **Arne Magnus Aasen**.

Rådgievar i Norges Bondelag, **Christian Anton Smedshaug**, snakka om matvareforsyninga i verda.

Matvareproduksjonen og jordvern i fylket var tema for landbruksdirektør **Anne Berit Løset** sitt foredrag.

Flere politikarar presenterte på konferansen sitt parti sine svar på utfordringane for landbruksnæringa i fylket og matvareforsyninga i verda: statssekretær i Landbruks- og Matdepartementet, **Ola T. Heggem**, stortingsrepresentantane **Leif Helge Kongshaug** (V) og **Bjørn Jakobsen** (SV), og stortingskandidatane **Rigmor Andersen Eide** (KrF) og **Torgeir Dahl** (H).

Dei lokale bøndene **Kari Raanes** frå Averøy og **Erik Olufsen** frå Aure presenterte sin gard og matproduksjon.

Siste del av konferansen var sett av til korte spørsmål og kommentarar frå salen, som innleiarane svara på, før nestleiar i Norges Bondelag **Eli Reistad**, avslutta og oppsummerte.

## KONFERANSE OM PRIMÆR-NÆRINGANE OG MATVAREKRISA

Heile fylkestyret og tilsette på fylkeskontoret deltok på EU-konferanse under Matfestivalen i Ålesund fredag 28. og laurdag 29. august, arrangert av Nei til EU i Møre og Romsdal i lag med Bondelaget og Fiskarlaget i Møre og Romsdal. Konferansen om utfordringane for landbruk og fiske i lys av matvarekrisen i verda var sponsa av Utanriksdepartementet sitt program for informasjon om EU. Blant dei vel 60 deltakarane på konferansen var det ei sterk liste med foredrags-haldarar og deltagarar.

- Norsk landbruk er ei suksesshistorie, sa den nye generalsekretæren i Norges Bondelag, **Per Skorge**, i sitt foredrag om våre primærnæringar og WTO. Skorge stilte krav til ei framtidig WTO-avtale at den må gje landa mulegheit til å føre vidare nasjonale mål, og viste til utfordringane i matproduksjonen i mange av U-landa.

Fiskarlaget stilte med generalsekretær **Jan Skjærvø** og leiar i Møre og Romsdal Fiskarlag, **Lars Hopmark**, Smøla. Jan Skjærvø innleia om utviklinga i fiskerisektoren i eit langsiktig og internasjonalt perspektiv, og kva vi kan vente i framtida. Fiskeri er landets nest største eksportnæring – går til 150 land, og har over 2.000 ulike produkt.

Statssekretær **Vidar Ulriksen** i Fiskeri- og kystdepartementet med bakgrunn i fiskerinæringa i Sogn og Fjordane, innleia til debatt om utfordringane for fiskeri og landbruk i Norge med EU som nabo.

Nestleieren ved EU-kommisjonen sin delegasjon i Norge, ambassaderåd **Martin Skylv** frå Danmark, som ser fram til fire år i Norge, orienterte om mål og resultat ved EUs fiskeforvaltning og landbrukspolitikk.



F.v.: statssekr. Vidar Ulriksen, generalsekr. i Fiskarlaget, Jan Skjærvø, generalsekr. i Bondelaget, Per Skorge og ambassaderåd Martin Skylv (Foto: Arild Erlie).



Stortingsrepr. **Leif Helge Kongshaug** (V), Averøy, snakka om næringspolitiske utfordringar for eksportfylket M&R

Primærnæringane og Stortinget, og har det nokon betydning kva regjering vi har, var sett opp som innleiingar og meningsutveksling for stortingsrepresentantane **Elisabeth R. Nørve** (H), Ålesund og **Bjørn Jacobsen** (SV), Molde.

Arbeiderpartiet sin engasjerte førstekandidat med fagfor-einingsbakgrunn frå LO, **Else-May Botten**, Molde, tok føre seg korleis fylkespolitikarar og fagbevegelse kan medverke for å sikre primærnæringane.

Den for lokalmat og opplevingar varmttalande president i NHO Reiseliv, dagleg leiar for anlegg i Classic Norway, **Ragnar Heggdal**, Molde, snakka om reiselivet og primærnæringane.

## DEN KLASSISKE VESTLANDSTUREN

Den klassiske Vestlandsturen med leiinga i Norges Bondelag vart avvikla 28. og 29. september. Med på turen var leiar Nils T. Bjørke, 2. nestleiar Brita Skallerud, generalsekretær Per Gunnar Skorge, næringspolitisk sjef Per Harald Agerup og rådgjevar på infoavdelinga, Per Ole Randberg.

Turen vart arrangert av fylkesbondelaga i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, etter invitasjon frå dei tre fylkesleiarane på årsmøtet i Bodø i juni. Fylkesleiarane, nestleiarane og organisasjonssjefane var med frå fylkeslaga. Frå Møre og Romsdal møtte Arne Magnus Aasen, Inge Martin Karlsvik og Gunnar Wentzel.

Vestlandsturen starta i Sogndal måndag 28. sept., og enda opp i Bergen dagen etter. Tema for turen var utfordringar for vestlandslandbruket, der det på ruta var mange stopp og gardsbesøk, med både tradisjonelt landbruk, fruktproduksjon, arronderingsproblematikk, lokal foredling og reiseliv.

Leiinga i Norges Bondelag gav uttrykk for at synfaringane og dialogen med lokale landbruksrepresentantar var svært informativ og nyttig med tanke på å få ei god innsikt i utfordringane i næringa i landsdelen.

## VILKÅRA FOR LANDBRUKET PÅ VESTLANDET

Landbruket i dei tre vestlandsfylka har størst nedgang i landet når det gjeld areal og bruk i drift, arbeidsforbruk, og produksjon av mjølk og alle kjøttslag. Dei tre fylkesbondelaga på Vestlandet; Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland, har i heile 2009 hatt tett samarbeid i og oppfølging av fleire saker.

15. og 16. april vart det halde felles styremøte i Jølster mellom fylkesstyra i dei tre Bondelagsfylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Landbruket på Vestlandet, informasjonsaksjonar, prinsippprogram for Norges Bondelag (**sjå omtale kap 3.2.-side 15**) og arbeidsmåten i fylkesbondelaga var felles tema for møtet. Arne Magnus Aasen innleia på møtet til drøfting om korleis ein skal sikre mjølkproduksjonen på Vestlandet i framtida.

I etterkant vart det utarbeida felles uttale til media frå møtet (**Sjå kap 3.15 – Side 24**), og lesarinnlegget ”Mjølkebøndene på Vestlandet må sikrast betre økonomi” vart sendt 24. april underteikna av bondelagsleiarane på Vestlandet: Marta Meland, Hordaland, Per Hilleren, Sogn og Fjordane og Arne Magnus Aasen, Møre og Romsdal.

På årsmøtet i Norges Bondelag i Bodø 10.-12. juni la fylkesleiar Arne Magnus Aasen på vegne av utsendingane frå Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland fram ei skriftleg oppmoding til styret i Norges Bondelag om reell prioritering av Vestlandet: (**Sjå kap 3.6 – Side 19**)



Deltakarar på den klassiske Vestlandsturen med leiinga i Norges Bondelag 28. - 29. sept. (Foto: Gunnar Wentzel).

På årsmøtet i Bodø i juni inviterte dei tre fylkesleiarane den nye leiinga i Norges Bondelag til den ”Den klassiske Vestlandsturen”, som vart avvikla 28. og 29. september. (**Sjå omtale ovanfor**).

På styremøte 12. oktober drøfta fylkesstyret i M&R Bondelag oppfølging av vilkåra for landbruket på Vestlandet og den klassiske Vestlandsturen med leiinga i Norges Bondelag. Leiar Nils Bjørke sa på medlemsmøtet på Voss at Vestlandet bør prioritere eit par viktige saker for lettare å få gjennomslag.

På styremøte 16. november vedtek fylkesstyret å tilrå opplegg for uttale framfor jordbruksforhandlingane og felles tiltak for Vestlandet 2010:

På styremøtet 2. desember er også arbeidsopplegg og oppfølging vilkåra for landbruket på Vestlandet på saklista, og med skisse til uttale i framkant av AU sine drøftingar med Vestlandet.

10. desember blir det halde møte i Bergen mellom AU i dei tre Vestlandsfylka, der det blir lagt fram ei felles skisse frå dei tre fylkeslaga på uttale framfor jordbruksforhandlingane 2010. Frå Møre og Romsdal møtte Arne Magnus Aasen, Inge Martin Karlsvik og Gunnar Wentzel.

Fylkeslaget sender i lokallagsbrev 17. desember den endelige skissa frå møtet 10. desember til høyring i lokallaga. Lokallaga kan då velje å uttale seg til denne skissa, til spørsmåla frå Norges Bondelag, eller heilt eigen uttale.

## Kap 4.3 Org-arbeid før jordbruksforhandlingane

Den 16. mai vart det semje mellom Norges Bondelag, Norsk Bonde- og Småbrukarlag og Staten om jordbruksavtale for 2009-2010. Forhandlingane var harde, men Norges Bondelag meinte det var riktig å inngå avtale, sjølv om ein veit at mange forventningar ikkje vart innfridd.

Avtalen hadde ei ramme på 1,2 mrd kr. Av dette er 360 mill kr varig auka løyvingar over statsbudsjettet pluss 200 mill kr i ”krisepakke” for 2009 til investeringar og bioenergi. Målprisane vart auka med 290 mill kr. Av ramma var 50 mill kr overførte midlar frå 2008 og 100 mill kr er auka utnytting av jordbruksfrådraget. Om føresetnadene om m.a. kostnadsutvikling held, legg avtala til rette for ei auka i inntektsmulegheitene på 28.000 kr pr årsverk.

### Delte ut matnyttige aviser over heile fylket

På bøndenes årlege aksjonsdag tysdag 21. april delte mange lokale Bondelag ut aviser på ulike stedar i eigen kommune. Styremedlemmer og tilsette i M&R Bondelag saman med lokallag delte ut ”matnyttige aviser” i Kristiansund, Ålesund



og utanfor hovudinngangen til Fylkeshuset i Molde i morgontimane da tilsette kom på jobb. Avisa "Matnyttig" med undertittelen "Bøndenes finansavis" vart teke imot med stor interesse, og med mange overraskande tilbakemeldingar om at maten er billig, og at det må vere vilje til å satse meir på landbruket. Med avisa fekk ein synleggjort landbruket som ein del av løysinga på finanskrisa, klimakrisa og matkrisa.

I Ålesund hadde lokallaga Skodje, Giske, Ørskog, Hildre og Vatne og Ytre Haram rigga seg opp med stand og 20 liter vaffelrøre utanfor rådhuset. Birgit Oline Kjerstad frå styret.

Fylkeshuset Molde om morgonen: Arne M. Aasen, Gunnar Wentzel, Arild Erlien, Atle Frantzen, Anne T. Myrbostad

Kristiansund om formiddagen: Inge Martin Karlsvik, Anne Katrine Jensen, Gunnar Wentzel, Ivar Aae.

Dei lokale Bondelaga sin utdeling av aviser i eigen kommune ga mange presseoppslag i lokalavisene i fylket.

### Pressemeldingar på jordbruksforhandlingane:

- Mars/april: Fylkeslagets uttale foran jordbruksforhandlingane og årsmøteuttale. (sjå kap. 3.1 og 3.2)
- 21. april: PM om "Møre og Romsdal sterkast støtte til norsk matproduksjon". (Sjå kap 3.15 – Side 24)
- 24. april: (Lesarinnlegg frå bondelagsleiarane på Vestlandet: Marta Meland, Hordaland, Per Hilleren, Sogn og Fjordane og Arne Magnus Aasen, Møre og Romsdal): Mjølkebøndene på Vestlandet må sikrast betre økonomi (Sjå kap 3.15 – Side 24)
- 5. mai: PM frå M&R Bondelag om at statens tilbod er utsatt): "Bøndene på bristepunktet: Siste sjans for". (Sjå kap 3.15 – Side 24)
- 9. mai: PM om statens tilbod: "Ingen satsing mjølk og Vestlandet (Sjå kap 3.15 – Side 25)

### Oppsummering i fylkesstyret:

Styret konstaterte aukande resignasjon hos medlemene og at det er slitasje hos tillitsvalde i forhold til resultat i jordbruksforhandlingane og utviklinga av inntektene over fleire år.

Styret var skuffa over at det ikkje vart ei vesentleg større auke i løyving over statsbudsjettet i forhold til tidlegare år. Løyvingane over statsbudsjettet i år har likevel gjeve auka driftstillegg for mjølk med kr 16.000 og auka beitetilskot pluss litt på distriktstillegg for mjølk.

Fylkeslaget ga på årsmøtet i Norges Bondelag uttrykk for det same som i pressemeldingane om at ein ikkje ser igjen i avtala det som skulle vere prioritering av mjølkeproduksjonen, eller satsing på distrikta. Fylkeslaget er ikkje nøgd med at det er staten og ikkje faglaga som kjem med framlegg om å auke distriktstillegg for mjølk.

Fylkesstyret råda Norges Bondelag til å vurdere enklare opplegg framfor forhandlingane kvart andre år og heller drive informasjonsarbeid og politisk argumentasjon utad.



Avisutdeling på aksjonsdag 21. april. Leiar i Averøy Bondelag, Ivar Aae, i samtale ved rådhuset i Kristiansund. Bak Inge Martin Karlsvik, Anne Katrine Jensen (Foto: Gunnar Wentzel).

## Kap 4.4 Informasjons- og utadretta aktivitetar

### LANDBRUK PÅ DAGSORDEN

I 2009 hadde Bondelaget ekstra trykk mot jordbruksforhandlingane og Stortingsvalet, og sette i gang eit prosjekt for å sikre at landbruk kom meir tydeleg på den politiske dagsorden. Med prosjekt "Landbruk på dagsorden" var målet er å sikre politisk grunnlag for ein landbrukspolitikk som styrkar verdiskaping i heile landet og ei inntektsutvikling som reduserer forskjellane mellom landbruket og andre grupper.

Fylkeslaget og lokallaga gjennomførte ei rekkje informasjonstiltak i framkant av jordbruksforhandlingane og stortingsvalet. Fylkesstyret vart på kvart styremøte informert om aktivitetar og planar, gjennom ei til ei kvar tid oppdatert informasjonsplan for Møre og Romsdal Bondelag.

Sentralt i prosjekt sto innhenting av støtte og underskrifter frå politikarar og opinionsdannarar til den nasjonale appellan "Kjærleik til norsk mat".

På den årlege aksjonsdagen over heile landet 21. april delte mange lokale Bondelag ut aviser på ulike stedar i eigen kommune (Sjå omtale Kap 4.3 – side 34)

M&R Bondelag sendte 30. juni brev (Sjå eigen omtale Kap 3.8 – side 20) med ti krav for å utvikle næringa i fylket til 40 av dei fremste listekandidatane til dei politiske partia ved stortingsvalet i september. – Dersom du i politiske innlegg om landbruket tek utgangspunkt i desse krava står du etter vårt syn på trygg grunn for det som sikrar norsk matvareforsyning, bøndene og distrikta, skrev leiar Arne Magnus Aasen og org. sjef Gunnar Wentzel i brevet til politikarane.

### Råd til partia sine landsmøteutsendingar

I perioden mars-mai sendte fylkeslaget ut skriv til alle utsendingar frå M&R til dei politiske partia sine landsmøter. Saman med ti konkrete råd om landbrukspolitiske utfordringar, var fylkesbrosjyra frå Bondelaget lagt ved.

- Vi vil sende med deg vedlagte ti råd om kva vi ønska sto i partiprogrammet om landbruk. Desse råda kan også brukast for å sjekke om vedtak som vert gjort framover er i samsvar med næringa sine ti krav til ein trygg matforsyningspolitikk og god ressursforvaltning.

### STOR STØTTE TIL APPELLEN OM "KJÆRLEIK TIL NORSK MAT"

Norges Bondelag utarbeida i januar kampanjen og appellan "Kjærleik til norsk mat". Appellen peika på viktigheita av mat, norsk matproduksjon og alt det positive ein spreidd produksjon av mat i heile landet bringer med seg.

Appellen var stila til partileiarane på landsplan. Deltakarane i Jakten på kjærlygheten i TV2 2008, m.a. grisebonden Ola Sylte frå Surnadal, og eliten av norske kokkar, var tidleg ute med støtte til appellan. Støtta fekk vist at det er fleire enn bønder som bryr seg om norsk landbruk.

Fylkeslaga samla støtte frå kjendisar og politikarar i sine områder. Lokale Bondelag kontakta ordførarar under informasjonsaksjonen 21. april om støtte til Bondelagets matappell om kjærleik til norsk mat, matproduksjon og matkultur.

Dei fleste fremste stortingskandidatane og ordførarane i M&R slutta seg til Bondelagets opprop "Kjærleik til norsk mat". - Dette er løfterikt om dei ser verdien av ein sterk norsk matproduksjon i eit internasjonalt perspektiv med seg inn i praktisk politikk framover. Då kan ein lettare glede seg over kjærleiken til den gode maten som ein viktig del av vår kultur, oppsummerte fylkeslaget på sine heimesider 17. juli.

## Underskrift frå kjendisar og næringslivstoppar:

- Dette støttar eg som privatperson og som aktør innan dagligvarehandelen og reiselivsnæringa, sa kjøpmann, reiselivsaktør og styreleiar Molde FK, Erik Berg, Molde, på fylkeslagets heimeside i februar. Han sa vi må styrke matproduksjonen og matkulturen i Norge. Vi må ha bønder og gardar over heile landet, verne matjorda mot nedbygging og bruke utmarka enda betre. Vi må satse på den norske matføredlingsindustrien over heile landet og fremme kokkekulturen. Dette er eg heilt einig i, sa Erik Berg.

- Dette sluttar eg meg til, sa også Ragnar Heggdal, president i NHO Reiseliv på landsplan. Han er daglig leiar for Molde Fjordstuer og tidlegare ordførar for Høgre i Molde.

## Stortingskandidatar:

Arbeiderpartiets førstekandidat til Stortingsvalget, daverande LO-sekretær Else-May Botten, Molde, var ein av mange stortingskandidatar som slutta seg til Matappellen. Ho hadde i mars også ein "landbrukstime" med organisasjonssjefen i Bondelaget, Gunnar Wentzel, på sitt kontor. Som LO-sekretær var ho svært oppteken av arbeidsplassane som følgjer med landbruket i våre kommunar. Ho ba også om ei konkretisering i ti punkt av kva krav fylkesbondelaget vil ha til ho som stortingsrepresentant.

**Andre stortingskandidatar som slutta seg til appellen var:** Tove-Lise Torve (Ap), Sunndal, Elisabeth Røbekk Nørve (H), Ålesund, Rigmor Andersen Eide (KrF), Ålesund, Harald Tom Nesvik (FrP), Ålesund, Oskar Grimstad (FrP), Hareid, Bjørn Jacobsen (SV), Molde, Jenny Klinge (Sp), Surnadal.

## Ordførarane som slutta seg til appellen:

Gudny Fagerhol (Ap), Ørsta, Øyvind Uren (Ap), Vestnes, Kjell Lode (KrF), Fræna, Jan Petter Hammerø (H), Molde, Iver Nordseth (V), Smøla, Jarle Haga (V), Averøy, Tove-Lise Torve (Ap), Sunndal, John Ole Aspli (Ap), Rindal, Bernhard Riksfjord (Ap), Aukra, Rolf Jonas Hurlen (H), Nettet, Bjørn Inge Ruset (Ap), Norddal, Arnfinn Storvik (H), Eide, Ingunn Golmen (Sp), Aure, Ola Rognskog (Sp), Halså, Frank Sve (Frp), Stranda, Knut Sjømaling (Sp), Gjermes, Modolf Hareide (Sp), Skodje, Torbjørn Rødstøl (Sp), Rauma, Jan Helgøy (KrF), Vanylven, Ragnhild Aarflot Kalland (Sp), Volda,

Ellers var det støtte frå Søre Sunnmøre Regionråd med ordførarar og rådmenn, Varaordførar Arild Iversen (KrF), Volda. Mange innbyggjarar i Rindal.

## Samtlige parti (- FrP) i Fræna støtta Matappellen

Med ordførar Kjell Lode (KrF) og varaordførar Aud Solveig Pedersen Malmedal (Ap) i spissen slutta alle politikarane i formannskapet i Fræna seg til Matappellen; Dette skjedde på møtet om landbrukskommunen Fræna som Hustad Bondelag arrangerte 2. april, etter utfordring av organisasjonssjef Gunnar Wentzel i innlegg under møtet. **På biletet under: Harry Ståle Farstad (H), leiar Fræna Ap Sofie Elisabeth H Brekken, varaordførar Aud Solveig Pedersen Malmedal (Ap), Øyvind Fenne (SV), Ragnar Valle (Sp), Palmer Sjøholm (V), Knut Sæbø (KrF). FrP var ikkje på møtet.**



## FIRE I NÆRINGSKOMITEEN

Fire av ni representantar på den nye Mørebenken 2009-2013 etter stortingsvalet 14. september fekk plass i fagkomiteen som har ansvar for landbruks saker på Stortinget: **Else-May Botten** (Ap), Molde, **Harald Tom Nesvik** (Frp), Ålesund, **Elisabeth Røbekk Nørve** (H), Ålesund og **Rigmor Andersen Eide** (KrF), Ålesund.

Elles kom desse inn på Stortinget: **Svein Gjelseth** (Ap), Herøy, **Tove Lise Torve** (Ap), Sunndal, **Oskar Grimstad** (Frp), Hareid, **Mette Hanekamhaug** (Frp), Molde og **Jenny Klinge** (Sp), Surnadal.

## KRF-TOPPAR MØTTE BONDELAGET OG FRÆNA-BØNDER

Om ein skulle få eit eller to middelmådige landbruksoppgjær til no, vil næringa vere i fare. Det vil koste enormt å bygge opp att eit landbruk i forfall. Dette var bodskapen til KrF-toppene som møtte Bondelaget og var på gardsbesøk i Fræna 12. august i samband med partiets opning av valkampen.

For KrF var det eit bevisst val å besøke landbruket i Møre og Romsdal. Nestleiar sentralt, Dagrun Eriksen, saman med fylkeslagets stortingskandidatar Steinar Reiten, Averøy, Aud Mork, Aukra, fylkesvaraordførar Svein A. Roseth, Nettet og KrF-ordførar i Fræna, Kjell Lode, ga alle uttrykk for og hadde forståing for at landbruket har behov for eit skikkeleg økonomisk løft for å vere ei oppegåande næring og for å rekruttere nye inn i næringa.

Hos Trond Malmedal vart dei orientert om eit gardsbruk med satsing på auka mjølkeproduksjon. Malmedal har satsa rundt 5 millionar kroner på utbygging av fjøs og mjølkerobot. KrF-toppene besøkte Berit og Ola Eidem i Elnesvågen, eit konvensjonelt mjølkebruk der det og var utvida produksjon med innleid mjølkekvote for å auka produksjonen.

Under turen fekk KrF-delegasjonen om høve til samtaler om aktuelle landbruks saker med fylkesbondelagets nestleiar Inge Martin Karlsvik, sekretær Anne Turid Myrbostad og leiar i Fræna Bondelag, Gunnbjørg Trondsen.

Ordførar i Fræna, Kjell Lode, presenterte Fræna som største landbrukskommune mellom Stavanger og Trondheim, og at kvart årsverk i landbruket bidreg til ytterlegare to årsverk i vidare verdiskaping i samfunnet.

Meierisjef Espen Scheffe kunne på turen fortelje at Tine Midt-Norge sitt meierianlegg i Elnesvågen er det største i landet med produksjon av Jarlsbergost for eksport, og samtidig ein av dei største på produksjon av Fløtemysost.



**Foran f. v.:** Aud Mork, Aukra, nestleiar i KrF sentralt, Dagrun Eriksen, bonde Berit Eidem, meieristyrar Espen Scheffe, leiar Fræna Bondelag, Gunnbjørg Trondsen.  
**Bak f. v.:** bonde Ola Eidem, bonde Trond Malmedal, Steinar Reiten, Averøy, fylkesvaraordførar Svein A. Roseth, Fræna-ordførar Kjell Lode, nestleiar M&R Bondelag, Inge M Karlsvik. (Foto: Anne T. Myrbostad).





Butikksjef Odd Arne Eidem (t.v.) orienterte om lokal-matsatsinga ved Coop Mega Molde for landbruksdirektør Anne Berit Løset, statssekretær Ola T. Heggem og bondelagsleiar Arne Magnus Aasen (Foto: Ivar Bakken).

## STATSSEKRETÆREN UTFORDRA PÅ MATPRODUKSJON I NORDVEST

- Korleis vil Landbruks- og matdepartementet kunne sikre framtidig råvareproduksjon til matindustrien når endringane går så raskt som i dag. Det var utfordringa til statssekretær Ola T Heggem frå Rindal da han møtte representantar for næringa i valkampinnspurten før opninga av Dyregoddagane i Gjemnes 4. september.

Fylkesleiar i M&R Bondelag, Arne Magnus Aasen og dagleg leiar i Landbruk Nordvest, Ivar Bakken, hadde tidlegare på dagen saman med landbruksdirektør Anne Berit Løset møte med statssekretær i Landbruks og Matdepartementet, Ola T Heggem.

Næringa er tilfreds med regjeringa har levert meir enn før på ein rekke områder. I ei ny regjeringserklæring må ein for å sikre nasjonal matproduksjon og matindustri love meir på inntekt, importvernet og næringsutvikling. Dette er områder som er utfordra av fleire politiske parti, meinte næringa.

På Coop Mega i Molde fekk Heggem ein presentasjon av og omvisning i lokalmat-avdelinga i butikken. Butikksjef Odd Arne Eidem fortalte at dei opna eigen avdeling for lokal mat i 2007. På møtet kom dei også inn på saker som miljø, rovdyr, økonomien til grovfôrbasert produksjon og kortreist mat etter 2010. Møtet vart avslutta med ein presentasjon av Landbruk Nordvest, nyskapinga innan landbruksrådgivinga i Møre og Romsdal.

## HJØRUNDFJORDEN FÅR TING TIL Å SKJE

Styremedlem Anne Katrine Jensen og organisasjonssjef Gunnar Wentzel deltok på stand for Bondelaget og synfaringar under Hjørundfjorddagane på Sæbø i Ørsta 6. - 7. juni

Landbruksminister Lars Peder Brekk og følgje fekk ei oppleving av tiltakslyst og verdien av bygdemobilisering på utferd til Hjørundfjorden. Det lokale Bondelaget, bønder og bygdefolk har fått til nye fjøs og tilrettelegging for bygdefolk og turistar. Og planane er klare for nye busettings- og utviklingsprosjekt. Leiar for Bygdemobiliserings-prosjektet, bonde Ivar Svein Mo, viste fram det dei har fått gjennomført og det som er på planleggingsstadiet.

Stormøtet samla over 500 menneske til ein skikkeleg god næringspolitisk debatt. I panelet sat landbruksminister Lars Peder Brekk, bonde og styremedlem i Nortura, Kari Redse Håskjold, stortingsrepresentant Bjørn Jacobsen (SV), distriktforskar Bjørn Flø og Frp-leiar Siv Jensen.



Samdriftsbonde Knut Riise (t.v.) fortalde om nytt samdriftsfjøs m til landbruksminister Lars Peder Brekk, og ordførarane Raghild Aarflot Kalland i Volda og Gudny Fagerhol i Ørsta. (Foto: Gunnar Wentzel).

På synfaring i nytt samdriftsfjøs fekk landbruksministeren, Volda-ordførar Ragnhild Aarflot Kalland og Ørsta-ordførar Gudny Fagerhol orientering av samdriftsbonde Knut Riise.

Bøndene Linda og Svein Stavset midt på fjorden tok mot landbruksminister med følgje på den bratte terrasserte geitegarden, som har 90 mjølkegeit og høgstandard utleiehytte.

På siste stopp under synfaringa fekk landbruksministeren sjå og høyre om bygdemobiliseringsprosjektet sitt arbeid på Bjørke inst i Hjørundfjorden.

## STAND PÅ FK-VEKA I MOLDE

Fylkesbondelaget hadde stand alle tre dagar 15. – 17. april: Frå styret/kontor deltok onsdag: Arild Erlie og Atle Frantzen, torsdag: Arild Erlie, Anne Turid Myrbostad, Atle Frantzen, og fredag; Anne Katrine Jensen, Gunnar Wentzel.

## STAND PÅ DYREGOD-DAGANE

Møre og Romsdal Bondelag stilte med stand på Dyregoddagane på Batnfjordsøra i Gjemnes 4.-6. september, der fylkesstyremedlemmer og tilsette ved kontoret fekk ein god prat med mange av dei besøkande. Konkurransen med fem enkle spørsmål om kva ein veit om mat og landbruk ga god kontakt med forbrukarane.

Dyregod-dagane, messa for landbruk og bygdenæringar i Midt-Norge, var ei nyskaping i regionen. Fredag var vel 800 tiande-klassingar frå ungdomsskolar på Nordmøre og Romsdal innom messa og fekk ein annleis skuledag enn det dei har til vanleg. Laurdag var det over 3.000 besøkande.

For M&R Bondelag deltok Atle Frantzen og Arild Erlie på stand fredag, nestleiar Inge Martin Karlsvik og Anne Turid Myrbostad på laurdag, og fylkesleiar Arne Magnus Aasen og Gunnar Wentzel på søndag.



F. v.: Sivert Skålholt, Nortura, Aksel Døving, Valldal og Bioforsk, fylkesleiar Arne Magnus Aasen, Tingvoll og bonde Trond Malmedal, Fræna (Foto: Gunnar Wentzel).





## OVER 2.000 BESØKTE OPEN GARD

Seks opne Gard-arrangement vart halde i august med totalt besøk på over 2.000 personar. Bønder i M&R opna grunder og fjøsdører, og inviterte publikum til Open Gard for å bli kjent med folk, dyr, gardsdrift og tradisjonelt landbruk.

Gjensidige betalte annonsering av Open Gard-arrangement i regionavisene, totalt ca. kr. 15.000.

Første arrangement gjekk av stabelen søndag 9. august hos **Rindal Bondelag** med Aina og Hans Magne Brønstad på Rindalsskogen som vertskap, og samla ca. 200 personar.

Laurdag 15. august hadde **Smøla Bondelag** Open Gard og landbruksdag på Moldstad Feltstasjon med 250 besøkande.

**Sykkylven Bondelag** og landbruket i Sykkylven sitt arrangement på Auresetra i Sunndalen søndag 16. august var ein del av Stølsturen 2009 med 1.000 besøkande (**biletet**).

**Ørsta Bondelag** i samarbeid med Bygdekvinnelaget hadde Open Gard laurdag 29. august på Vassenden Samdrift i Åmdalen, og hadde ca. 150 personar på besøk.

På Averøy var det Marianne og Ivar Aae i Steinsgrenda som var vertskap med **Averøy Bondelag** som arrangør søndag 30. august. Over 400 personar møtte opp på garden.

Søndag 30. august hadde **Stranda Bondelag** Open Gard på Instesætra i Moldskreddalen med Stranda Rideklubb.

### Andre utadretta arrangement

I tillegg til desse "reine" Open Gard-arrangementa, hadde fleire lokale Bondelag ansvar for dyre- og/eller maskinutstilling på utadretta arrangement i bygda med fleire tusen besøkande. Det gjeld **Hjørundfjord Bondelag** for dyreutstilling på Hjørundfjorddagane på Sæbø 6.-7. juni, **Vestnes Bondelag** dyreutstilling på Sylte-martna i Tresfjord 22.-23. aug, **Gjemnes Bondelag** for dyreutstilling på Dyregod-dagane på Batnfjordsøra 4.-6. sept, og **Rauma Bondelag** som arrangør av Landbruksmartna på Åndalsnes 25.-26. sept.

## KVA VEIT DU OM MAT OG LANDBRUK?

Fylkeskontoret har laga konkurranse med fem enkle spørsmål om mat og landbruk. Denne er brukt m.a. på stand på Syltemartna i Vestnes og Dyregod-dagane på Batnfjordsøra. Med konkurransen har vi erfart at det er lettare å kome i kontakt med folk til ein god prat om aktuelle saker. Konkurransen er sendt alle lokale Bondelag, og med oppmoding om å ta kontakt med fylkeskontoret for kopiering dersom det er nokon som ønskjer å bruke den på arrangement.

## KOMMUNEBROSJYRER OM LANDBRUKET

Fylkeskontoret har også i 2009 oppdatert ei brosjyre for kvar av dei 36 kommunane i fylket som har landbruk, med lokale faktaopplysningar og presentasjon av næringa i kommunen. Lokale bondelag har brukt desse brosjyrene ved presentasjon av næringa, m.a. overfor politikarar, media, andre grupper, utadretta arrangement som Open Gard, bygdedagar, landbruksdagar m.m. Fargebrosjyrer er printa ut på fylkes-

kontoret for lokale bondelag. Brosjyra er distribuert til politikarar og andre målgrupper.

Når tal og fakta er samla og presentert kommunevis på denne måten, er det mykje enklare for tillitsvalde i lokale bondelag å selge næringa ute. Tilbakemeldingar frå lokale Bondelag er at ein slik enkel foldar er noko dei har sakna.

Innhald i brosjyrene er ein enkel presentasjon/informasjon om m.a. årsverk og sysselsetting, og omsetnad i dei ulike produksjonar i kommunen henta frå NILF-rapport 2007, jordbruksareal og prosent produksjonsareal, antal gardsbruk, gjennomsnittdekar, antal mjølkebruk, og produsert mengde mjølk og kjøtt i kommunen. Vidare er produksjonen i kommunen omrekna til årsforbruket av drikkemjøl, ost og andre meieriprodukt, og årsforbruket kjøtt pr. person.

## FYLKESBROSJYRE - "BONDEN ARBEIDER FOR DEG OGSÅ"

Også M&R Bondelag si enkle brosjyre "Fakta om landbruket i Møre og Romsdal", er i 2009 ajourført ved behov og brukt i vårt kontinuerlege informasjons- og haldningsskapande arbeid, og distribuert i brev til opinionsdannarar, alliansepartnarar, medlemmer og praktiserande bønder m.fl, og utdelt til media og på møter og arrangement i fylkeslaget og andre sin regi.

## HEIMESIDE OG MEDIAKONTAKT

På heimesida [www.bondelaget.no/moreogromsdal](http://www.bondelaget.no/moreogromsdal) vert det heile tida lagt ut tekst og bileter frå arrangement/aktivitetar, pressemeldingar, lesarbrev, kurs- og møteomtale og andre artiklar frå fylkesbondelaget. Redaksjonelle mål for heimesida er låg terskel, aktuelt, meldingsblad, info om møter og kurs med påmelding, arkiv der ein finn det som har vore, aktuelle saker og nytt frå lokallaga.

Fylkeslaget sender ut pressemeldingar/lesarinnlegg og informasjon om aktuelle saker, uttaler og arrangement på e-post. Media følgjer ofte opp desse sakene gjennom intervju og reportasjar, og tek ofte på eige initiativ kontakt med tillitsvalde og tilsette om aktuelle landbrukspolitiske saker. Også lokallaga sine tillitsvalde er flinke til å markere næringa med saker i lokalavisene. Styret føler at landbruksnæringa og Bondelaget er interessant å følgje med og omtale av media. Fylkeslaget har god kontakt med og stadige førespurnader frå aviser og radio/TV.

## AKTUELLE TAL OM LANDBRUKET

På heimesidene:"Fakta om landbruket i M&R" er det lagt ut oppdatert statistikk for kommunane og aktuelle tal om næringa, m.a. statistikkar og tabellar om: Areal og gardsbruk i drift. Mjølkeproduksjonen i M&R. Struktur i mjølkeproduksjonen. Kjøp og salg av mjølkekvote. Kvotesalg i kommunane 1997-2009. Gardsbruk i drift 1996-2009. Mjølkebruk antall 1996-2009. Slaktemengde i kommunane 2000-2009.

### 1.129 mjølkebruk i M&R

Tal frå Statens Landbruksforvaltning (SLF) viser at det i august 2009 var **3.059** gardsbruk i drift i M&R. Dette er 100 færre bruk enn på same tid året før. M&R hadde 1.129 mjølkeproduksjonsbruk, som er 91 færre enn året før.

Tala ellers viser at det har vorte 2.220 færre gardsbruk i drift i Møre og Romsdal dei siste 14 åra. Dei to største landbrukskommunane i fylket: Fræna har nedgang på 94 bruk og Ørsta 190 færre bruk i perioden 1996-2009.

Talet på mjølkebruk er meir enn halvert dei siste 14 åra, frå 2.675 i 1995 til 1.129 mjølkebruk i 2009.

3.059 gardsbruk i drift har samla areal på 571.330 dekar. Gj.-snittsareal pr. bruk auka siste året frå 185 til 187 dekar.

## Kap 4.5 Utvalsarbeid og prosjekt

### SMÅKRAFTPROSJEKT I VEST VIL BISTÅ BØNDER

Prosjektet "Småskala kraftverk – næringsveg i bygdene på Vestlandet" er i regi av Norges Bondelag og femnar om fylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Tidlegare disponent i Sogn og Fjordane Skogeigarlag Terje Engvik er frå 2008 tilsett som prosjektleiar for det 3-årige prosjektet med kontorstad Bondelagskontoret i Sogn & Fj..

Tidlegare fylkesleiar i M&R Bondelag, nestleiar i Norges Bondelag og stortingsrepresentant, Jørgen Holte, Volda, er Bondelaget i vestkantfylka sin representant i styringsgruppa for prosjektet. Han er styreleiar i Folkestad kraftverk, Volda.

Hovudmålet i prosjektet er å stimulere til og sikre ei miljøforsvarlig utbygging av mini- mikro- og småkraftverk med vekt på lokalt eigarskap og verdiskaping med basis i garden og bygda sitt ressursgrunnlag.

### SYNFARING PÅ SMÅKRAFTVERK PÅ NORDMØRE OG I ROMSDAL

Prosjektleiar Terje Engvik i Bondelagets Småkraftprosjekt på Vestlandet var 30 januar saman med organisasjonssjef i Bondelaget, Gunnar Wentzel, på synfaring på kraftstasjonar på Nordmøre og i Romsdal. Turen var kome i stand etter invitasjon frå Per Steinar Husby ved HydroPlan AS på Sunndalsøra.

Det kom fram etter synfaring i fleire fjøs og kraftstasjonar at nye småkraftverk følgjast på overraskande mange gardsbruk av satsing på nytt fjøs. Dette lettar generasjonsskiftet, noko vi ser både på Sunnmøre, i Romsdal og på Nordmøre.

Per Steinar Husby og Endre Sæther står bak HydroPlan AS på Sunndalsøra. Selskapet har inngått samarbeidsavtale og medeigarskap med fallrettseigarar for planer på over 20 anlegg i sitt område. Selskapet tar ansvaret for utbygging, søknader og finansiering i lag med teknisk kompetanse, Grunneigarane sit med 51% av aksjane og kraftselskapet betaler grunneigarane fallrettsleige i tillegg til vedtatt utbytte. Etter 40 år overføres kraftstasjonen vederlagsfritt til grunneigarane.

Første stopp var hos arkitektteikna Gyl Kraft AS i Tingvoll. Einar Gjøl, tidlegare leiar i Tingvoll Bondelag, har bygga på og modernisert fjøset med mjølkerobot, og meiner kraftstasjonen lettar generasjonsskiftet på garden.

Neste besøk var hos Nordvik Kraft AS på Kvanne i Sunnadalen. Ein av dei fire grunneigarane, Ola Nordvik, har også bygd nytt samdriftsfjøs.

Turfølgjet var innom HydroPlan AS sine lokaler på Sunndalsøra, og dei hadde ein kort stopp i Øksendal. Per Steinar Husby er sjølv mjølkeprodusent i Øksendal, og har planar for nye kraftverk i Øksendalen, og nytt fjøs på garden.

Siste besøk var hos Heina Kraft AS på Rød i Neset som tolv grunneigarar står bak.

Blant utfordringane for småkraftverka vart det peika på den lange saksbehandlingstida hos NVE på 4-5 år. Det kom fram forslag om at Bondelaget bør arbeide for at NVE delegerer mindre saker på inntil 3 til 5 MW til kommunen som behandlar søknaden etter Plan- og bygningslova. Evt kan fylket få rett til innsigelse. Det ble vist til at store sentrumsområde, store tunnelanlegg osv blir behandla av kommunen etter PBL. Kravet til minstevassføring bør avgrensast til alminneleg lågvassføring.



**Kraftstasjonen lettar generasjonsskiftet på garden, meiner Jens Magne (t.v.) og faren Einar Gjøl på Tingvoll, her saman med Endre Sæther og Per Steinar Husby i Hydroplan AS. (Foto: Gunnar Wentzel).**

### ROVVILTFORVALTNINGA

Rovviltutvalet i Møre og Romsdal fylke består av representantar frå Bondelaget, Sau- og geitlagslaget, Småbrukarlaget, Naturvernforbundet, Jeger- og fiskerforbundet, Kommunesentralforbundet, M&R fylke og Dyrehelsetilsynet.

Oddvar Tynes er Bondelagets representant i Rovviltutvalet, og har delteke på møta. Gunnar K. Wentzel er hans vara.

Norges Bondelag hadde 13. mars samling i Oslo for Bondelaget rovdyrkontaktar i fylka, der Oddvar Tynes møtte frå Møre og Romsdal.

På styremøte 16. februar drøfta styret forvaltningsplan rovdyr i Region 6 og Forskrift felling skadevilt. (**Heile uttalen – sjå kap. 3.5 – side 17**). Framlegget til forvaltningsplan hadde ikkje teke omsyn til Bondelagets innspel om Trollheimen. Styret gjer vedtak om å halde fast på tidlegare innspel til forvaltningsplanen med desse tillegg:

- Når det gjeld Trollheimen viser vi til byrdefordelingsprinsippet med at regionen har ynglande gaupe pluss tamreindrift.
- Forvaltningsplana bør ta opp krav til at åte berre skal nyttast når det blir vakta kvar dag slik at det ikkje trekkjer meir rovdyr til området.
- Fylkeslaget vil spele inn til nye forskrifter for felling av skadevilt at viltneimndene framleis må ha høve til lokale tiltak. Dette gjeld m.a. forvaltning av grågås der viltneimndene har gjeve høve til å ta ut eit visst tal ungfugl om våren.

16. desember møtte Gunnar Wentzel på møte i Oslo om rovdyr og beitebruksprosjektet. Møre og Romsdal har størst utbetalingar for tap av sau på beite, det doble av S&Fj, og det skuldast truleg god info om ordninga frå forvaltninga til dei som får avslag på rovdyrerstatning! Lammetapet i M&R auka frå 6,5 til 11% sidan 1970. Kostnad radiobjeller ca kr 500 pr søye og år. Heile 30-40% av norsk areal beita av organisert beitebruk til verdi 2 mrd kr. Tilsvarar 2 mill i tillegg til 10 mill dekar dyrka. Avgjerande at kommunar har beitebruksplan og beitelaga har tiltaksplan for organisering av felleshamnar og evt beiteleige.

### PROSJEKT MATMANGFALD

Det treårige prosjekt Matmangfald i regi av M&R Bondelag som vart avslutta i 2008, er etter avtale mellom partane ført vidare av Landbruk Nordvest frå og med 2009. Stein Brubæk frå Gjemnes er frå 2009 ny prosjektleiar i Prosjekt Matmangfald. Fylkesleiar i Bondelaget, Arne Magnus Aasen, er leiar i styringsgruppa.





**Prosjektleder Øyvind Mejdell Jakobsen (i midten) orienterte på styremøtet 12. okt. om grønn forskning i Midt-Norge, her saman med leiar Arne Magnus Aasen (t.v.) og org.-sjef Gunnar K. Wentzel. (Foto: Arild Erlien).**

## GRØN FORSKNING I MIDT-NORGE

På styremøte 12. oktober orienterte prosjektleder Øyvind Mejdell Jakobsen om prosjektet grønn forskning i Midt-Norge, som skal få fram gode forskingsobjekt som er spesielt viktig for bøndene og næringa i Midt-Norge. For Møre og Romsdal Bondelag er det aktuelt å arbeide med behov for forskingsområde som skal bli prioritert, og drive påverknad for å få gjennomslag for søknader om finansiering.

Prosjektet er initiert av Samarbeidsrådet for Midt-Norge. Fylkesbondelagsleiar Arne Magnus Aasen er leiar i Samarbeidsrådet, og det er etablert ei styringsgruppe som han også har leia. Prosjektet er administrativt lagt inn under Oi! – trøndersk mat og drikke AS i Trondheim.

Grønn forskning i Midt-Norge er eit treårig initiativ for å bidra til auka verdiskaping innanfor grønn sektor i Midt-Norge. Prosjektet skal arbeide for auka volum og auka brukarmedverknad i samband med forskning og utvikling (FoU).

Oppdragsgjevar, Samarbeidsrådet for landbruket i Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag (Midt-Norge), er ei samanslutning bestående av midtnorske representantar for Norsk Landbrukssamvirke, Allskog og Norsk Landbruksrådgiving, i tillegg til dei enkelte fylkeslaga for Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag.

Næringas mål med prosjektet er at bedrifter innanfor den grønne sektoren i Midt-Norge (frå enkeltmannsforetak til større konsern innanfor jordbruk, skogbruk, utmark og tilknytte næringar) i større grad enn før skal kunne benytte seg av FoU i eigen verdiskaping. Ein viktig suksessfaktor er auka brukarmedverknad i idé- og prioriteringsfasen av FoU-prosjekt.

## PROSJEKT "VERDIFULLE NATURBASERTE OPPLEVELSER"

Fylkesleiar Arne Magnus Aasen sit i styringsgruppa for det treårige prosjektet "Verdifulle naturbaserte opplevelser" i regi av Allskog og i samarbeid med bondelaga nordafjells. Målet er å få fleire utbydarar av naturbaserte reiselivsopplevingar med auka omsetting. Det er ein del av prosjekt for heile landet som Bondelaget og Skogeierforbundet står bak saman med styresmaktene 2008 - 2011.

På styringsgruppemøte 2. september vart det konkludert med at prosjektet er i godt gjenge. At "Din Tur" har prosjektmedarbeidarane har ein fornuftig inngang. Dei reiser rundt i fylka på forespurnad frå grunneigarar og vurderer utleigemuligheter og opplevingar. Røynsle viser at 40 prosent av slike besøk blir frarådd å gå vidare på, 30 prosent går vidare saman med andre aktørar og 30 prosent går vidare gjennom Din Tur.

## STORFÉPROSJEKT PÅ SUNNMØRE

Styremedlem Per Kristian Gjerde er Møre og Romsdal Bondelag sin medlem i styringsgruppa for Storféprosjektet på Sunnmøre – Vegval med mjølk og kjøtproduksjon.

Fylkesstyret tilrådde på styremøte 28. august ei vidareføring av prosjektet i 3 nye år i perioden 1. august 2009 – 31. juli 2012, då styret meiner å sjå at prosjektet på Sunnmøre har hatt svært positiv effekt.

Prosjektet er ei vidareføring av tidlegare prosjekt "Mobilisering kumjølk og storfékjøt" på Sunnmøre". Når ein no går inn for å utvide med ytterlegare 3 år, er det ut frå at ein ser gode resultat. Fleire har investert for framtida også på Sunnmøre, og mange står framføre slike investeringar. Prosjektet har vist seg å vere ein viktig katalysator i slike samanhengar. For å sikre god drift og driftsleiing etter utbygging, vil prosjektet kople inn det ordinære rådgivingsapparatet. Prosjekteigar er TINE Meieriet Vest og prosjektleder Jo Helge Sunde frå TINE Vest. Styringsgruppa består av M&R Bondelag, M&R Bonde- og Småbrukarlag, TINE Meieriet Vest, Nortura Region Nord og Fylkesmannen.

## GEIT I VEKST

Geit i Vekst er eit tre-årig samarbeidsprosjekt i tidsperioden 2007-2009 som er forlenga til 1. juli 2010. M&R Bondelag er ein av mange deltakarar i prosjektet saman med fylkesbondelaga, småbrukarlag, sau- og geit og landbruksavdelingane i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland, Nortura og TINE Meieriet Vest. Målet med Geit i Vekst er å sikre ein framtidsretta geitmjølkproduksjon og oppnå status som ein sjukdomssanert geiteregion. Prosjektleder er Ola Søgnesand. Han har kontor plass hos Tine Meieriet Vest i Førde. Rapport for perioden 2007-2009 er lagt ut på prosjektet si heimeside:

<http://www.tinevest.no/givfront.htm>

## KULTURLANDSKAPSGRUPPA

Inge Martin Karlsvik er M&R Bondelag sin representant i gruppa, som består av representantar frå Bondelaget, Småbrukarlaget, Landbruk Nordvest, Allskog, og frå avdelingane areal- og miljø, kultur og landbruk i M&R fylke.

Regionalt miljøprogram har vore tema på fleire av møta. Sjå omtale av M&R Bondelag sitt arbeid med RMP i **kap 4.6 - .side 43.**

Andre tema i grupa har m.a. vore utvalde landskap. Verdsarvområde, skjøtsel og erfaring med avtaler. Kulturlandskapsprisen 2009.

## FISKARBONDEN SIN ARV

Odd Einar Fjørtoft frå Haram har vore Bondelaget sin representant i det treårige prosjektet "Fiskarbondens Arv". Slutt-rapport for prosjektet vart lagt fram i august 2009. "Fiskarbonden sin arv" har arbeidd med synleggjering og ivaretaking av verdiar i kystlandskapet, og lagt til rette for at arven til fiskarbonden som til dømes landskap, kulturminne og mattradisjonar skal gje grunnlag for nye arbeidsplassar.

## INNOVASJON NORGE

Fylkesstyremedlem Anne Katrine Jensen, Gjemnes, har vore Bondelaget og landbrukets representant til regionstyret i Innovasjon Norge i M&R sidan 2008. På fleire styremøter har ho orientert om aktuelle saker frå Innovasjon Norge.

26. feb. møtte ho på Norges Bondelags samling i Oslo for Bondelagets styremedlemmer i Innovasjon Norge.



## BU-MIDLANE OG LANDBRUKSSELKAPET

I samsvar med tildelinga av fylkesvise BU-midlar er landbruksavdelinga pålagt å drøfte bruken av desse midlane med fagлага i landbruket; Bondelaget, Småbrukarlaget og Allskog (tidl. Skogeigarforeninga).

Fylkesleiar Arne Magnus Aasen og organisasjonssjef Gunnar Wentzel møter for Bondelaget i Landbruksselskapet i Møre og Romsdal. Leiarane i fagлага, fylkeslandbruksstyret og landbruksdirektør utgjer styret. Daglege leiarar i fagлага har møte- og talerett i styret.

Landbruksavdelinga hadde regionale BU-møter med kommunane i mars. Arne Magnus Aasen møtte for Bondelaget på møtet i Tingvoll 10. mars, og Per Kristian Gjerde på Solavågen 12. mars.

28. april vart det halde møte i Landbruksselskapet, samt samrådsmøte med Landbruksavdelinga. Arne Magnus Aasen og Gunnar Wentzel møtte for Bondelaget. Det vart drøfta å starte arbeid med presentasjonsmateriell for næringa i fylket og for rekruttering med eige arbeidsgruppe.

Anne Katrine Jensen møtte for Bondelaget på møte med Landbruksavdelinga om info-arbeid 27. mai.

På møte i samarbeidsutvalet med Landbruksavdelinga 15. september i Molde, der Arne Magnus Aasen og Gunnar Wentzel møtte, var det rapportering av verkemidlar for 2009, generell informasjon om aktivitetar knytt til landbruksavdelinga sitt arbeid, revidering av Næringsstrategien for 2010, orientering om revisjon av regionalt miljøprogram (RMP) og orientering om rekrutteringsprosjektet.

2. november var m.a. næringsstrategien og regionalt miljøprogram tema for møtet med Landbruksavdelinga, Arne Magnus Aasen og Gunnar Wentzel møtte. Bondelagets fylkesstyret drøfta så næringsstrategien på styremøte 16. november (**Sjå eigen sak under**)

15. desember var det nytt møte med landbruksavdelinga om næringsstrategien 2010. Arne Magnus Aasen og Gunnar Wentzel møtte.

## NÆRINGSSTRATEGIEN FOR MØRE OG ROMSDAL

På styremøte 16. november drøfta Bondelagets fylkesstyre næringsstrategien og tilrådde dette for det vidare arbeid:

Styret ønskjer stabilitet og i prinsippet mest muleg like rammevilkår for ulike tiltak innan dei prioriterte områda.

Dei grovforbaserte produksjonane bør ha same rame for lån og tilskot.

Styret ber om at det blir vurdert om taket for tilskot utan rentestøtte bør auke frå 2 mill kr til 2,5 mill kr.

Utbygging av gjødsellager og varige fórlager bør vere prioriterte tiltak.

Styret er samd i at etableringstilskot ved eigarskifte aukar frå 500. til 750.000 kr.

Bruk av trevirke og eigne material bør stimulerast.

Hydrotekniske tiltak: Rentestøtte som det er opna for frå sentralt hald vil ha lita verdi i praksis og treng ikkje gå inn som nytt tiltak.

Økologisk landbruk bør prioritere produksjon og marknad på kort sikt. Langsiktig og overordna satsingar på barn og unge og bruk av tilretteleggingsmidlar for å støtte opp under etableringar av skulehage, arrangement og profilering av økologisk mat bør ikkje ligge under føringane.

Nyetablering av pelsdyrhald får ikkje tilskot eller rentestøtte.

Det er ønskjeleg å vurdere reglane for nabofylka for å unngå store skilnader.

## Kap 4.6 Andre saker

### SAMARBEIDET MED GJENSIDIGE

Gjensidige er Norges Bondelags samarbeidspartnar når det gjeld forsikringselskap. Vi samarbeider om gode ordningar til best muleg pris med medlemsrabatt og førebyggjande tiltak. Det nære samarbeidet gjennom ei årrekke betyr i praksis at det ikkje er aktuelt for lokal- eller fylkeslag å lage til organisasjonsmessige tiltak saman med andre selskap.

Fylkesleiar Arne Magnus Aasen og organisasjonssjef Gunnar Wentzel hadde 12. mars møte i Molde med Gjensidige ved Tor Egil Lie, Lena Myren, Knut Bertil Øygard.

Nytt møte i samarbeidsutvalet med Gjensidige vart halde i Molde 11. november. Arne Magnus Aasen og Gunnar Wentzel møtte.

Fylkeslaget har god kontakt med tilsette i selskapet gjennom heile året. Representantar frå Gjensidige deltek som gjestar på fylkeslaget sitt årsmøte i mars og leiarmøtet i november, og dei mottek fylkeslaget sine lokallagsbrev til orientering. Tidlegare fylkesleiar Knut Sjømøling er styreleiar i Gjensidige Nordmøre og Romsdal.

#### Tilsette i Bondelaget og Gjensidige utveksla erfaringar

Tilsette i Bondelaget og Gjensidige Nordmøre og Romsdal – landbruk, møttes onsdag 17. juni til nyttige uformelle samtalar om aktuelle samarbeidssaker. Gjensidige sine medarbeidarar har stor landbrukskompetanse og får også nye medlemmer til Bondelaget ved nyteikning av forsikring.

Frå Gjensidige møtte: Lena Myren, Bjarne Sjøholm, Torill Strand, Tor Egil Lie, Knut Bertil Øygard, Leidulf Myklebust, John Magne Kronborg og Marie Gjære.

Frå Bondelaget møtte: Gunnar Wentzel, Atle Frantzen, Anne Turid Myrbostad og Arild Erlien.

Samlinga starta med omvisning på Gjensidige sine nye kontorlokaler ved Roseby Vest i Molde. Deretter samtaler om Gjensidige sine tilbod og erfaringar i arbeidet overfor bøndene. Også medlemsverving og korleis ein opplever situasjonen ute blant bøndene ble drøfta.

Deretter forflytta dei tilsette seg til Bondelagets kontor på Felleskjøpet, og omvisning og vidare drøfting om aktuelle samarbeidssaker. Her var det mellom anna ein kort gjennomgang av organisasjonen og aktuelle faglege og næringspolitiske saker.



Frå tilsette-samlinga i Bondelaget og Gjensidige. Sittande foran frå v: Lena Myren, Bjarne Sjøholm og Torill Strand (alle Gjensidige). Bak frå v: Gunnar Wentzel, Tor Egil Lie, Knut Bertil Øygard, Leidulf Myklebust, John Magne Kronborg, Atle Frantzen og Marie Gjære. Anne Turid Myrbostad var ikkje tilstade då biletet vart teke. (Foto: Arild Erlien).

## **SAMARBEIDSAKTIVITETAR MELLOM BONDELAGET OG SAMVIRKEORGANISASJONANE I MØRE OG ROMSDAL 2009**

Arne Magnus Aasen er leiar i samarbeidsrådet for landbruket i Midt-Norge. På møtet i Trondheim 20. januar møtte Arne Magnus Aasen.

Møre og Romsdal Bondelag sitt samarbeid med samvirket skjer frå sak til sak, og er knytt til møter og saker som likevel skal bli gjennomførte. Dette varierer frå år til år ettersom kva aktivitetar som er aktuelle. Av omsyn til avstandar og noko ulike samvirkeorganisasjonar, har M&R behov for å gjere ein jobb i tillegg utanom det regionale samarbeidet som er etablert med fylkesbondelaga og samvirket i Midt-Norge.

Ein viktig del er å skape nettverk og møteplassar mellom representantar for næringa og andre samfunnsaktørar og organ og halde løpande kontakt med desse. Bondelaget har brei kontakt med andre landbruksorganisasjonar som Tine, Nortura, Fellekjøpet og Allskog.

### **Aktivitetar med samvirkeorganisasjonane i 2009:**

- \* Januar 7.-8. Unge Bønder samling i Molde. Samvirke presentert.
- \* Mars 15. Samvirketillitsvalde med heile handsaminga uttale jordbruksforhandlingane.
- \* Mars 13.-14. Årsmøte M&R Bondelag med brei Landbrukskonferanse og samvirkerepresentasjon med talerett.
- \* April 21. Informasjonsstand byer og tettstader om mat og politikk.
- \* Oktober 24. Eigarskifte kurs 34 deltakarar.
- \* August. Open Gard på 6 plassar pluss stand Bygdedagar.
- \* August 28.-30. EU-konferanse i lag med NTEU og Fiskarlaget under Matfestivalen 60 deltakarar finansiert av UD.
- \* November 27.-28. Leiar møte invitasjon samvirke og Organisasjonskurs nye tillitsvalde.
- \* Samarbeid og representasjon Fylkesmannen og Landbruksavdelinga.
- \* Forvaltninga Landbruksselskapet i M&R sine fondsmidlar.
- \* Kontakt med Landbruksskulen.
- \* Bondelaget med innlegg på samvirkekurset på Hurtigruta for unge nye Bønder i november.
- \* Oppslutning om Fellekjøpet og kornsiloen – fleire utspel.
- \* Den Norske Matfestivalen Ålesund styrerepresentasjon
- \* Prosjekt Matmangfald i regi av Landbruksrådgivning bondelagsleiar Arne Magnus Aasen leiar styringsgruppa.
- \* Samarbeid og kontakt med Møre og Romsdal Nei til EU.
- \* Kontakt og samarbeid med Møre og Romsdal Fiskarlag.
- \* Informasjon og mediekontakt og pressemeldingar.
- \* Framfor Stortingsvalet informasjon til alle Landsmøteutsendingar og til Stortingskandidatar.
- \* Møte med utvalde stortingskandidatar.
- \* Politikarkontakt fleire kommunar og fylkeskommunen.
- \* Brosjyre landbruket i fylket og alle kommunane reviderast og distribuerast heile året.
- \* Kontakt med skulane i einskilde kommunar, potetdagar, osb i regi lokale Bondelag.

## **DEN NORSKE MATFESTIVALEN I ÅLESUND**

Tidlegare fylkesleiar i Bondelaget og stortingsrepresentant, bonde Jørgen Holte frå Volda, er Bondelaget sin representant i styret for Matfestivalen. Fylkestyret stiller til rådvelde inntil kr 20.000 i budsjetttramme for ein representant frå Bondelaget/landbruksnæringa.

Generalforsamling i Den Norske Matfestivalen for 2009 vart halde i Ålesund 20.april. Jørgen Holte møtte med fullmakt for Bondelaget. Solveig Linge Stakkestad møtte for M&R Bygdekvinneleg. Leiar for Matfestivalen er tidlegare Ålesund-ordførar Arve Tonning.

Matfestivalen 2009 vart halde i dagane 26. –30. august. Møre og Romsdal Bondelag stilte ikkje i 2009 ein person til rådvelde i sekretariatet for Matfestivalen vel ei veke, slik fylkeslaget har gjort tidlegare år.

## **DET NORSKE MÅLTID**

Solveig Linge Stakkestad var Møre og Romsdal Bondelag sin representant i fylkeskomiteen for "Det Norske Måltid - Jakten på Smaken av Norge". Konkurransen 2009 vart organisert av Stiftelsen Norsk Matkultur. Startskotet gjekk 23. juni. Den lokale arrangørkomiteen besto i tillegg til Bondelaget av Kokkenes Mesterlaug Norges Fiskerlag, DnB NOR), Fylkesmannens matkontakt, NHO-Reiseliv, Innovasjon Norge og Bondens Marked. Kåringa vart gjort under Matfestivalen, laurdag 29. august.

Møre og Romsdal hadde desse vinnarane: **Råvare sjø:** Oppdrettet Atlantisk kveite, Nordic Seafarms, **Råvare land:** Speket pølse med akevittkrydder, Tind Spekevarer, **Produkt:** "KRAFTKAR" Vellagret blåskimmelost, Tingvollst.

## **SAMARBEIDET MED NEI TIL EU**

Johs Bae frå Averøy er tilsett som fylkessekretær i ei 60 prosent stilling. Bae har heimekontor i Averøy. Ole Kvalheim, Molde, vart på årsmøtet 14. nov. attvalt som leiar.

Heile fylkestyret og tilsette på fylkeskontoret i Bondelaget deltok på EU-konferanse under Matfestivalen i Ålesund fredag 28. og laurdag 29. august, arrangert av Nei til EU i Møre og Romsdal i samarbeid med Bondelaget og Fiskarlaget i Møre og Romsdal. Konferansen om utfordringane for landbruk og fiske i lys av matvarekrisen i verda var sponsa av Utanriksdepartementet sitt program for informasjon om EU med kr. 60.000. Blant dei vel 60 deltakarane på konferansen var det ei sterk liste med foredragshaldarar og deltagarar. (sjå omtale kap. 4.2 – side 33).

Fylkeslaget har i lokallagsbrev og andre skriv gjennom året oppmoda lokallaga i Bondelaget om å hjelpe til med skaffe medlemmer til Nei til EU. Det er viktig å kunne vise til ei stadig aukande medlemsmasse. Dette åleine vil kunne dempe ja-sida si lyst på ei ny folkerøysting.

## **INFORMASJONSPLAN FOR REINHEIMEN**

Styret drøfta 16. november høyring til informasjonsplan for Reinheimen. Hovudføremålet med forvaltninga er å ta vare på verneverdiane og leggje til rette for berekraftig bruk.

Fylkestyret meiner det er mange gode og positive tiltak i informasjonsplana. Det er positivt at det blir utført systematisk, korrekt, og ikkje minst samordna informasjon om og i verneområda. Planen verkar likevel litt vel omfattande og "byråkratisk", sjølv om det er gjort klare prioriteringar.

Styret er tilfreds med at informasjonsarbeidet skal samordnast av Kontaktutvalet for Reinheimen. Vidare at informasjonsmateriell er i ferd med å kome på plass i terrenget.

Møre og Romsdal Bondelag er oppteken av at informasjonsarbeidet prioriterer i samråd med grunneigarar enkel og praktisk retta opplysningar som er tilgjengeleg ute i terrenget, hos reiselivsaktørane, på turkart, samt på internett o.a. Vi har mindre tru på kostbare trykksaker som lett blir utdatert.

Informasjonen må ta opp rettar og pliktar i f. t. grunneigar, jakt, fiske, og bruk av naturen.



Frå styremøte i M&R Bondelag 16. februar. Foran frå v: Birgit Oline Kjerstad, nestleiar Inge Martin Karlsvik, fylkesjordsjef Ottar Longva og fylkesleiar Arne Magnus Aasen. Bak frå v.: Hans Frafjord, Per Kristian Gjerde, fylkesleiar i Bygdekvinnelaget, Solveig Linge Stakkestad, Anne Katrine Jensen og org.-sjef Gunnar Wentzel. (Foto: Arild Erlien).

## REGIONALT MILJØPROGRAM (RMP)

På styremøte 16. feb. drøfta styret revisjon av regionalt Miljøprogram (RMP) 2009. Fylkesjordsjef **Ottar Longva** var tilstede og orienterte om forslaget til utforming av eit driftsvansketillegg. Ca 9,1 mill kr til disp av total ramme på 17 mill kr. Hovudspørsmålet er om dei disponible 9 mill kr skal bli fordelt til kommunane etter areal og bruk, eller andre kriterier som at ein driv mange små teigar. Det er i dag store skilnader i utbetaling av RMP-midlar pr kommune.

Styret gjorde 16. februar vedtak om framleis å gå inn for eit skiftetillegg pr dekar for mindre teigar. Det kan vere slik at alle teigar under 5 dekar får del i ordninga, men med eit botnfrådrag for dei første 10 dekar. Det vil vere krav om at arealet er slått og/eller beita, vidare dokumentasjon ved at arealet er skravert på kart og evt krav om miljøplan trinn II med meir. (Sjå **Kap 3.9** - **Side 21**. – **brev til landbruksavdelinga**)

På styremøte 9. mars vart det referert skriv frå fylkesjordsjefen om at Statens Landbruksforvaltning (SLF) går mot eit skiftetillegg slik skissa var presentert for dei. Styret tek skrivet frå Landbruksavdelinga til vitande, men beklagar at det ikkje er vilje til å kome fram til eit skiftetillegg. Styret vil vurdere korleis fylkeslaget kan ta saka opp att.

### e-post til lokallaga - 15. mai :

#### **Rammetildeling til kommunane for skjøtsel av verdifulle kulturlandskap**

Kommunane har fått ein ny pott midlar frå Regionalt Miljøprogram i fylket basert på areal. Kommunane skal melde tilbake til Landbruksavdelinga i fylket i juni korleis ein vil disponere rammeløyvinga.

Ordninga skal erstatte m.a. tilskot til Bratt areal. Vår føresetnad er at Bratt skulle førast vidare inn i den nye ordninga sjølv om det kunne bli nye satsar. No vil det vere opp til kommunane, evt i samarbeid med lokale Bondelag får vi melding om frå fleire, å finne fram til hvilke område som skal prioriterast for ordninga. Vi ser då at det kan bli område med både flatt og bratt areal kan bli valt ut, og at nokre område med Bratt etter desse nye retningslinene kan falle ut. Det kan bety stort tap av tilskot for einskildbruk.

Vi ber lokallag som blir trekt inn i drøftinga av desse midlane om å vere spesielt obs på Bratt areal.

Elles har vi godteke kravet frå Landbruksdepartementet om at tilskot til dyr på utmarksbeite fell bort i alle fylka sidan det er to nasjonale ordningar for beiting, og at tilskot til transport før i fjellet går ut. Regionalt Miljøprogram held elles fram med fleire andre ordningar.

Søknadsfrist for produsentane er i august på eige skjema til fylket som før.

### e-post til lokallaga 20. mai:

Vi høyrer at mange lokallag er kalla inn til drøfting med kommunen om fordelinga av den nye rammeløyvinga under Regionalt Miljøprogram (RMP). Vi vil oppmode om at kommunar med Bratt areal framleis prioriterar desse areala saman med andre typer areal, sjølv om satsen kan bli ei anna for Bratt enn før. Bratt areal er jo definerte areal som er oppmålt og slikt greit.

Vi oppmoder om at ein ikkje tenkjer at desse midlane skal prioritere "utsikt langs turistveggar" for det er dels Vegvesenet sitt ansvar, dels er det i årets avtale på landsplan sett av 50 mill kr til utsiktsrydding.

På bakgrunn av dette vert Regionalt Miljøprogram – RMP – Følgjer for Bratt areal, drøfta på nytt i styremøte 2. Juni. Fylkesstyret gjer vedtak om å be Landbruksavdelinga å få inn att tilskot til Bratt areal som eiga ordning under RMP sjølv om satsane blir endra frå før. Styret er klår over at dette kan få konsekvensar for dei rammene kommunane har fått melding om til Skjøtsel av verdfullt kulturlandskap. Vidare at det er korte fristar og at SLF vil ha meining om dette. M.a. vil SLF kunne meine at det at areal er bratt ikkje er eit spesifikt kvalitetsteikn. Det ser ut til at andre fylke framleis har godkjent Bratt areal som grunnlag for RMP.

Fylkeslaget tek i denne samanheng ikkje opp att spørsmålet om kantsone- eller skiftetillegg. Fylkeslaget vil be om eit møte med Landbruksavdelinga om dette. (Sjå **kap 3.10** – **Side 21** .**Brev til landbruksavdelinga**)

Det vart halde møte med landbruksavdelinga 16. juni om regionalt Miljøprogram (RMP). Arne M. Aasen og Gunnar Wentzel møtte for Bondelaget.

På styremøte 28. august vert lokallaga bedt om å leggje fram saker der de meiner RMP-midlane har slått feil ut. Fylkeslaget vil følgje opp RMP slik at ein må kunne endre dei kriterier som er valt i år og dei områder som kommunane har prioritert. Det har kome reaksjonar på endringane for dei med Bratt areal.

## FJERN KRAVET OM SAMANSLÅING AV KVOTE-EIGEDOMANE

Fylkesstyret i Bondelaget drøfta på styremøte 12. oktober regelverket for kvoteordninga for mjølk, som krev at for å kunne levere på kvote frå to gardsbruk med same eigar må gardsbruka først bli slått saman til ein juridisk eigedom. Alternativet er å drive samdrift eller leige kvote. Men landbrukseigedom i samdrift må ha forskjellige eigarar, ein kan ikkje drive samdrift med seg sjølv.

Etter det styret kjenner til er det fleire organ som vurderer kravet om at landbrukseigedomane må vere slått saman til ein juridisk eining for å kunne nytte mjølkekvotene saman. Det har dei seinare åra skjedd så store prinsipielle endringar i kvoteregulverket rundt samdrift og leige av mjølkekvote at styret meiner det er grunnlag for en ny vurdering av denne bestemmelsen. Det er kjent at § 13 om samanslåing også elles er komplisert og har uklarheter.



## FOKUS PÅ SAMDRIFTER I MEDIA

I september rett før stortingsvalet var det fleire artiklar i media, og særleg i Sunnmørsposten om samdrifter. 11. september sendte fylkeslaget informasjon til media og lokal-lagsleiarar om fylkeslaget sitt syn på saka:

Fylkeslaget har med dels interesse og dels frustrasjon fulgt debatten mellom stortingskandidatane om samdrifter i Sunnmørsposten. Det er flott at bøndene i Ørsta har fått førsteside i valinnsputten om økonomien i mjølkeproduksjonen generelt og spesielt etter bruksutbygging. Fylkeslaget avventa i første omgang kommentarar for å sjå om politikarane kunne love noko meir i valinnsputten.

Møre og Romsdal Bondelag sendte denne kommentaren til debatten om samdrifter i mjølkeproduksjonen, som m.a. kom på trykk i Sunnmørsposten dagen før stortingsvalet:

### **Samdrifter framtidsetta, men mjølk dårleg betalt for alle**

Økonomien for samdriftene er alt for dårleg akkurat som for andre mjølkebruk. Men i samdrifter blir økonomien veldig tydeleg når ein skal prøve å fordele ei rettvis timebetaling til fleire partar. Med så stor produksjon ville dei hatt meir pengar dersom det hadde vore muleg å oppnå dei prisane på mjølk og kjøtt som Bondelaget har forhandla fram før marknaden raste nedover. Dette ble mykje papirpengar.

Venstre i Landbruksdepartementet stod for dramatisk endring ved å fjerne kravet til eigen arbeidsinnsats for samdrifter. Det medførte full utjamning av driftstillegg mellom samdrifter og einskildbruk og som no snart er gjennomført.

Dagens regjering har likevel hatt fire år på seg til å lytte til bøndene sine krav. Det er bra at Bjørn Jacobsen i sin kommentar er oppteken av framtida for familiebruka. Men det er feil slik han er sitert i Sunnmørsposten at samdrifter fører til overproduksjon. Dei har kvoter som avgrensar produksjonen slik som for alle andre.

Fylkeslaget har besøkt fleire av samdriftene i Ørsta. Det har også landbruksministeren. Samdrifter er ei god løysing som mange har valt for å få meir fritid i den arbeidskrevjande mjølkeproduksjonen. Vi er imponert over samarbeidet dei har fått til for å ta vare på mjølkeproduksjonen i bygdene i Ørsta. Det er framtidsetta moderne bygg.

Fylkesbondelaget har meint at det skulle vere muleg å dokumentere eigeninnsats i samdrifter slik at det er muleg å stimulere til fleire aktive bønder i samdrifta.

Fylkesbondelaget har også gått for at alle føretak skal ha same høve til å leige mjølkekvote opp til taket for samdrifter på 750.000 liter. Det ville gi meir arbeid, men gjere økonomien litt betre.

## JORDVERN

Jordvern har vore tema på fleire møter i fylkeslaget.

Regional jordvernkongress for Midt-Norge i Trondheim 27. januar vart arrangert av Bondelaga og landbruksavdelingane i Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal. Frå Bondelaga i M&R møte: Arne M. Aasen, Birgit O. Kjerstad, Geir Hole, Leif Inge Grebstad og Sigurd Johan Saure. Landbruksministeren vart blant innleiarane.

Vestre Sunnmøre Bondelag gjorde framlegg om at årsmøtet i mars tok opp jordvern og jordvernfond. Fylkestyret gjorde vedtak 16. februar om å be Vestre Sunnmøre Bondelag å ta opp sitt syn på jordvern i innlegg i årsmøtet. Styret rekna med at også landbruksdirektøren ville ta opp jordvern i sitt innlegg. Fleire lag har teke opp jordvern slik at årsmøtteinnlegga kan danne grunnlag for vidare arbeid med jordvern i organisasjonen. Styret ville difor ikkje setje opp jordvern som eiga sak i årsmøtet.

På styremøtet 15. og 16. april oppsummerte styret debatten på årsmøtet. Jordvern vart drøfta i fleire innlegg i årsmøtet og spesielt med oppmoding frå Søre Sunnmøre Bondelag og med innlegg av landbruksdirektøren. Fylket har ein jordvernplan frå 2008, og regjeringa arbeider med tiltak for å nå målet om halvering av nedbygginga. Fylket bør auke kompetansen på jordvern. Behov for informasjon, haldningsendring og stoltheit. Jordvernarbeidet må skje saman med Landbruksavdelinga. Spele inn at dyrka mark er kvardagens kulturminne for å få inn verdisynet i f t dyrka mark.

### **Verneheimel i jordlova**

På styremøte 16. november drøfta og vedtok Møre og Romsdal Bondelag denne uttalen til verneheimel i jordlova for jordvernområde, som var ute til høyring:

M&R er mellom dei fylka som over mange år har omdisponert mykje dyrka mark, opp i 1.000 dekar. Fylkestinget vedtok i 2007 dokumentet Jordvernstrategi. Regjeringa har ambisjon om å halvere omdisponeringa av dyrka mark.

Det er ope om vårt fylke har særlege jordbruksareal som er naturleg å opprette som jordvernområde, eller som Bondelaga bør gjere framlegg om vern av. Spesielt jord i ulike delar av landet egna for matkorn, potet, grønnsaker, men også for er viktig.

Jordvernområde vil kunne sikre viktige areal ut frå nasjonale behov og stanse lokal omdisponering.

Det vil truleg bli sett i gong arbeid med vurdering av jordvernområde for heile landet. Areal skal vere samanhengande. Forslag kan kome frå styresmaktene, fylkesmann, grunneigarar, organisasjonar. Område under planlegging vil bli bandlagt.

For matprodusentane vil det gi tryggleik for dei mest verdifulle produksjonsareala, men hindre omdisponering, og avgrense oppføring av nye driftsbygg, ny driftsveg, osv ved innføring av søknadsplikt. Frådeling av tomt for t.d. fellesfjøs vil bli vist til udyrka areal. Erstatning vil truleg bli sterkt avgrensa tilsvarende som for vern etter Naturvernlova.

Vedtak: Styret meiner det er naudsynt med heimel for vern av verdfull dyrka jord ut frå omsynet til framtidig matproduksjon. Dette er også i samsvar med bonden og Bondelaget sine verdiar. Styret ser at verneheimelen vil avgrensa også aktive bønder sin råderett over aktuelle jordvernområde. Styret vil vere positiv til at det blir starta utgreiing om aktuelle jordvernområde i Møre og Romsdal. Styret har ikkje konkrete merknader til lovframlegget.

### **Kurs om lokal arealforvaltning**

På dagskurset om lokal arealforvaltning på leiarmøtet i Molde 27. november var det m.a. fokus på konflikten mellom ønskje om sysselsetjing og behov for jordvern.



**50 personar deltok på dagskurset om lokal arealforvaltning på leiarmøtet i Molde 27. nov. (Foto: Arild Erlie)**



Frå møtet med Direktoratet for naturforvaltning 16. mars. Bak f.v. bøndene Malvin Harnes og Odd Einar Fjørtoft, jordbrukssjef Nils Sanden og forskar Arne Follestad. Foran f.v. Arild Espelien, Jo Anders Auran, og Per Erik Sigstadstø. (Foto: Gunnar Wentzel).

## MØTE MED DIREKTORATET OM GÅS

16. mars vart det halde eit møte i Trondheim om bestanden av grågås som er for stor. Fleire av tiltaka som tilrettelegging av beiteområder skulle redusere avlingstapa, men har gitt grunnlag for større bestand. Enkelte bønder på øyane utanfor Sunnmøre og Romsdal kan dokumentere avlingstap på 100.000 kroner. På møtet mellom berørte bønder frå Møre og Direktoratet for naturforvaltning (DN) syntest det å vere semje om at ein bør fastsette lokale bestandsmål som ein kan regulere etter.

På møtet med DN deltok bøndene Odd Einar Fjørtoft frå Fjørtoft og Malvin Harnes frå Harøy, jordbrukssjef i Haram, Nils Sanden og forskarane Arne Follestad. Arild Espelien, Jo Anders Auran, og Per Erik Sigstadstø. og Gunnar Wentzel i Møre og Romsdal Bondelag.

Forskriftene for felling av viltartar som gjer skade bør framleis ha med grågås under artar som kan fellast heile året etter tillatelse frå kommunen. Det må fastsettest bestandsmål for hekkande par som er langt lågare enn dagens antal. Skadedyrfelling i forkant av hekkesesongen er nødvendig inntil bestanden er på eit lågare nivå.

Jordbrukssjef Edvin Sanden presenterte alle tiltaka som har vore prøvd ut. Tilrettelegging av beiteområde og skjøtsel av holmar med utegangarsau har snarare gitt grunnlag for auka bestand. Organisasjonssjef Gunnar Wentzel understreka at tapa er uakseptable og at utviklinga går i retning av lokal forvaltning.

Møtet syntest å bli samde om at det må vere muleg å fastsette bestandsmål i forvaltningsplanar for dei enkelte områda. Planane vil da kunne ha rettsvirkning, meinte juristen Singstadstø. Han viste til at ein tek ut ynglande bestand f eks i jervehi. DN syntest å gå i retning av å ville overlate forvaltninga til fylka for å få dei til å ta auka ansvar for dette forvaltningsområdet. Generelt skal bestanden regulert med ordinær jakt.

Det var ikkje problem med gås på innmark før utover på 70-tallet. Antal hekkande grågås på eksempelvis øya Fjørtoft bør ned i 40-50 par. På Harøy er det anslått 180 par i dag og dette bør ned i rundt 80 meinte bøndene. Med ungekull og ungfugl blir beitebestanden på kvar av øyene over tusen dyr. Erfaringsmessig må ein del av reduksjonen skje som skadefelling før hekking fram til bestanden er på eit bærekraftig nivå. Jakta er vanskeleg. Forskar Follestad meinte årleg uttak kan vere på 30 prosent. Etter kraftig reduksjon av bestanden på Smøla synes situasjonen der no til å vere til å leve med.

## BA FISKERIDIREKTORATET ENDRE TILLATELSE FISKEOPPDRETT VED LANGFJORDEN I MOLDE

Fiskeridirektoratet har opna for etablering av nytt oppdrettsanlegg i sjøen ved Årset langs Langfjorden på Skålahalvøya i Molde. Eit femtitals grunneigarar har gått mot, og Molde kommune har engasjert seg sterkt mot denne arealbruken som er i strid med kommuneplanen. Møre og Romsdal Bondelag ba i brev 13. april direktoratet omgjere vedtaket som føyer seg inn i rekka av etableringar inne i fjordane gjennom mange år som er i strid med grunneigarane langs land sine interesser og hensynet til lakseførande vassdrag.

MR Bondelag anser seg som medklagande part som grunneigarorganisasjon på vegne av våre berørte medlemmer.

Møre og Romsdal Bondelag finn det svært kritikkverdige at areal- og miljøvernavdelinga i Møre og Romsdal fylke har godkjent etableringa. Vi er overraska over at Miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen ikkje har innsigelse, og at Fiskeridirektoratet og Mattilsynet godtek ytterlegare etablering i fjordane. Det er etterlyst konsekvensanalysar som elles er normalt krav ved større miljøinngrep.

Møre og Romsdal Bondelag vil berømme politikarane i Molde, og spesielt klare uttaler frå enkelte sentrale politikarar, som har våga å prioritere mindre næringsinteresser framfor dei tradisjonelt sterke kapitalinteressene bak fiskeoppdrett. Når det framstår slike sterke arealbrukskonfliktar må det vere klart at etableringa vil forringe fastboande sine økonomiske nærings- og brukarinteresser.

Av hensyn til miljøet i fjordane, villfisk-bestandane og spesielt laksefiskane, må fiskeoppdrett over tid søkast avvikla i våre fjordar og evt visast til andre lokalitetar ute ved kysten. Dei aukande miljø- og arealbrukskonfliktane i fjordane viser at dette ikkje er bærekraftig som i dette tilfelle å gi tillatelse til oppdrett av 3.120 tonn som vil bety det mangedobbelte av fôrmidlar og møkkutslipp i fjordbasenga.

## LANDBRUKETS HMS-TJENESTE

Dette er landbruket si eiga bedriftshelseteneste. Verksemda i Møre og Romsdal er organisert i 3 regionar. Kvar region er knytta opp til kvar si ordinære bedriftshelseteneste som finst i regionen frå før, og kvar region har sin HMS-rådgjevar som kun arbeider med landbruk i minst 50 prosent stilling.

Inge Brønstad, Rindal, og Sigurd Rovde, Vanylven, var i Oslo 19. febr. og deltok på landssamling for regiongruppeleiarar m.fl. Kjell Sjømeling, Gjemnes, vart på styremøte 2. juni oppnemnt som ny medlem i regiongruppa for Romsdal.

Ordninga med eit ekstra tilskot på kr 1.000,- til lokallag som arrangerer kurset Praktisk HMS-arbeid har halde fram i 2009. Dette er ein del av ei jubileumsgåve frå Gjensidige.

Det er i løpet av året innført nye prosedyrer for fylkes- og regiongruppene. Som ei oppfølging av dette vart det 9. desember halde møte i Molde for regiongruppeleiarane og faglaga. For Møre og Romsdal Bondelag møtte Anne Katrine Jensen og Atle Frantzen. Distriktsleiar LHMS, Kolbjørn Taklo var initiativtakar til møtet. På møtet vart dei nye prosedyrene gjennomgått og ein drøfta situasjonen i regiongruppene og framtidig organisering. Det vart også sett på status for HMS-arbeidet og drøfta arbeidet vidare framover. Det er framleis mange bønder som burde melde seg inn i Landbrukets HMS-teneste.

### HMS-rådgjevarar i Møre og Romsdal:

- Nordmøre: Sigmund Moen Trønsdal, tlf 900 46 093
- Romsdal: Gunn Hofset Innerdal, tlf 913 72 385
- Sunnmøre: Kari Norbakk Rovde, tlf 415 09 979

## STUDIEARBEIDET - DEL AV AKTIVITETEN I BONDELAGET

Etter omorganiseringa i 2008 vart Bygdefolkets Studieforbund (BSF) endra til ein einledda organisasjon, held studie- og kursaktiviteten fram som før. Men den enkelte medlemsorganisasjon har i større grad ansvar for å halda i gang aktivitet som ein del av eiga verksemd. BSF er framleis eit landsomfattande studieforbund som skal bistå medlemsorganisasjonane i deira opplæringsarbeid. BSF skal arbeide aktivt for eit godt og utviklande vaksenopplæringstilbod i bygdesamfunnet. Det skal leggast spesiell vekt på organisasjon, landbruk og annan samvirke- og næringsbasert virksomhet, lokalmiljø, bygdekultur og samfunnskunnskap. BSF er organisasjonane sitt fellesorgan på opplæringsområdet.

### Fylkeskontakt

Møre og Romsdal Bondelag har inngått avtale med BSF sentralt om å vere ein av ca 11 regionkontaktar i landet. Det betyr primært m.a. at ansvarleg regionkontakt deltek på samlingar i BSF, informerer medlemsorganisasjonane i fylket om aktuelle saker, profilerer BSF og initierer VO-kurs. Møre og Romsdal Bondelag får godtgjersle frå BSF for å utføra denne funksjonen, som også omfattar Sogn og Fjordane. Atle Frantzen fungerer som fylkeskontakt.

### Aktivitet

I 2009 har M&R Bondelag i første rekke oppfordra til aktivitet på "Dyrevelferd hos husdyr", "Jordbruksforhandlingane" og "Praktisk HMS-arbeid." Aktivitetsstatistikk for kursa er enno ikkje klar. Midlar som var att etter omorganiseringa vert brukt som eit ekstra tilskot til godkjente studieringar i fylket. Midlane blir fordelt gjennom M&R Bondelag.

## REPRESENTASJON

**20. januar: Møte om Regionalt miljøprogram, Molde,** Inge Martin Karlsvik

**22.-23. januar: Temakonferanse Norsk Landbrukssamvirke,** Trondheim. Arne Magnus Aasen

**23. januar: Møte med Aure kommune om næringsutvikling,** Gunnar Wentzel

**27.-29. januar: Organisasjonssjefsamling Noregs Bondelag,** Oslo. Gunnar Wentzel

**29. januar: Kornkonferanse Noregs Bondelag,** Oslo. Inge Martin Karlsvik

**4. februar: MRmat i Geiranger, Prosjekt Matmangfald,** Arne Magnus Aasen

**7. februar: Årsmøte i TYR Møre og Romsdal, Averøy,** Anne Katrine Jensen

**9. februar : Kurs om gardsvarmeanlegg og bioenergi.** Møte Landbruksavdelinga. Gunnar Wentzel.

**12. februar: Grøntutvalet Vest i Lærdal,** Signe Brenna.

**25. februar: Ekstra Representantskapsmøte Marknadsordningane Noregs Bondelag, Oslo,** Arne Magnus Aasen og Gunnar Wentzel

**4. mars: Styremøte Hustad Bondelag på Bondelagskontoret i Molde.** Gunnar Wentzel.

**17. mars Verdsarvområde grunneigarmøte i Geiranger** med Landbruksavdelinga, Gunnar Wentzel.

**18. mars: Møte med Fiskarlaget, Ålesund planlegge EU-konferanse.** Ole Kvalheim, Johs Bae, Gunnar Wentzel.

**18. mars: Småkraftmesse, Ålesund.** Jørgen Holte, Terje Engvik, Per Steinar Husby. Gunnar Wentzel.

**26.-27. mars: Representantskapsmøte Noregs Bondelag,** Oslo, Inge Martin Karlsvik (dag 1), Arne Magnus Aasen (dag 2), Gunnar Wentzel.

**28. mars Møre og Romsdal 4 H årsmøte,** Molde, Inge Martin Karlsvik

**28.-29. mars: Årsmøte M&R Bygdekvinnelag,** Molde, Birgit Kjerstad, Anne Turid Myrbostad

**2. april: Møte i Hustad Bondelag** med politikarane i Fræna, Gunnar Wentzel

**28.-29. april: Kurs i verdivurdering av landbrukseigedomar,** Molde, Atle Frantzen

**6. mai: Møte om skogmidlar med M&R fylke,** Gunnar Wentzel.

**8. mai: Opning av fjøs og meieri** hos Gunnar Waagen i Tingvoll. Gunnar Wentzel.

**19. mai: Møte i skuleutvalet på Gjermundnes landbrukskole,** Gunnar Wentzel.

**3. juni : Seminar Biomangfaldlova ved Miljøverndept.** Molde. Birgit Kjerstad, Atle Frantzen, Gunnar Wentzel.

**3.-4.juni: Landskonferanse "Inn på tunet 2009",** Ålesund, Birgit Kjerstad.

**9. juni: Representantskapsmøte Noregs Bondelag,** Bodø, Arne Magnus Aasen, Gunnar Wentzel

**7. august: Trøndersk Matfestival,** Trondheim og møte med stortingskandidatar i Trøndelag. Arne Magnus Aasen

**22.-23. august: Syltemartna i Tresfjord: Søndag** Anne Turid Myrbostad og Hans Frafjord på stand saman med Vestnes BL

**1. september: Telefonmøte om Mjølkeprosjektet Nordmøre og Romsdal,** Inge Martin Karlsvik

**1. september: Sekretærsamling i Noregs Bondelag om medlemsregisteret,** Anne Turid Myrbostad

**2.-3. september: Sekretariatskonferanse Noregs Bondelag,** heile fylkeskontoret

**4. september: Org.-sjef samling Noregs Bondelag,** Gunnar Wentzel

**8. september: Møte om prosjektforskning i Midt-Norge,** Stjørdal, Arne Magnus Aasen, Gunnar Wentzel.

**15.-16. september: Samling for regionkontaktar i BSF,** Oslo, Atle Frantzen

**23. september: Møte med landbruksdirektøren om slakterisituasjonen i fylket og evt. tiltak.** Gunnar Wentzel.

**28. september: Avslutningsarrangement for fylkesmann Ottar Befring,** Alexandra Hotell, Molde. Arild Erlien representerte Bondelaget. Overrekte som gåve: Bondelagets historieverk og T-skjorta med tekst: "Kjærleik til norsk mat".

**19. oktober: Leiar i Noregs Bondelag, Nils Bjørke, besøkte Averøy,** Anne Turid Myrbostad. Dette var Bjørke sitt første besøk i Møre og Romsdal som nyvald leiar i Noregs Bondelag.

**19.-20. oktober: Landbrukskonferanse i Ålesund.** Gunnar Wentzel og Arild Erlien. Den årlege landbrukskonferansen for landbruksforvaltninga i Møre og Romsdal.

**22. oktober: Møte på Landbruksmuseet, Gjermundnes,** i samband med at konsolideringa og tilknytninga til Sunnmøre Museum er på plass. Gunnar Wentzel.

**27. oktober: Halvårsmøte Nordmøre og Romsdal Felleskjøp,** Molde, Arne Magnus Aasen

**28. oktober: Mørekonferansen,** Anne Katrine Jensen og Birgit Oline Kjerstad.

**30. oktober: Årsmøte Møre og Romsdal Fiskarlag,** Kristiansund, Gunnar Wentzel

**4.-5. november: Leiarkonferanse i Noregs Bondelag,** Arne Magnus Aasen, Gunnar Wentzel

**14. november: Hurtigrute-kurs for nye unge bønder,** Arr. Landbruksamvirket. Odd Chr. Stenerud orienterte om Bondelaget medan Hurtigruta låg ved kai i Ålesund laurdag.

**7. desember: Surnadal BL Kløverstukveld** Framfor jordbruksforhandlingane 2010 : Inge Martin Karlsvik

**11. desember: Møte med styret i Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal,** Molde. Anne Katrine Jensen, Gunnar Wentzel.



## Kap. 5 Samarbeidande rekneskapskontor i Møre og Romsdal

Bedriftsnavn	Kontaktperson	Telefon	E-Post	Poststed
Eide Regnskapskontor	Kristoffer Bjorli	71296777	post@eideregnskap.no	Eide
Sjømæling Regnskap	Nils A. Sjømæling	71293879	sjomregn@svorka.net	Batnfjordsøra
Økonomisenteret Fræna AS		71263060	frena@okonomisenteret.no	Elnesvågen
Sunnadal Regnskap BA	Edvin Ole Røen	71691262	post@sunndal-regnskap.no	Sunnaldsøra
Averøy Regnskapslag AL	Jon Nedal/Stig Øiestad	71517660	post@arl.no	Averøy
Økonomitjenesten	Svein Ivar Iversen	71544308	nordsia@online.no	Smøla
Fredrik Mork Håskjold		70076667	fredrik@agro.no	Volda
Betten Regnskap	Egil Betten	71544480	post@bettenregnskap.no	Smøla
Sunnmøre Regnskapsentral ANS	Roger Røyset	70078470	firmapost@sregn.no	Volda
Tustna Regnskapskontor AS	Tor Guldsten	71521830	tor@tustnaregnskapskontor.no	Tustna
Bøndenes Regnskapslag BA	Ole Marvin Aarstad	71231850	post.brl@nessetpost.no	Eresfjord
Kunderegnskap AS	Oddvar Ræstad	71174004	oddvar@kunderegnskap.no	Aukra
Norddal Rekneskapskontor AS	Gerd Myren Hoel	70259660	n-re@online.no	Valldal
Kombi Regnskap & Økonomi AS	Kari Stensby Ranesholger Svei	71657080	lars.rune@kombiregnskap.no	Surnadal
Rolv Lysø Regnskap	Rolv Lysø	71661717	rolv@rolvlyso-regnskap.no	Surnadal
Lars Håkon Furset	Lars Håkon Furset	70260621	post@setrahytter.no	Stranda
Hellesylt Rekneskap AS	Arild Hole	70265075	hellesylt.regnskap@c2i.net	Hellesylt
Surnadal Rekneskap BA	Gudmund Hyldbakk	71655580	firmapost@suregn.no	Surnadal
Sunnmøre Meieridistrikts Rekneskapslag AL	Anders H. Devold	90928209	smdr@tine.no	Ålesund
Kontor Service AS	Egil Sandvik	71531348	ko.se@tbl.as	Tingvoll
Vanylven Rekneskapslag	Siv Lillenes Åmelfot	70023960	vanylven@online.no	Syvde
Øko-Vest AS	Hallvard Sæter	71188060	hallvard@oko-vest.no	Vestnes
Kunderegnskap Rauma AS	Iver Arthur Mittet	71227950	iver.arthur@kunderegn.no	Åndalsnes
Stordal Regnskap AS		70279400	post@stordalregnskap.no	Stordal
Data Informasjon AS	Ståle Øye	70049150	firmapost@datainfo-as.no	Ørsta
Visma Services Norge AS avd. Møre	Randulf Bakken	70207820	more@visma.no	Haramsøy
Rekneskap Høydalsvik AS	Geir Høydalsvik	70049000	post@rekne.no	Ørsta
Gjemnes-Regnskap ANS	Steinar Haltvik/Egil Solli	71292684	egil@gjemnes-regnskap.no	Angvik
Regnskapstjenester AS	Eli Fjærvik	71530258	elifj@start.no	Øydegard
Kroknes Regnskapskontor AS	Hans Kroknes	71556368	hans@kroknes.no	Vågland
Bondelagets Regnskapskontor AL	Laila Kristin Eidnes	71665440	post.regnskapslaget.rindal@svorka.net	Rindal
H. Aukan Regnskapskontor AS	Heidi Aukan	71644040	post@aukan-regnskap.no	Lesund
Økonomisenteret MRK AS	Ole Nistad	71241500	post@okonomisenteret.no	Molde
Audun Flaten Regnskapskontor	Audun Flaten	71555367	auflaten@online.no	Valsøyfjord
Fjørtoft Rekneskap Arf	Torgeir Fjørtoft	70151450, 95747342	fjortoft.rekneskap@live.no	Ålesund



Frå tema- og skattekurset for samarbeidande rekneskapskontor i Kristiansund 21.-23. okt. (Foto: Anne T. Myrbostad).

# Kap 6 Rekneskap 2009 og Budsjett 2010

Møre og Romsdal Bondelag

		Hittil i år	Budsjett	Hittil i fjor
<b>Salgs- og driftsinntekt</b>				
3100	Inntekter materiell	-1 125,00		-3 587,00
3130	Kurs og arr.inntekter	-41 900,00		-12 800,00
3131	Kurs og arr.inntekter Matmangfold			-10 210,00
3190	Andre inntekter	-75,00		
3400	Tilskott BU-midler	-43 205,00		
3900	Rammeløyving Norges Bondelag	-653 640,00	-667000	-708 286,00
3910	Refusjonar andre	-52 785,00	-10000	-38 310,00
3912	Aktivt Lokallag midlar	5 269,00		8 988,00
3918	Refusjonar frå Bygdestudieforbundet	-44 667,00	-40000	
3920	Refusjonar frå Norges Bondelag	-47 861,81	-10000	8 013,00
3930	Tilskot prosjekt			15 000,00
3931	Tilskot Matmangfold (også BU-midlar)			-727 600,00
3932	Tilskot Netcoop			-316 270,00
<b>Salgs- og driftsinntekt</b>		<b>-879 989,81</b>	<b>-727000</b>	<b>-1 785 062,00</b>
<b>Varekostnad.</b>				
4400	Innkjøp av materiell	5 078,00	5000	8 750,00
<b>Varekostnad.</b>		<b>5 078,00</b>		<b>8 750,00</b>
<b>Lønnskostnad</b>				
5092	Feriepenger	9 253,99		0,00
5210	Fri telefon			4 000,00
5290	Motkonto for gruppe 52			-4 000,00
5330	Møtegodtgjørelse Styret	198 250,00	200000	194 350,00
5340	Møtegodtgjørelse andre fylkestillitv	10 200,00	15000	43 400,00
5400	Arbeidsgiveravgift	30 561,26	32000	46 636,22
5401	Arbeidsgiveravgift Matmangfold			49 375,82
5501	Lønn Matmangfold			375 991,42
5502	Lønn Netcoop			54 900,00
5990	Velferdsmilder	-3 267,00		0,00
<b>Lønnskostnad</b>		<b>244 998,25</b>	<b>0</b>	<b>764 653,46</b>
<b>Driftskostn. og av- og nedskrivninger</b>				
6705	Regnskapshonorar	65 016,00	70000	
6800	Kontorrekvisita	3 444,90	3000	2 401,76
6801	Driftskostnader Matmangfold			278 240,38
6802	Driftskostnader Netcoop			91 694,05
6822	Utadrettet info	10 572,21	25000	31 248,17
6840	Aviser, tidsskrifter, bøker o l	2 061,75	2000	1 410,00
6860	Møte,kurs, andre arr.kostnader	2 061,75	85000	56 773,90
6861	Andre møteknstnader inkl styremøter	30 061,79	30000	59 906,53
6891	Annen driftskostnader	1 622,00		
6904	Mobiltelefon Matmangfold			5 888,83
6940	Porto	-9 516,71		-11 089,67
<b>Driftskostn. og av- og nedskrivninger</b>		<b>186 273,05</b>	<b>0</b>	<b>516 473,95</b>
<b>Annen driftskostnad</b>				
7100	Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig	39 225,00	40000	45 854,80
7101	Bilgodtgjørelse, Matmangfold			29 358,00
7103	Bilgodtgjørelse, Nettcoop			9 465,00
7140	Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	9 119,00	10000	37 363,10
7141	Reisekostnad Styret	38 429,00	40000	18 855,00
7142	Årsmøte	132 224,60	135000	20 093,30
7143	Leiarmøte	127 888,60	130000	346 570,40
7144	Reisekostnad Matmangfold			18 183,00
7145	Reisekostnad Netcoop			18 450,25

7150	Diett u/overnatting	1	460,00		1 950,00
7151	Diett u/overnatting Matmangfold				660,00
7152	Diett m/overnatting		1 554,00		420,00
7153	Diett m/overnatting Matmangfold				3 775,00
7231	Tilskot		2 250,00	2000	10 000,00
7240	Fagtur/kurs Matmangfold				5 166,00
7400	Kontingent, fradragsberettiget				24 200,00
7410	Kontingenter andre				500,00
7430	Gaver		850,00	3000	826,50
7770	Bankgebyr		1 458,00		2 066,49
7790	Annen kostnad, fradragberettiget		-4 394,00		-2 268,47
<b>Annen driftskostnad</b>			<b>349 064,20</b>	<b>827000</b>	<b>591 488,37</b>
8050	Renteinntekter		-18 650,91	<b>-15000</b>	-26 063,50
8051	Renteinntekt bankinnskudd				-1 975,00
8150	Annen rentekostnad				65,00
8155	Rentekostnad leverandørgjeld		7,07		100,00
<b>Årsresultat</b>			<b>-113 220,15</b>	<b>85000</b>	<b>68 430,28</b>

## Balanse

	Regnskap i år	Regnskap i fjor	Budsj-10	Regnskap i år	Regnskap i fjor
<b>EIENDELER</b>					
1500	Kundefordringer	0,00	12 152,93	0,00	12 152,93
1570	Andre kortsiktige fordringer	3 172,55	-3 500,00	3 172,55	-3 500,00
1920	Sp Møre 3980.07.11308 Driftskonto	215 693,90	180 927,63	215 693,90	180 927,63
1921	Sp Møre 3910.11.66779 Særvilkår	729 393,85	711 719,85	729 393,85	711 719,85
1922	Nordmøre og Romsdal Felleskjøp		0,00		0,00
1950	Skattetrekk 3980.07.21680	89 993,00	162 967,00	89 993,00	162 967,00
<b>Eiendeler</b>		<b>1 038 253,30</b>	<b>1 064 267,41</b>	<b>0</b>	<b>1 038 253,30</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>					
2050	Annen egenkapital	-763 409,11	-763 409,11	-876629	-763 409,11
2400	Leverandørgjeld	243,52	-4 102,39	243,52	-4 102,39
2600	Forskuddstrekk	-80 426,00	-132 842,00	-80 426,00	-132 842,00
2670	Pensjonstrekk	0,00	-3 375,00	0,00	-3 375,00
2770	Skyldig/betalt arbeidsgiveravgift	-37 076,80	1 170,13	-37 076,80	1 170,13
2771	Skyldig arbeidsgiveravgift	0,00	-42 997,25	0,00	-42 997,25
2780	Påløpt arbeidsgiveravgift	0,00	-4 314,92	0,00	-4 314,92
2930	Skyldig lønn	0,00	-31 600,88	0,00	-31 600,88
2940	Skyldige feriepenger	0,00	-30 602,23	0,00	-30 602,23
2990	Annen kortsiktig gjeld	0,00	-7 829,00	0,00	-7 829,00
2994	Velf.midler	-44 364,76	-44 364,76	-44 364,76	-44 364,76
<b>Egenkapital og gjeld</b>		<b>-925 033,15</b>	<b>-1 064 267,41</b>	<b>0</b>	<b>-925 033,15</b>
Beregnet resultat		-113 220,15	0,00	85000	-113 220,15
<b>Sum beregnet egenkapital og gjeld</b>		<b>-1 038 253,30</b>	<b>-1 064 267,41</b>	<b>0</b>	<b>-1 038 253,30</b>

### Revisors melding for året 2009

Regnskapet er revidert og funnet i orden. Beholdningen i bank stemmer med utskriftene fra banken. Det er kontrollert at alle bilaga forefinnes i regnskapet og at dagboken stemmer. Skattetrekk og arbeidsgiveravgift er betalt og lønns- og trekkoppgaver er innsendt på oppgavepliktige ytelser. Det er avsatt tilstrekkelig på skattetrekkkonto til å dekke skyldig skattetrekk pr 31.12.09.

Vi tilrår at regnskapet for Møre og Romsdal Bondelag for året 2009 med årsoverskudd kr 113.220 blir godkjent.

**Molde 18. februar 2010 Jon B. Nedal (s) Hallvard Hals (s)**

### Styrets framlegg til vedtak i årsmøtet - rekneskap 2009:

Rekneskapet for Møre og Romsdal Bondelag for 2009 er godkjend. Rekneskapet er gjort opp med eit overskot på kr 113.220. Eigenkapitalen 1.1.2009 var kr 763.409. Ny eigenkapital pr 1.1.2010 er med det kr 876.629.

### Styrets framlegg til vedtak i årsmøtet om budsjett 2010:

Budsjett for Møre og Romsdal Bondelag 2010 godkjend. Budsjettet er gjort opp med eit underskot på kr 85.000. Styret meiner fylkeslaget sin økonomi likevel er så god at det er grunnlag for å redusere eigenkapitalen. Budsjettet tek ikkje omsyn til ekstra aktivitetar som også fordrar ekstra inntekter.





## 8. Bondelagskontoret 2009

Møre og Romsdal Bondelag leiger kontorlokaler i 3. etasje på Nordmøre og Romsdal Felleskjøp sitt anlegg i Fanestrandsveien 63 i Molde. Tilsette ved kontoret i 2009 var:

### **Gunnar K. Wentzel Organisasjonssjef 100 % stilling**

Leiar av kontoret, personal, styreansvarlig. Lokallags- og medlemskontakt. Næringspolitikk. Internasjonale saker. NTEU. Samfunnkontakt. Næringsutvikling. Naturforvaltning. Juridiske saker. Forsikring.

### **Arild Erlien Organisasjonskonsulent 100 % stilling**

Stedfortreder for organisasjonssjef. Lokallags- og medlemskontakt. Styresekretær. Matfestivalen. Møter. Kurs. Informasjon, Media.

### **Atle Frantzen Organisasjonskonsulent 50 % stilling**

Kontorfunksjonar. Lokallags- og medlemskontakt. Kurs. HMS. Grunneigar- og utmarkssaker. Økologisk. Den grønne skolen. Open gard. BSF. Bygdeungdomslaget.

### **Anne Turid Myrbostad Sekretær 50 % stilling**

Felles kontorfunksjonar. Rekneskap. Medlemsregisteret. Kvinnesaker. Rekneskapskontora. Sekretær Bygdekvinnelaget

Til kontoret er det knytta sekretariatsoppgåver for M&R Bondelag, M&R Bygdekvinnelag, M&R Bygdeungdomslag og Bygdefolkets Studieforbund, utfører fellesoppgåver for samvirkeorganisasjonane i Møre og Romsdal og har samarbeid med Nei til EU og Gjensidige.

## MØTE- OG REISEDAGAR FOR FYLKESLAGET I 2009

Arne Magnus Aasen	70 dagar
Inge Martin Karlsvik	38 dagar
Birgit Oline Kjerstad	26 dagar
Anne Katrine Jensen	43 dagar (Inkl Innovasjon Norge)
Per Kristian Gjerde	21 dagar
Hans Frafjord	21 dagar
Gunnar Wentzel	84 dagar (52 reised/32 møted)
Arild Erlien	27 dagar
Atle Frantzen	17 dagar
Anne Turid Myrbostad	16 dagar

*Styret og sekretariatet vil takke tillitsvalde og lokallag for innsatsen og godt samarbeid!*

*Arne Magnus Aasen (fylkesleiar)  
Inge Martin Karlsvik (nestleiar)  
Birgit Oline Kjerstad (styremedlem)  
Per Kristian Gjerde (styremedlem)  
Anne Katrine Jensen (styremedlem)  
Hans Frafjord (1. vara)*

*Anne Turid Myrbostad (sekretær)  
Atle Frantzen (organisasjonskonsulent)  
Arild Erlien (organisasjonskonsulent)  
Gunnar K. Wentzel (organisasjonssjef)*



*Tilsette i M&R Bondelag 2009: Frå venstre: org.-sjef Gunnar Wentzel, org.-konsulent Arild Erlien, sekretær Anne Turid Myrbostad og org.-konsulent Atle Frantzen.*





Samling for unge nye bønder i Molde 7. og 8. februar 2009. Foran t.v. fylkesleiar Arne Magnus Aasen. Til høgre Bondelagets samarbeidsadvokat Ole Houlder Rødstøl og advokatfullmektig Marit Moe Rasmussen i Advokatfirmaet Øverbø Standal & Co (Foto: Gunnar Wentzel).



Primærnæringskonferanse i Ålesund 28.-29. aug. Foran f.v: fylkesleiar Arne Magnus Aasen, Fiskarlagets fylkesleiar Lars Hopmark, generalsekretær Fiskarlaget, Jan Skjervø, stortingsrepr. Bjørn Jakobsen (SV), generalsekretær Bondelaget, Per Skorge. Bak f.v: statssekretær Vidar Ulriksen, stortingsrepr. Leif Helge Kongshaug (V), leiar Ålesund Nei til EU, Svein Vinje, EU-ambassaderåd Martin Skylv (Foto: Gunnar Wentzel).



Plasser pengene  
i veksthus

3,20%

rente fra første krone på vekstkonto.  
Vekstkonto er en sparekonto forbeholdt medlemmer av Norges Bondelag.

Lokal- og fylkeslag får også de samme betingelsene ved å opprette vekstkonto.

Vekstkonto åpner du på  
[www.landkredittbank.no/nb](http://www.landkredittbank.no/nb) eller 815 52 250.



NORGES BONDELAG



Landkreditt Bank